



DET KONGELEGE
ARBEIDS- OG INKLUDERINGSDEPARTEMENT

Prop. 5 L

(2024–2025)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringer i folketrygdlova og enkelte
andre lover (oppfølging av forslag
i statsbudsjettet 2025 m.m.)

Innhald

| | | | | | |
|----------|---|----|----------|--|----|
| 1 | Hovudinnhaldet i proposisjonen | 5 | 7.2 | Gjeldande rett | 23 |
| | | | 7.3 | Høyring | 23 |
| | | | 7.4 | Vurderingar og forslag | 24 |
| 2 | Endringar i reglane om samordning mellom dagpengar og offentleg tenestepensjon – folketrygdlova § 4-26 | 7 | 7.5 | Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar | 24 |
| 2.1 | Innleiing og bakgrunn | 7 | 8 | Presiseringar knytt til innføringa av nye reglar om offentleg AFP for dei som er fødde i 1963 eller seinare | 25 |
| 2.2 | Gjeldande rett | 7 | 8.1 | Innleiing og bakgrunn | 25 |
| 2.3 | Vurderingar og forslag | 7 | 8.2 | Høyringsforslaget | 25 |
| 2.4 | Forholdet til internasjonale plikter | 9 | 8.3 | Vurdering og forslag | 27 |
| 2.5 | Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar | 10 | 8.3.1 | Fordeling av kostnader for ny AFP | 27 |
| | | | 8.3.2 | Presisering av omfang | 28 |
| 3 | Skjermingstillegg til tidlegare mottakarar av uføretrygd | 11 | 8.3.3 | Innhenting av opplysningar frå Skatteetaten | 28 |
| | | | 8.4 | Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar | 33 |
| 4 | Overgangsordning ved oppheving av minstegrensa for rett til medlemskap i lovfesta offentleg tenestepensjonsordning | 13 | 9 | Forslag som inneber tydeliggjering, lovfesting av praksis, språklege justeringar m.m. | 34 |
| 5 | Ny heimel til å gi forskrift om ytingar under deltaking i forsøk med arbeidsmarknadstiltak – arbeidsmarknadslova § 13 ... | 15 | 9.1 | Oppheving av innhaldslistene i folketrygdlova | 34 |
| | | | 9.1.1 | Innleiing og bakgrunn | 34 |
| | | | 9.1.2 | Høyring | 34 |
| | | | 9.1.3 | Vurderingar og forslag | 34 |
| 6 | Heimel til å gi forskrift om delt pensjonsgrunnlag i lov om Statens pensjonskasse og lov om pensjonsordning for apotekvirksomhet mv. | 17 | 9.2 | Oppheving av føresegner om ektefelle tillegg og barn tillegg til alderspensjon – folketrygdlova kapittel 3, 12 og 19 m.m. | 35 |
| 6.1 | Innleiing og bakgrunn | 17 | 9.3 | Endringar i regelverket for dagpengar under arbeidsløyse – folketrygdlova kapittel 4 | 36 |
| 6.2 | Gjeldande rett | 17 | 9.3.1 | Tydeleggjering av plikta til å registrere seg som arbeidssøkar – folketrygdlova § 4-5 | 36 |
| 6.2.1 | Innleiing | 17 | 9.3.2 | Tydeleggjering av heimelen for å stanse dagpengar når vilkåra ikkje er til stades – folketrygdlova § 4-21 | 36 |
| 6.2.2 | I kva tilfelle eit delt pensjonsgrunnlag skal bereknast | 17 | 9.3.3 | Språklege justeringar – folketrygdlova §§ 4-9, 4-10, 4-15, 4-16, 4-20 og 8-49 | 37 |
| 6.2.3 | Berekninga av delt pensjonsgrunnlag | 18 | 9.3.4 | Tydeleggjering av aldersgrensa for rett til dagpengar – folketrygdlova § 4-23 | 37 |
| 6.3 | Høyring | 19 | 9.3.5 | Høyring | 38 |
| 6.4 | Vurderingar og forslag | 21 | 9.3.6 | Vurderingar og forslag | 38 |
| 6.5 | Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar | 22 | | | |
| 7 | Pensjonsopptening for oppdragstakarar i beredskapsheim og spesialisert fosterheim med avtale med Oslo kommune | 23 | | | |
| 7.1 | Innleiing og bakgrunn | 23 | | | |

| | | | | | |
|-------|---|----|-----------|---|-----------|
| 9.4 | Endringar i regelverket for arbeidsavklaringspengar – folketrygdlova kapittel 11 | 39 | 9.8.2 | Oppdatering av tilvising i § 7 tredje ledd | 41 |
| 9.4.1 | Tydeleggjering av øvre aldersgrense for rett til arbeidsavklaringspengar – folketrygdlova § 11-4 | 39 | 9.8.3 | Nemninga «Kompetanse Norge» blir endra til «Direktoratet for høgere utdanning og kompetanse» i § 29 b første ledd bokstav j | 41 |
| 9.4.2 | Tydeleggjering av føresegna om arbeidsavklaringspengar til ein medlem som ikkje har opparbeidd seg ny rett til sjukepengar – folketrygdlova § 11-13 | 39 | 9.9 | Overgangsstonad frå folketrygda inngår ikkje i inntektsprøvinga av uførepensjon frå offentleg tenestepensjonsordning | 42 |
| 9.4.3 | Oppheving av føresegna om arbeidsavklaringspengar i periodar utan påbyrja aktivitet – folketrygdlova § 11-16 | 39 | 9.10 | Presisering av kven som er omfatta av samordningslova § 24 a og § 24 c | 42 |
| 9.4.4 | Tydeleggjering av føresegna om perioden det kan bli gitt arbeidsavklaringspengar til personar som har søkt om uføretrygd – folketrygdlova § 11-18 | 40 | 9.11 | Utfasa bruttoberekna barnepensjon frå offentleg tenestepensjonsordning – endringar i samordningslova | 43 |
| 9.5 | Retting av tilvisingsfeil i folketrygdlova §§ 13-2 og 13-11 | 40 | 9.12 | Heimel for å fastsette forholdstal i AFP-tilskottslova for arbeidstakarar fødd i 1963 eller seinare | 44 |
| 9.6 | Retting av skrivefeil i folketrygdlova § 20-4 | 40 | 9.13 | Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar | 44 |
| 9.7 | Retting av feil i arbeidsmarknadslova § 22 | 40 | 10 | Merknadar til dei enkelte paragrafane i lovforslaget | 45 |
| 9.8 | Presiseringar og retting av feil i statsborgarlova | 41 | | Forslag til lov om endringar i folketrygdlova og enkelte andre lover (oppfølging av forslag i statsbudsjettet 2025 m.m.) | 52 |
| 9.8.1 | Presisering i § 2 første ledd om Sysselmeisteren si behandling av personopplysningar etter lova | 41 | | | |



DET KONGELEGE
ARBEIDS- OG INKLUDERINGSDEPARTEMENT

Prop. 5 L

(2024–2025)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringer i folketrygdlova og enkelte andre lover (oppfølging av forslag i statsbudsjettet 2025 m.m.)

*Tilråding frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet 1. november 2024,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Arbeids- og inkluderingsdepartementet legg med dette fram forslag til endringar i følgande lover:

- Lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd
- Lov 28. juli 1949 nr. 26 om Statens pensjonskasse
- Lov 26. juni 1953 nr. 11 om pensjonsordning for apotekvirksomhet mv.
- Lov 6. juli 1957 nr. 26 om samordning av pensjons- og trygdeytelser
- Lov 22. juni 1962 nr. 12 om pensjonsordning for sykepleiere
- Lov 10. desember 2004 nr. 76 om arbeidsmarkedstjenester
- Lov 10. juni 2005 nr. 51 om norsk statsborgerskap
- Lov 12. februar 2010 nr. 4 om pensjonsordning for oppdragstaker i statlig beredskapshjem eller spesialisert fosterhjem
- Lov 19. februar 2010 nr. 5 om statstilskott til arbeidstakere som tar ut avtalefestet pensjon i privat sektor
- Lov 25. juni 2010 nr. 28 om avtalefestet pensjon for medlemmer i Statens pensjonskasse
- Lov 24. november 2023 nr. 83 om endringer i lov om Statens pensjonskasse og enkelte andre lover (opphøvelse av minstepensjonen for rett til medlemskap)

Som følge av forslag som er lagde fram i Prop. 1 S (2024–2025) Statsbudsjettet 2025, er det nødvendig med endringar i reglane som inneber at dagpengane ikkje blir reduserte som følge av at mottakaren samtidig får utbetalt tenestepensjon frå ei pensjonsordning som er utforma i samsvar med prinsippa om nøytralt og fleksibelt uttak. Dette er bakgrunnen for forslaget om endringar i folketrygdlova § 4-26 første ledd bokstav a.

Vidare, som følge av forslag i statsbudsjettet for 2025, blir det også foreslått ei utviding av kven som kan få skjermingstillegg i alderspensjonen frå folketrygda etter å ha mottatt uføretrygd ved fylte 67 år, jf. folketrygdlova § 19-9 a. Forslaget inneber å utvide skjermingsordninga til også å omfatte uføre fødd i perioden 1954 til 1962.

I lov 24. november 2023 nr. 83 om endringar i lov om Statens pensjonskasse og enkelte andre

lover blir det foreslått ei overgangsordning ved oppheving av minstegrensa for rett til medlemskap i lovfesta offentleg tenestepensjonsordning.

I arbeidsmarknadslova blir det foreslått ein ny heimel til å gi forskrift om ytingar under deltaking i forsøk med arbeidsmarknadstiltak.

I lov om Statens pensjonskasse og lov om pensjonsordning for apotekvirksomhet mv. blir det foreslått ein heimel til å gi forskrift om delt pensjonsgrunnlag. Delt pensjonsgrunnlag gjeld tilfelle der pensjonsgrunnlaget ikkje berre skal bereknast av sluttlønna, men også av eit tidlegare pensjonsgrunnlag.

Endringa i lov om pensjonsordning for oppdragstaker i statlig beredskapshjem eller spesialisert fosterhjem inneber at oppdragstakarar i Oslo kommune også får pensjonsopptening i pensjonsordninga.

Forslaga til endringar i lov om avtalefestet pensjon for medlemmer i Statens pensjonskasse gjeld presiseringar knytt til innføringa av nye reglar om offentleg AFP for dei som er fødte i 1963 eller seinare.

Det blir også foreslått enkelte rettingar, presiseringar og lovtekniske justeringar som dels gjer reglane tydelegare og dels lovfester gjeldande praksis.

Innhaldslistene i innleiinga til folketrygdlova og til dei enkelte kapitla i folketrygdlova blir oppheva.

Reglane om forsørgingstillegg i folketrygdlova §§ 3-24 til 3-26 blir oppheva fordi det tidlegare er vedtatt at tillegga fell heilt bort frå 1. januar 2025. Som ei følge av opphevinga av reglane om forsørgingstillegg, blir det foreslått lovtekniske justeringar og tilpassingar i folketrygdlova §§ 3-3, 12-15, 19-3, 19-8 og 22-16 og i lov om avtalefestet pensjon for medlemmer i Statens pensjonskasse §§ 3 og 4.

I folketrygdlova kapittel 4 om dagpengar under arbeidsløyse blir det foreslått endringar som inneber klargjeringar, forenklingar og lovfesting av gjeldande praksis.

I folketrygdlova kapittel 11 om arbeidsavklaringspengar blir det foreslått fire mindre endringar som inneber klargjering og forenkling av regelverk til fordel for mottakarane av stønaden.

I folketrygdlova kapittel 13 blir det foreslått endringar i tilvisingar som følge av endringar i andre kapitler i folketrygdlova og i andre lover.

I statsborgarlova foreslår departementet ei presisering i § 2 første ledd for å gjera det tydeleg

at Sysselmeisteren på Svalbard kan behandle personopplysningar til eigne formål, på same måte som andre aktørar som behandlar saker etter statsborgarlova. Det blir vidare foreslått ei oppdatering av pliktsubjektet i lova i § 29 b første ledd bokstav j, og ein inkurie i § 7 tredje ledd blir retta opp.

I dei tre tenestepensjonslovene for Statens pensjonskasse, apotekverksemd og sjukepleiarar blir det presisert at uførepensjon ikkje skal bli inntektsavkorta for overgangsstønad etter folketrygdlova kapittel 15 og 17 A, også når uførepensjonen er ein bruttopensjon, det vil seie i dei tilfella det ikkje er noka uføreyting frå folketrygda saman med tenestepensjonen.

Overskriftene til samordningslova §§ 24 a og 24 c blir endra slik at det tydeleg kjem fram kven som er omfatta av føresegnene. Vidare blir omtala av bruttoberekna barnepensjon frå offentleg tenestepensjonsordning tatt ut av tre føresegner i samordningslova. Det er fordi det ikkje lenger er nokon som får slik pensjon.

Forslaget som gjeld AFP-tilskottslova, gir heimel til Arbeids- og velferdsdirektoratet til å fastsette forholdstal for arbeidstakarar fødte i 1963 eller seinare ut frå prinsippa som kjem fram av folketrygdlova § 19-7.

Lovforslaget gjeld også retting av skrivefeil og av ei feil tilvising i arbeidsmarknadslova.

Etter utgreiingsinstruksjonen punkt 3-3 femte ledd kan ein unnlate å høyre forslag som gjeld statsbudsjettet, då dei kan vere unnatt frå offentlegheit etter offentleglova § 22. Forslaga som følger av framlegget til statsbudsjett, har derfor ikkje vore på høyring. Dei forslaga som ikkje inneber nokon realitetsendringar, har heller ikkje vore på høyring, sidan høyring av desse har blitt rekna som «åpenbart unødvendig», jf. utgreiingsinstruksjonen punkt 3-3 andre ledd tredje kulepunkt.

Forslaget om lovheimel for Statens pensjonskasse til å inngå avtale med andre pensjonsleverandørar om fordeling av kostnader for ny avtalefesta pensjon (AFP) i lov om avtalefestet pensjon for medlemmer i Statens pensjonskasse har heller ikkje vore på høyring. Forslaget blir likevel fremja då det er nødvendig å få på plass ein slik heimel før pensjonsutbetalingane startar frå 2025. Det vil i praksis ikkje vera mogleg å gjennomføre ei høyring av forslaget før dette, og høyring kan derfor unnlatast i samsvar med utgreiingsinstruksjonen punkt 3-3 andre ledd første kulepunkt.

2 Endringer i reglane om samordning mellom dagpensar og offentleg tenestepensjon – folketrygdlova § 4-26

2.1 Innleiing og bakgrunn

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å endre reglane om samordning mellom dagpensar under arbeidsløyse og offentleg tenestepensjon. Alderspensjon og avtalefesta pensjon (AFP) frå dei offentlege tenestepensjonsordningane er no lagt om til pensjonar med fleksibelt og nøytralt uttak for dei som er født i 1963 eller seinare, på same måte som pensjonane frå dei private tenestepensjonsordningane og alderspensjonen frå folketrygda. Omlegginga gjeld likevel ikkje for dei som er omfatta av den lovfesta pensjonsordninga for apotektilsette. Dagpengane blir ikkje reduserte for dei som får utbetalingar frå private tenestepensjonsordningar. Som følge av dette, bør dagpengane ikkje lenger bli reduserte når dagpengemottakarane får pensjon frå offentlege tenestepensjonsordningar som er utforma på same måte.

2.2 Gjeldande rett

Det er eit overordna prinsipp i folketrygdlova at ein ikkje skal ha dekka det same inntekstapet gjennom å få fleire overlappende stønader for den same perioden. Reglane om samordning og val av stønader skal hindre ein slik form for dobbel kompensasjon. Reglar om val av stønad og samordning mellom dagpensar og andre folketrygd- ytingar følger av folketrygdlova §§ 4-24 og 4-25, og reglar om samordning med ytingar utanfor folketrygdlova følger av folketrygdlova § 4-26.

Etter folketrygdlova § 4-26 første ledd bokstav a, får ein dagpengemottakar som samtidig får utbetalt ein offentleg tenestepensjon, redusert dagpengane med eit beløp som svarar til pensjonen. Dagpengane skal likevel ikkje bli redusert meir enn at dagpengane og pensjonen per veke minst svarar til tre prosent av grunnbeløpet i folketrygda (G). Departementet legg til grunn at nemninga «offentleg tenestepensjonsordning» etter folketrygdlova § 4-26 første ledd bokstav a, svarar til dei pensjonsordningane som lov 6. juli 1957 nr. 26 om samordning av pensjons- og

trygdeytelser (samordningsloven) er meint å gjelde for, sjå samordningslova § 1 bokstav a.

2.3 Vurderingar og forslag

Tidlegare gjaldt det tilsvarende reglar om samordning mellom dagpensar og ytingar frå private tenestepensjonsordningar. Dette blei oppheva med verknad frå 17. desember 2021, sjå endringslov 17. desember 2021 nr. 146. Bakgrunnen var at ytingane frå dei private ordningane då blei lagt om i tråd med prinsippa i pensjonsreforma om fleksible og nøytrale uttaksreglar, der ytingane blir utbetalte uavhengig av om pensjonsmottakaren har arbeidsinntekt ved sida av eller ikkje. Sjø Prop. 4 L (2021–2022) *Endringer i folketrygdloven og enkelte andre lover (Samleproposisjon høsten 2022)*, punkt 4. Som det går fram av punkt 4.4 i proposisjonen, var grunnen til at reglane om samordning med pensjonar frå offentlege tenestepensjonsordningar ikkje samtidig blei oppheva, at dei offentlege pensjonsordningane enno ikkje var lagt om slik som dei private tenestepensjonsordningane og alderspensjonen frå folketrygda.

Fleire av dei offentlege tenestepensjonsordningane er no endra og utforma i tråd med prinsippa om nøytralt og fleksibelt uttak.

Når både privat og offentleg tenestepensjon er utforma etter dei same prinsippa, kan det verke urimeleg at dagpengane blir reduserte når ein samtidig mottek pensjon frå ein offentleg tenestepensjonsordning, mens dei ikkje blir reduserte ved samtidig mottak av privat tenestepensjon. Omsynet til likebehandling tilseier at dagpengane heller ikkje bør bli samordna med offentleg tenestepensjon. Ei innvending er at det gamle systemet med ikkje-nøytrale uttaksreglar er vidareført til og med 1962-kullet. Det same gjeld for alle som er medlemmar av Pensjonsordning for apotekvirksomhet. Det kan verke urimeleg at offentleg tilsette som blir arbeidslause, i stor grad vil kunne ha rett til to fullverdige ytingar frå det offentlege, som begge skal erstatte den arbeidsinntekta som er falt bort. Det gir ein form for dobbelt kompensasjon.

Vidare er systemet med særalderspensjon vidareført, men med nokre endringar. Det inneber at det også på lengre sikt vil bli utbetalt ikkje-nøytrale ytingar frå offentleg tenestepensjon.

Nedanfor blir nokre av ordningane vurdert nærmare. Det som står i omtalen av dei som er fødte i 1962 eller tidlegare, gjeld også for alle apotektilsette som er omfatta av Pensjonsordning for apotekvirksomhet, også dei som er fødte i 1963 eller seinare.

Alderspensjon

Personar som er fødte i 1962 eller tidlegare, kan få alderspensjon frå offentlege tenestepensjonsordningar tidlegast frå fylte 67 år, det vil seie først frå den alderen då dei ikkje lenger har rett til dagpengar jf. folketrygdlova § 4-23. Unntak gjeld dei som har særalderspensjon, jf. nedanfor. Frå og med 1963-kullet kan alderspensjonen bli tatt ut frå 62 år, men for desse er pensjonen utforma slik at den fritt kan kombinerast med arbeidsinntekt. Frå 2025 kan det derfor oppstå tilfelle der ein samtidig kan få dagpengar og alderspensjon frå ein offentleg tenestepensjonsordning etter liknande regler som for privat tenestepensjon. Utan nokon endring vil reglar om samordning av dagpengar med alderspensjon frå ei offentleg tenestepensjonsordning dermed også få verknad for alderspensjonen frå 2025 for dei som er omfatta av dei nye reglane for offentleg tenestepensjon. Ei slik samordning vil innebere ei urimeleg forskjellsbehandling av tenestepensjon for offentleg og for privat sektor.

Dette taler for å oppheve samordningsreglane mellom dagpengar og ordinær alderspensjon frå offentleg tenestepensjon frå og med 2025, for dei som kan begynne å ta ut tenestepensjon som er utforma etter prinsippa om nøytralt og fleksibelt uttak.

Avtalefesta pensjon (AFP)

For offentleg tilsette som er fødte i 1963 eller seinare, er AFP lagd om til eit nøytralt påslag til annan pensjon, som fritt kan kombinerast med arbeidsinntekt, slik som pensjonsordningane i privat sektor. For desse vil det ikkje vere rimeleg å vidareføre den gjeldande samordningsregelen.

Årskulla fram til og med 1962 kan få AFP etter gamalt regelverk, der AFP bereknast som ein tenestepensjon frå fylte 65 år, og som ein gamal uførepensjon frå folketrygda frå fylte 62 år. Det leggjast til grunn at berre AFP berekna som ein tenestepensjon frå 65 år, kan reknast som «pensjon fra en offentleg tjenestepensjonsordning» etter

folketrygdlova § 4-26 første ledd bokstav a. AFP frå fylte 62 år blir avkorta mot pensjonsgivande inntekt dersom inntekta overstig eit toleransebeløp som i dag utgjer 15 000 kroner for medlemmar av Statens pensjonskasse. I tariffområdet til Kommunenes organisasjon (KS) er toleransebeløpet 0,26 G, og det same toleransebeløpet skal gjelde for medlemmar av Statens pensjonskasse frå 1. januar 2025. Medlemmar av Statens pensjonskasse får AFP avkorta på same måte frå fylte 65 år om dei har ei deltidstilling i offentleg sektor. I kommunal sektor blir AFP berre avkorta frå fylte 65 år mot inntekt i offentleg sektor. Først frå og med 2030, når alle som er fødte før 1963 har passert 67 år, vil det ikkje lenger vere nokon som får gamal AFP i offentleg sektor, med unntak av dei som får AFP frå Pensjonsordning for apotekvirksomhet. Fram til då bør reglane om samordning mellom dagpengar og AFP for årskulla som er fødte til og med 1962, bli vidareført.

Alderspensjon som gis før fylte 67 år (særalderspensjon)

Alderspensjon frå ein offentleg tenestepensjonsordning før 67 år, såkalla særalderspensjon, kan i dag tidlegast bli gitt frå inntil tre år før særaldersgrensene på 60, 63 og 65 år. Det er eit vilkår at ein heilt eller delvis fråtrer stillinga for å få ein slik pensjon, men pensjonen kan i dag fritt kombinerast med arbeidsinntekt frå ei stilling som ikkje gir pliktig medlemskap i ei offentleg tenestepensjonsordning.

25. august 2023 inngjekk departementet og partane i offentleg sektor ei avtale om nye pensjonsreglar til personar med særaldersgrense som er fødte i 1963 eller seinare. For stillingar som i dag har aldersgrense 60 og 63 år, skal det etter avtalen fortsett bli gitt ein tidlempensjon, men det er avtalt å innføre reglar om avkorting av pensjonen mot all pensjonsgivande inntekt over 1 G. Slike avkortingsreglar blir innførte frå og med dei som er fødte i 1970, for stillingar som i dag har 60 års aldersgrense, og frå og med dei som er fødte i 1967, for stillingar som i dag har 63 års aldersgrense. Tidlempensjon blir avvikla frå og med 1965-kullet for dei stillingane som i dag har ei aldersgrense på 65 år. For alle med særaldersgrense blir det innført eit særalderspåslag som gir ein høgare tenestepensjon til dei som fråtrer tidleg. Særalderspåslaget blir avkorta for dei som har pensjonsgivande inntekt over 1 G etter uttaket av påslaget.

Aldersgrensene skal justerast gradvis opp i takt med normert pensjoneringsalder (i dag 67

år), og høvet til å få tidlegpensjon inntil tre år før aldersgrensa skal gradvis bli avvikla.

Dei avtalte pensjonsreglane for personar med særaldersgrense inneber at det for desse gruppene vil vere element i alderspensjonssystemet for offentleg tilsette som fortsett er innretta slik at dei kjem som ei erstatning for arbeidsinntekt, og som ikkje fritt kan kombinerast med arbeidsinntekt. Det gjeld også for dei som er fødte i 1963 eller seinare.

Blant dei med dei lågaste særaldersgrensene er det relativt vanleg å ha inntekt frå ei ikkje-medlemspliktig stilling samtidig som dei får full tidlegpensjon. Av dei med særaldersgrense 60 år i Forsvaret, hadde til dømes 68 prosent (1 166 personar) inntekt frå ei ikkje-medlemspliktig stilling i kombinasjon med full tidlegpensjon før 67 år, ved utgangen av 2022. Det tilsvarende talet var 75 prosent (1 137 personar) blant dei med særaldersgrense 60 år i Politiet. Under 30 prosent av desse hadde ei inntekt på over 3 G. Det er truleg ikkje så mange av desse som seinare blir arbeidslause, men talla for kombinasjon av full tidlegpensjon og inntekt indikerer likevel at omfanget kan bli av ein viss storleik. Det ville vere urimeleg dersom ein som har slutta i ei offentleg stilling og har ein full tenestepensjon på 66 prosent av tidlegare lønn, og som deretter tar seg arbeid i privat sektor, skal kunne få uavkorta dagpengar i tillegg til ein full alderspensjon dersom personen seinare blir arbeidslaus.

Behovet for samordningsregler mellom dagpengar og tidlegpensjon vil på sikt falle bort som følge av at ny tidlegpensjon blir avkorta mot pensjonsgivande inntekt, og dermed også dagpengar. Slike avkortingsregler inneber at ein ikkje vil kunne få full tenestepensjon og fulle dagpengar samtidig. Desse reglane vil gjelde først frå og med 1970-kullet for stillingar som i dag har aldersgrense på 60 år, og frå og med 1967-kullet for stillingar som i dag har aldersgrense på 63.

Fram til då vil det vere prinsipielt uheldig å ikkje samordne dagpengar med særalderspensjon.

Pensjonsordninga for arbeidstakarar til sjøs

Pensjonsordninga for arbeidstakarar til sjøs blei frå 2020 lagd om frå ei tidlegpensjonsordning som erstatta arbeidsinntekt, til ei nøytral påslagsordning, slik som dei private tenestepensjonsordningane. Personar som hadde fylt 50 år og var medlem av ordninga ved inngangen av 2020, blei vidareført i den gamle ordninga. Desse vil kunne få pensjon etter den gamle ordninga fram til fylte 67 år. Den gamle ordninga vil dermed ikkje vere

fullt utfasa før i 2036. Først då kan samordningsreglane bli oppheva for alle.

Ny ordning vil i hovudsak bli fasa inn frå og med 2032. Men dei som blei nye medlemmar i 2020, og som då var fylt 50 år, vil også kunne få pensjon frå den nye ordninga før 2032. Samordningsreglane kan derfor allereie no opphevast for dagpengemottakarar som får pensjon frå den nye ordninga.

Konklusjon

Arbeids- og inkluderingsdepartementet meiner at dagpengane ikkje bør samordnast med tenestepensjon som er utforma etter prinsippa om nøytralt og fleksibelt uttak, og foreslår å endre gjeldande § 4-26 første ledd bokstav a i samsvar med dette. Forslaget inneber at den gjeldande regelen om at dagpengane blir redusert tilsvarende tenestepensjonen, blir vidareført for dei tenestepensjonsordningane som ikkje er utforma etter prinsippa om nøytralt og fleksibelt uttakeffekten.

Sjå forslaget til endringar i folketrygdlova § 4-26 første ledd bokstav a.

2.4 Forholdet til internasjonale plikter

Det følger av folketrygdlova §§ 1-3 flg. at loven skal nyttast i samsvar med prinsippa om rørslefridom og lik behandling slik dei kjem til uttrykk i hovuddelen i EØS-avtalen. Det kjem vidare fram av folketrygdlova § 4-1 a at dagpengereglane i kapittel 4 skal fråvikast så langt det er nødvendig av omsyn til dei relevante reglane i hovuddelen i EØS-avtalen, trygdeforordninga, gjennomføringsforordninga og bi- og multilaterale trygdeavtaler, sjå folketrygdlova §§ 1-3 a og 1-3 b.

Trygdeforordninga stiller ikkje krav om harmonisering av trygdeordningane i medlemsstatane, men koordinerer trygdelovgivninga deira. Det er overlate til dei nasjonale styresmaktene å fastsette kva for trygdeytingar ein kan få, om trygdedekninga skal vere avhengig av arbeid eller busetting, størrelsen på ytingane og kor lenge ein kan få dei. Reguleringa av trygdeytingane må likevel vere i tråd med grunnprinsippa i EØS-retten.

Dei foreslåtte endringane vil gjelde likt for alle som får innvilga dagpengar, utan omsyn til om retten til dagpengar følger av dei nasjonale reglane eller av samanleggingsreglane i EU-trygdeforordninga (883/2004). Endringane samsvarar dermed med likebehandlingsprinsippet slik det kjem til uttrykk i EØS-avtalen artikkel 4 og i trygdeforordninga artikkel 4.

2.5 Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar

Departementet foreslår at endringa tar til å gjelde 1. januar 2025.

Det er relativt få som får dagpengane redusert som følge av at dei samtidig får offentleg tenestepensjon. I januar 2024 gjaldt dette til dømes totalt berre 24 dagpengemottakarar. I tillegg kan nokon ha fått samordna dagpengane til kr 0, og i praksis fått avslag på dagpengesøknaden sin. Budsjett-effekten av å oppheve samordningsregelen mellom

dagpengar og ny offentleg tenestepensjon er berekna til tilnærma null i 2025. Bakgrunnen er at det vil vere svært få personar som vil vere inne på ny tenestepensjonsordning i 2025, fordi det i hovudsak berre gjeld dei som er fødte i 1963 og seinare. I åra som kjem, vil talet på personar i ny tenestepensjonsordning auke gradvis. Først i 2030, når alle i alderen 62-66 år vil vere inne på ny ordning, vil endringa venteleg ha full effekt.

Endringa vil innebere ei administrativ meirbelastning for Arbeids- og velferdsetaten, som må vurdere spørsmålet om samordning manuelt.

3 Skjermingstillegg til tidlegare mottakarar av uføretrygd

Av folketrygdlova § 19-9 a følger det at uføre alderspensjonistar fødd i åra 1944–1953 skal få eit livsvarig tillegg til alderspensjonen som skjermar for delar av verknaden av levealdersjusteringa. Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår at skjermingsordninga blir utvida til også å omfatte uføre fødd i åra 1954–1962. Bakgrunnen for forslaget er pensjonsavtalen av 14. mars 2024 mellom regjeringspartia og partia Høgre, Sosialistisk Venstreparti, Venstre, Kristeleg Folkeparti og Miljøpartiet Dei Grøne. Avtalepartane er samde om at uføre alderspensjonistar i dei aktuelle årskulla skal få eit tillegg i alderspensjon opptent etter gammal oppteningsmodell med same sats som årskullet 1953.

Personar som får uføretrygd, tener opp pensjonsrettar på grunnlag av ei antatt inntekt. Denne blir fastsett på same måte som berekningsgrunnlaget for uføretrygda. For personar fødd til og med 1953 gjeld oppteningsreglane i gammal alderspensjon, der uføre får godskrive pensjonsopptening til og med kalenderåret ein fyller 66 år. Frå og med 1954-kullet blir gamle oppteningsreglar fasa ut. 1954-kullet får ni tidelar av samla pensjon berekna med gamle oppteningsreglar, og ein tidel frå nye oppteningsreglar. Nye oppteningsreglar gjeld fullt ut frå og med 1963-kullet. Med nye oppteningsreglar gir uføretrygd pensjonsopptening med utgangspunkt i berekningsgrunnlaget for uføretrygda, men berre til og med kalenderåret ein fyller 61 år. Personar som får uføretrygd har overgang til alderspensjon ved fylte 67 år.

Av folketrygdlova § 19-9 a følger det at personar fødd i åra 1944–1953 som får uføretrygd ved fylte 67 år, skal få eit livsvarig tillegg til alderspensjonen som skjermar for 0,25 prosentpoeng av verknaden av levealdersjustering etter folketrygdlova § 19-6. Ved gradert uføretrygd blir tillegget redusert forholdsmessig.

I forskrift 22. desember 2009 nr. 1810 om alderspensjon i folketrygden er det fastsett nærare føresegner om fastsetting av skjermingstillegget. Det følger av forskrifta at fullt skjermingstillegg kjem fram ved at pensjonen ved 67 år (basispensjonen etter § 19-5 og eventuelt basispensjonstillegg etter § 19-9) blir multiplisert med

ein prosentsats og så dividert med forholdstalet til vedkommande ved 67 år. Av forskrifta kjem det fram at prosentsatsen for berekning av skjermingstillegget er 0,25 for 1944-kullet, 0,50 for 1945-kullet, 0,75 for 1946-kullet, 1,00 for 1947-kullet, 1,25 for 1948-kullet, 1,51 for 1949-kullet, 1,76 for 1950-kullet, 2,01 for 1951-kullet, 2,27 for 1952-kullet og 2,52 for 1953-kullet. For dei årskulla som er omfatta, inneber skjerminga at verknaden av levealdersjustering om lag blir halvert.

Størrelsen på skjermingstillegget vil variera med størrelsen på pensjonen og med årskull. Tillegget vil vere høgare for yngre enn for eldre årskull. I 2023 var gjennomsnittleg, årleg skjermingstillegg per mottakar, alle årskull sett under eitt, om lag 3800 kroner. For årskullet 1953 var gjennomsnittleg, årleg skjermingstillegg om lag 6900 kroner.

Regjeringa la fram Meld. St. 6 (2023–2024) *Et forbedret pensjonssystem med en styrket sosial profil* 15. desember 2023. I meldinga foreslår regjeringa ei rekke tiltak for å styrke den sosiale berekrafta til pensjonssystemet. Tre sentrale forslag er

- ein gradvis auke av aldersgrensene i pensjonssystemet og tilgrensande ordningar (helserelevante ytingar, dagpengar mv.) for personar fødte i 1964 og seinare, i takt med auken i forventade levealder
- lønnsregulering av minstesatsane i alderspensjon, kombinert med at løpande pensjonar blir regulerte med eit gjennomsnitt av lønns- og prisauke
- auka pensjon til uføre i yngre årskull gjennom auka alder for opptening og overgang til alderspensjon for personar som får uføretrygd

Arbeids- og sosialkomiteen leverte si innstilling Innst. 233 S (2023–2024) 14. mars 2024. Med innstillinga følgde ein avtale mellom regjeringspartia og partia Høgre, Sosialistisk Venstreparti, Venstre, Kristeleg Folkeparti og Miljøpartiet Dei Grøne. Avtalepartane stiller seg bak forslaga til regjeringa om ein gradvis auke av aldersgrensene, ei betre regulering av minsteytingane i pensjonssystemet samt styrking av alderspensjon til uføre. Avtalen seier vidare at skjermingstillegget i alderspensjon til tidlegare mottakarar av uføre-

trygd skal utvidast til også å omfatte årskulla 1954–1962. Uføre alderspensjonistar i dei aktuelle årskulla skal få eit tillegg i alderspensjon opptent etter gammal oppteningsmodell med same sats som årskullet 1953.

I samband med pensjonsavtalen gjorde Arbeids- og velferdsdirektoratet ei vurdering av den samla gjennomføringsevna til etaten for endringar i pensjonsregelverket og tilgrensande ordningar, under dette iverksetjingstidspunkt for ei utviding av skjermingstillegg til nye årskull. Direktoratet vurderte at skjermingstillegg til uføre føddt i åra 1954–1962 kan setjast i verk frå 2025, med første utbetaling tidlegast i april 2025. Departementet legg til grunn at avtalepartane er samde om at skjermingstillegget for årskulla 1954–1962 skal på plass i løpet av 2025, med etterbetaling frå 1. januar 2025.

Departementet foreslår på denne bakgrunnen at gjeldande skjermingsordning blir utvida til også å omfatta uføre fødd i åra 1954–1962. Departementet foreslår at prosentsatsen for desse årskulla blir sett lik prosentsatsen til 1953-kullet, som medfører at uføre fødd i åra 1954–1962 får eit skjermingstillegg lik 2,52 prosent i den delen av alderspensjonen som blir berekna etter folketrygdlova kapittel 19.

I samsvar med forskrift om alderspensjon i folketrygden § 4-7 er grunnlaget for berekninga av skjermingstillegg, basispensjon og eventuelt basispensjonstillegg ved 67 år.

Det vil vere krevjande for Arbeids- og velferds-etaten å implementere dei nye reglane om skjermingstillegg for personar som allereie har fylt 67 år på innføringstidspunktet 1. januar 2025. Dette gjeld personar fødd i 1954 og fram til og med november 1957. Arbeids- og velferdsdirektoratet meiner det er nødvendig å gi overgangsreglar som gjer at basispensjon og eventuelt basispensjonstillegg på iverksetjingstidspunktet blir nytta som berekningsgrunnlag for denne

gruppa. Dette svarer til løysinga som blei nytta då skjermingstillegget opphavleg blei innført frå februar 2012 for personar fødd i 1944, sjå § 4-7 i forskrift om alderspensjon i folketrygda. Samanlikna med hovudregelen vil overgangsreglane innebere marginale endringar i pensjonsnivå for den enkelte, og berre i dei tilfelle kor basispensjonen er endra som følge av økt opptening eller endra sivilstand etter fylte 67 år. Departementet tek sikte på å gjennomføre ei forskriftsendring som følger opp Arbeids- og velferdsdirektoratets forslag i forskrift om alderspensjon i folketrygda.

Sjå forslaget til endring av folketrygdlova § 19-9 a.

Departementet foreslår at endringane tar til å gjelde 1. januar 2025.

Uføre fødd i 1953 får i gjennomsnitt 6900 kroner per år i skjermingstillegg. Som følge av forslaget vil gjennomsnittleg årleg skjermingstillegg bli redusert i takt med utfasinga av gamle oppteningsreglar. Reduksjonen i årleg skjermingstillegg utgjer om lag 10 prosent per årskull for årskulla 1954–1962, samanlikna med 1953-kullet. Gjennomsnittleg årleg skjermingstillegg er dermed anslått til om lag 6200 kroner for årskullet 1954, 5500 kroner for årskullet 1955 osv.

Samla effekt på statsbudsjettet i 2025 er anslått til 393 mill. kroner, medan dei administrative kostnadene av forslaget er anslått til 3 mill. kroner i 2025. Meirutgiftene vil auka i åra etter innføring, og vil nå ein topp på om lag 517 mill. kroner i år 2029. Sidan forslaget berre får effekt på den delen av alderspensjonen som blir berekna etter gamle oppteningsreglar, vil meirutgiftene falla på lengre sikt. Meirutgiftene er anslått til 513 mill. kroner i 2030, 379 mill. kroner i 2040 og 160 mill. kroner i 2050. Meirutgiftene vil vere nær null rundt år 2060, når det er få attlevande mottakarar av alderspensjon berekna med gamle oppteningsreglar.

4 Overgangsordning ved oppheving av minstegrensa for rett til medlemskap i lovfesta offentleg tenestepensjonsordning

Regjeringa la 26. mai 2023 fram ein lovproposisjon om å oppheve minstegrensa på 20 prosent stilling for rett til medlemskap i dei lovfesta offentlege tenestepensjonsordningane i lov 28. juli 1949 nr. 26 om Statens pensjonskasse, lov 26. juni 1953 nr. 11 om pensjonsordning for apotekvirksomhet mv. og lov 22. juni 1962 nr. 12 om pensjonsordning for sykepleiere. Oppheving av minstegrensa inneber at medlemmane av desse ordningane vil få pensjonsopptening også for små stillingar.

Stortinget har vedtatt lovendringa, jf. lov 24. november 2023 nr. 83 om endringer i lov om Statens pensjonskasse og enkelte andre lover (opphevelse av minstegrensen for rett til medlemskap), men ikraftsetjing er utsett. Lova blei vedteken med bakgrunn i Prop. 120 L (2022–2023), Innst. 37 L (2023–2024) og Lovvedtak 1 (2023–2024). I samband med stortingsbehandlinga blei regjeringa beden om å legge til rette for at pensjonerte sjukepleiarar har gode insentiv for å arbeide i mindre stillingar i det offentlege, samt å vurdere unntak for innmelding i pensjonsordninga for sjukepleiarar. Stortinget meinte dette burde skje i samråd med partane i arbeidslivet, og at regjeringa skulle kome tilbake til Stortinget før lovendringa trer i kraft.

Lov om pensjonsordning for sykepleiere omfattar offentleg godkjende sjukepleiarar som er tilsette i privat, fylkeskommunal eller statleg verksemd omfatta av spesialisthelsetenestelova og helseføretakslova, jf. § 1 første ledd. Etter § 3 første ledd bokstav a er sjukepleiarar som har ei arbeidstid på mindre enn 20 prosent av full stilling ikkje medlem av ordninga.

Lov om pensjonsordning for apotekvirksomhet mv. omfattar apotekarar og arbeidstakarar ved apotek med ei arbeidstid som utgjør 20 prosent eller meir av full stilling, jf. § 1 første ledd. I tillegg er enkelte andre stillingsgrupper særskilt innlemma i pensjonsordninga, jf. § 1 tredje ledd.

Arbeidstakarar som får pensjon frå Statens pensjonskasse er medlemmer av ordninga også når arbeidstida er mindre enn 20 prosent av full stilling. Dette til forskjell frå sjukepleiarordninga og pensjonsordninga for apotektilsette der pensjo-

nistar som har ei arbeidstid mindre enn 20 prosent av full stilling er unntatt frå medlemskap.

Stortinget har vedtatt at det ikkje lenger skal vere ei minstegrense på 20 prosent stilling, men ønsker at regjeringa før endringa trer i kraft legg til rette for at pensjonerte sjukepleiarar har gode insentiv til å arbeide i mindre stillingar i det offentlege, under dette å vurdere unntak for innmelding i pensjonsordninga for sjukepleiarar. Sidan gjeldande regelverk i lova om pensjonsordning for apotektilsette er likt det som gjeld etter sjukepleiarpensjonslova, meiner departementet at ei endring bør gjelde begge dei to lovene.

Departementet har saman med partane blitt samde om ei overgangsordning for årskulla født før 1965 der det gis unntak for innmelding i sjukepleiarpensjonsordninga for pensjonistar som har ei stilling lågare enn 20 prosent. Gjennom denne overgangsordninga blir det gitt tilstrekkeleg tid til å kunne tilpasse seg dei nye reglane for innmelding. Også pensjonsordninga for apotektilsette har ei føresegn om unntak frå innmelding ved stilling lågare enn 20 prosent, og departementet foreslår same overgangsordning her. Det inneber at dei som blir omfatta av overgangsordninga kan arbeide ved sida av pensjonen utan at pensjonen blir avkorta.

Om Stortinget sluttar seg til løysinga som er beskrevet ovanfor, vil departementet foreslå at regelverket tar til å gjelde 1. januar 2025, som planlagt.

Forslaget til overgangsordning inneber at dei aktuelle årskulla kan få pensjon i kombinasjon med stillingsbrøk under 20 prosent utan å få pensjonen avkorta. Det vil derfor ikkje bli ei endring i reglane for avkorting for dei årskulla som blir omfatta, både for dei som i dag kombinerer pensjon med liten stillingsbrøk, og for dei som vurderer å ta arbeid i liten stilling ved sidan av pensjonen. Slik gir overgangsordninga ei gradvis innfasing av nytt regelverk. Løysinga inneber ein form for aldersdiskriminering ved at dei som saka gjeld ikkje får medlemskap i ordninga når samla stillingsandel er mindre enn 20 prosent av full stilling. Departementet legg likevel til grunn at

forskjellsbehandlinga er sakleg då dei aktuelle mottek alderspensjonen uavkorta.

Sjå forslaget til endringar i lov om endringer i lov om Statens pensjonskasse og enkelte andre lover (opphevelse av minstegrensen for rett til medlemskap) del II om endringar i lov om pensjonsordning for apotekvirksomhet mv. og del III om endringar i lov om pensjonsordning for sykepleiere.

Departementet foreslår at endringane tar til å gjelda straks. Endringane skjer i endringslova i saka, og endringslova kan gjelde frå 1. januar 2025 etter avgjerd av Kongen. Endringane vil ikkje få nokon økonomiske konsekvensar samanlikna med gjeldande regelverk.

For sjukepleiarordninga var det ifølge tal frå KS og Spekter ved utgangen av 2021 om lag 700 personar over 62 år som arbeidde i stillingsbrøk

under 20 prosent. Dette svarte til rundt 100 årsverk. Det er ikkje tilgjengeleg statistikk for kor mange av desse som samtidig tok ut pensjon. I pensjonsordninga for apotektilsette var det ifølge tal frå Statens pensjonskasse berre 23 personar over 60 år som i 2020 hadde ei samla stilling under minstegrensa. Det er ikkje kjent kor mange av desse som samtidig fekk pensjon.

Det er vanskeleg å anslå dei økonomiske kostnadene ved overgangsordninga for arbeidsgivarane som finansierer ordningane. Kostnadene består i at pensjonistar fødd før 1965 får både lønn og uavkorta pensjon. Samtidig får dei ikkje medlemskap i pensjonsordninga for stillingsdelen. Dei administrative konsekvensane inneber at pensjonsleverandørane må handtera situasjonen som eit unntak frå dei normale reglane.

5 Ny heimel til å gi forskrift om ytingar under deltaking i forsøk med arbeidsmarknadstiltak – arbeidsmarknadslova § 13

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å innføre ein ny forskriftsheimel i arbeidsmarknadslova § 13 nytt fjerde ledd. Forslaget vil gi departementet eit generelt høve til å gi forskrift om ytingar under deltaking i forsøk med arbeidsmarknadstiltak. I dag har departementet berre heimel til å gi forskrift om tiltakspengar som livsopphaldsyting til deltakarar i arbeidsmarknadstiltak, men ikkje andre livsopphaldsytingar. Forslaget følger opp regjeringa sitt forslag i Prop. 1 S (2024–2025) om å etablere eit forsøk med eit arbeidsretta ungdomsprogram med ei ny ungdomsyting.

Arbeidsmarknadslova § 13 regulerer ytingar under gjennomføring av arbeidsmarknadstiltak. Det følger av arbeidsmarknadslova § 13 første ledd første punktum at deltakarar i arbeidsmarknadstiltak kan få tiltakspengar dersom dei ikkje får lønn frå tiltaksarrangør eller har rett til å få utgifter til livsopphaldet sitt dekkja på annan måte. Nærmare reglar om kven som kan få tiltakspengar er regulert i forskrift 4. november 2013 nr. 1286 om tiltakspenger mv. (tiltakspengeforskrifta).

Av arbeidsmarknadslova § 13 første ledd andre punktum går det fram at departementet kan gi forskrift om vilkåra for og størrelsen på tiltakspengane. Departementet kan vidare gi forskrift om kva for arbeidsmarknadstiltak som gir rett til tiltakspengar. Departementet kan også gi forskrift om stønad til reiseutgifter til mellom anna deltakarar i arbeidsmarknadstiltak som får tiltakspengar.

Regjeringa foreslår å etablere eit forsøk med eit arbeidsretta ungdomsprogram med ei ny ungdomsyting, der inngangsvilkåra for ytinga ikkje skal vere knytt til helsetilstanden til dei som deltar. Programmet skal gi tett oppfølging og stille høge krav til arbeidsretta aktivitet, f.eks. gjennom deltaking i arbeidsmarknadstiltak eller annan arbeidsretta aktivitet. Målet er å auke overgangen til jobb og utdanning, og å førebygge og avgrense tilstrøyminga til dei helserelevante ytingane. Regjeringa tar sikte på å sette i gang arbeidet med forsøket i 2025.

Etter arbeidsmarknadslova § 12 siste ledd kan departementet gi forskrift om forsøk med arbeids-

marknadstiltak. Departementet kan følgeleg gi reglar om forsøk med eit slikt ungdomsprogram, men per i dag gir arbeidsmarknadslova § 13 ikkje heimel til å gi forskrift om andre typar livsopphaldsytingar enn tiltakspengar. For at deltakarar i forsøket skal kunne få andre ytingar enn tiltakspengar, trengst ein eigen forskriftsheimel i arbeidsmarknadslova § 13.

Fram til 1. januar 2016 var § 13 første ledd første punktum generelt utforma, og ga departementet heimel til å gi forskrift om vilkår for og størrelsen på «ytelser til tiltaksdeltakere og andre arbeidssøkere». Etter ordlyden var forskriftsheimelen då ikkje avgrensa til tiltakspengar.

Føresegna blei endra frå 1. januar 2016, jf. Prop. 115 L (2014–2015) *Endringer i folketrygdloven mv. (stønader til enslig mor eller far og tilleggsstønader til tiltaksdeltakere)*, slik at første ledd no berre gir departementet heimel til å gi forskrifter om tiltakspengar. I proposisjonen punkt 11.4 kjem det fram at ein ønskte å lovfeste målgruppa for og vilkåra for rett til tiltakspengar i arbeidsmarknadslova. Tiltakspengar var på dette tidspunktet den aktuelle livsopphaldsytinga for deltakarar i arbeidsmarknadstiltak. Ein konsekvens av lovendringa var at forskriftsheimelen blei avgrensa til å gjelde berre tiltakspengar.

Departementet meiner at ein ved forsøk med arbeidsmarknadstiltak bør ha moglegheit til å kunne gi andre ytingar enn tiltakspengar med heimel i arbeidsmarknadslova, dersom andre ytingar framstår som meir formålstenlege. Dette vil gjere det mogleg for departementet å kunne gi forskrift både om andre livsopphaldsytingar, men også andre ytingar, mellom anna reisestønad. Ein særskilt forskriftsheimel i arbeidsmarknadslova § 13 er vidare ein nødvendig føresetnad for at deltakarane i forsøket med ungdomsprogram skal kunne få ei anna inntektssikring enn tiltakspengar.

Departementet foreslår ein ny heimel til å gi forskrift om ytingar under deltaking i forsøk med arbeidsmarknadstiltak i eit nytt fjerde ledd i § 13.

Sjå forslaget til endring av arbeidsmarknadslova § 13.

Departementet foreslår at endringane tar til å gjelde straks. Endringa har venteleg ikkje økonomiske konsekvensar. Administrative konsekven-

sar vil bli handtert innanfor den gjeldande budsjetttramma.

6 Heimel til å gi forskrift om delt pensjonsgrunnlag i lov om Statens pensjonskasse og lov om pensjonsordning for apotekvirksomhet mv.

6.1 Innleiing og bakgrunn

Offentleg tenestepensjon blir tradisjonelt berekna av lønna (pensjonsgrunnlaget) til medlemmen ved pensjonering (sluttlønnsprinsippet). I enkelte tilfelle blir det tatt omsyn til tidlegare høgare lønn, og det blir då berekna eit delt pensjonsgrunnlag. Den tidlegare lønna gjeld for pensjongivande tenestetid før lønnsnedgangen, og lønna på pensjoneringstidspunktet gjeld for resten av tida som inngår i pensjonsberekninga. Bakgrunnen for reglane er å unngå at nedgang i lønn før tidspunktet for pensjonering får store negative konsekvensar for pensjonsberekninga.

Det har oppstått tvil om når det skal bereknast eit slikt delt pensjonsgrunnlag som følge av ei rettsavgjerd frå Trygderetten i 2021 der langvarig praksis i Statens pensjonskasse blir rekna som feilaktig. Rettsavgjerda bryt med tidlegare rettsavgjerdar.

Departementet foreslår i punktet her å gi heimel i lov om Statens pensjonskasse og lov om pensjonsordning for apotekvirksomhet mv. til å gi forskrift om delt pensjonsgrunnlag slik at reglane kan bli gjort tydelege.

6.2 Gjeldande rett

6.2.1 Innleiing

Sluttlønnsprinsippet og delt pensjonsgrunnlag gjeld for alderspensjon etter gammal ordning, avtalefesta pensjon (AFP) i perioden 65–67 år for dei som er fødd i 1962 eller tidlegare og attlevandepensjon. Delt pensjonsgrunnlag er ikkje relevant for berekning av ny alderspensjon (påslagspensjon) for dei som er fødd i 1963 eller seinare og uførepensjon. Reglane om påslagspensjon gjeld for medlemmer av Statens pensjonskasse, ikkje medlemmer av pensjonsordninga for apotektilsette.

Regelen om delt pensjonsgrunnlag ved nedgang i lønn hindrar urimelege negative utslag i pensjonsnivået dersom ein til dømes på slutten av karrieren får ei ny stilling med eit lågare lønns-

nivå. Føresegna bidreg til å moderera innlåsings-effektar av sluttlønnsmodellen, og gjer det mogleg med formålstenleg mobilitet blant eldre arbeidstakarar i offentleg sektor.

For at regelen skal få bruk, må det først konstaterast at det har skjedd ein lønnsnedgang som skal ha noko å seia for pensjonsberekninga, sjå nærmare i punkt 6.2.2 nedanfor. Når det er fastslått at det skal bereknast eit delt pensjonsgrunnlag, skal det tidlegare pensjonsgrunnlaget regulerast fram til pensjoneringstidspunktet etter egne føresegner, sjå punkt 6.2.3.

6.2.2 I kva tilfelle eit delt pensjonsgrunnlag skal bereknast

Føresegna om når eit delt pensjonsgrunnlag skal bli berekna i Statens pensjonskasse, kjem fram av lov om Statens pensjonskasse § 15 andre ledd:

«Har en arbeidstaker tidligere hatt høyere pensjonsgrunnlag enn på pensjoneringstidspunktet og dette ikke skyldes en alminnelig lønnsregulering, skal det høyere grunnlag gjelde for tiden før grunnlaget gikk ned og resten av tiden regnes av grunnlaget ved pensjoneringen. Departementet kan fastsette vilkårene for at et midlertidig høyere pensjonsgrunnlag skal få virkning for pensjonsberegningen.»

Det er ikkje tydeleg i kva tilfelle eit delt pensjonsgrunnlag skal bli berekna. Det kjem berre fram at det gjeld tilfelle der arbeidstakaren tidlegare har hatt høgare pensjonsgrunnlag enn ved pensjoneringstidspunktet. Nedanfor er tre døme på moglege tilnærmingar til å samanlikne pensjonsgrunnlag:

- Nominell samanlikning av pensjonsgrunnlaget i full stilling før lønnsnedgangen og det siste pensjonsgrunnlaget i full stilling.
- Pensjonsgrunnlaget i full stilling før lønnsnedgangen oppjustert med prosentvis auke i

næraste lønstrinn nedover etter hovudtariffavtalen i staten og så samanlikne med det siste pensjonsgrunnlaget i full stilling.

- Pensjonsgrunnlaget i full stilling før lønnsnedgangen oppjustert tilsvarende som grunnbeløpet til folketrygda (G) og så samanlikne det med det siste pensjonsgrunnlaget i full stilling.

Det første dømet er i samsvar med ordlyden i lova, men synest ikkje å vere i samsvar med Stortingets intensjon då føresegna blei gitt. Ein nominell samanlikning tar ikkje omsyn til lønns- og prisvekst. Føresegna i § 15 andre ledd blei gitt i 1982 og var då ei vidareføring av tidlegare regelverk.

Praksis i Statens pensjonskasse har vore i samsvar med det som er nemnt i andre strekpunkt. Denne praksisen har antakeleg vart sidan 1958, med nokre små justeringar undervegs. Praksisen blei ikkje endra då reguleringa av pensjonane blei endra i 1986, 2011 og 2021. Den blei heller ikkje endra i 1998 slik Trygderetten la til grunn i rettsavgjerda frå 2021 (TRR-2021-1001). Statens pensjonskasse har frå 2000 praktisert eit krav om at minste differanse i pensjonsgrunnlag som blir samanlikna må vere 1/48 av grunnbeløpet i folketrygda.

Trygderettsrettsavgjerda frå 2021 kjem til at samanlikninga etter tredje strekpunkt er det rette. Retten legg vekt på samanhengen mellom § 15 andre ledd og sjølv reguleringføresegna av det tidlegare pensjonsgrunnlaget når det er konstatert at det skal bereknast eit delt pensjonsgrunnlag. Reguleringføresegna kom tidlegare fram av § 15 fjerde ledd, men blei i 2011 flytta til § 42. Retten viser vidare til at Akademikerne ikkje har hatt lønstrinn sidan mai 2016, og at det av den grunn også verkar feil å nytta lønstrinnmetode ved samanlikninga. Retten meiner det er urimeleg og lite tenleg å regulera pensjonsgrunnlaget i desse tilfella på ein annan måte enn for ei oppsett pensjonsytting.

Avgjerda frå 2021 bryt med tidlegare trygderettsrettsavgjerder. I dei tidlegare avgjerdene blir det slått fast at lova ikkje angir tydeleg når det skal bli berekna eit delt pensjonsgrunnlag, og at praksis i Statens pensjonskasse derfor har vore rettmessig. Det gjeld til dømes ei trygderettsrettsavgjerd frå 2020 (TRR-2020-716) og ei avgjerd frå 2007 (TRR-2007-2126).

Pensjonsordninga for apotektilsette blir administrert av Statens pensjonskasse. Praksis for ordninga knytt til om det skal bli berekna eit delt pensjonsgrunnlag følger Statens pensjonskasses praksis, men med den forskjellen at det i saman-

likninga blir brukt eigne lønstabellar som gjeld for apoteksektoren, ikkje lønstrinna i staten. Tidlegare var det sentrale lønnsoppgjer i apoteksektoren, og Statens pensjonskasse nytta lønstabellar frå desse oppgjera. Dei sentrale oppgjera blei gradvis avvikla frå 2012, og det blei frå då av gitt tabellar over garanterte minstelønssatsar. Det er utviklinga i minstelønssatsane som no blir nytta i vurderinga av om det har skjedd nedgang i lønn eller ikkje som får noko å seia for om det skal bereknast eit delt pensjonsgrunnlag eller ikkje. Den aktuelle føresegna i lov om pensjonsordning for apotekvirksomhet mv. er i § 8 nr. 2 andre ledd.

I den lovfesta pensjonsordninga for sjukepleiarar går det fram av lova at det ved tariffavtale kan fastsettast minstegrenser for kor lenge ein må ha hatt det høgare pensjonsgrunnlaget for at det skal gi rett til auka pensjon. Slike reglar kjem mellom anna fram av dei tariffavtalte pensjonsreglane i KS sitt tariffområde, SGS 2020 *Pensjonsordninger* § 14-6. Det skilst her mellom nedgang i lønn i eit aktivt medlemsforhold og når det har vore eit opphald i medlemskapen. Ordninga som blir praktisert i pensjonsordninga for sjukepleiarar svarer til det som gjeld for kommunal tenestepensjonsordning.

6.2.3 Berekninga av delt pensjonsgrunnlag

Når det er slått fast at det skal bli berekna eit delt pensjonsgrunnlag som følge av nedgang i lønn, skal det tidlegare pensjonsgrunnlaget regulerast fram til pensjoneringstidspunktet, og så inngå i eit samla pensjonsgrunnlag.

Før 2011 skulle det tidlegare pensjonsgrunnlaget bli regulert på tilsvarende måte som for pensjonar under utbetaling. Dette gjekk fram av tidlegare § 15 fjerde ledd i lov om Statens pensjonskasse. I perioden frå 1958 til 1986 var reguleringa i samsvar med lønnsklassen/lønstrinnet kvar enkelt arbeidstakar var innplassert i. Låg pensjonsgrunnlaget mellom to lønnsklassar/lønstrinn, blei reguleringa knytt til lønnsklassen/lønstrinnet under. Frå mai 1986 blei pensjonane regulerte i samsvar med endringa av grunnbeløpet til folketrygda.

Frå 2011 blei alderspensjon under utbetaling regulert med lønnsveksten og deretter fråtrekt 0,75 prosent. Frå då av skulle det tidlegare pensjonsgrunnlaget i eit delt pensjonsgrunnlag bli regulert som grunnbeløpet i folketrygda fram til pensjoneringstidspunktet, ikkje lenger som pensjonar under utbetaling. Føresegna om berekninga av delt pensjonsgrunnlag blei frå 2011 flytta frå § 15 fjerde ledd til § 42 fjerde ledd:

«Pensjonsgrunnlaget for medlemmer som fratrer sin stilling uten rett til straks å få pensjon etter loven her eller lov om avtalefestet pensjon for medlemmer av Statens pensjonskasse, jf. § 23, reguleres med lønnsveksten fram til tidspunktet det ytes pensjon etter loven her. Når en arbeidstaker har gått over fra et høgere til et lavere samlet pensjonsgrunnlag, jf. § 15 annet ledd, skal det tidligere grunnlag som har betydning for pensjonsberegningen reguleres tilsvarende.»

Etter første punktum skal altså pensjonsgrunnlaget for oppsette pensjonsrettar bli regulert med lønnsveksten fram til tidspunktet for pensjonering. Etter andre punktum skal det tidlegare pensjonsgrunnlaget som inngår i berekninga av delt pensjonsgrunnlag «reguleres tilsvarende» når det er fastslått at det gjeld nedgang i lønn etter § 15 andre ledd. Lønnsveksten i denne sammenhengen er lønnsveksten som blir lagt til grunn for reguleringa av grunnbeløpet i folketrygda. I 2020 blei reguleringsføresegna flytta frå § 42 fjerde ledd til § 42 femte ledd, utan noka realitetsendring.

Ingen av endringane av reguleringa av pensjonane i 1986 eller 2011 medførte endringar i måten Statens pensjonskasse konstaterte at det hadde skjedd ein nedgang i lønn etter lov om Statens pensjonskasse § 15 andre ledd, sjå punkt 6.2.2 ovanfor. Det same gjaldt i 2021 då det blei gitt nye reguleringsføresegner for alderspensjon under utbetaling, nemleg regulering med eit gjennomsnitt av lønns- og prisvekst.

I pensjonsordninga for apotektilsette gjeld særskilde reguleringsreglar. Det er styret i pensjonsordninga som fastset kva reguleringa av pensjonane skal vere, jf. § 34 tredje ledd i lova. Eit tidlegare pensjonsgrunnlag som inngår i delt pensjonsgrunnlag, skal bli regulert tilsvarende som pensjonar under utbetaling, jf. lova § 8 nr. 2 fjerde ledd.

6.3 Høyring

Arbeids- og inkluderingsdepartementet sendte eit forslag til endring av lov om Statens pensjonskasse og lov om pensjonsordning for apotekvirksomhet mv. på høyring 16. februar 2024, til følgande høyringsinstansar:

Departementa

Arbeids- og velferdsdirektoratet
Datatilsynet

Finanstilsynet
Konkurransetilsynet
Likestillings- og diskrimineringsombodet
Pensjonsordning for apotekvirksomhet
Pensjonsordning for sykepleiere
Regelrådet
Regjeringsadvokaten
Rådet for et aldersvennleg Norge
Senter for seniorpolitikk (no Kunnskapscenter for lengre arbeidsliv)
Skattedirektoratet
Statens pensjonskasse
Statistisk sentralbyrå
Trygderetten

Sivilombodet

Oslo kommune

Akademikerne
Arbeidsgiverforeningen Spekter
Den Norske Aktuarforening
Farmasiforbundet
Finans Norge
Forsvar offentlig pensjon
Forsvarets seniorforbund
Gabler AS
Hovedorganisasjonen Virke
Kommunal Landspensjonskasse
KS – Kommunesektorens organisasjon
Landsforbundet for offentlige pensjonister
Landsorganisasjonen i Norge (LO)
LO Kommune
LO Stat
Norges Farmaceutiske Forening
Norges ingeniør- og teknologorganisasjon
Norsk Pensjon AS
Næringslivets Hovedorganisasjon
Oslo Pensjonsforsikring AS
Pensjon for alle
Pensjonistforbundet
Pensjonskasseforeningen
Pensjonskontoret
Regnskap Norge
Samfunnsbedriftene
Senior Norge
Seniorennes fellesorganisasjon
Storebrand
Unio
Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund

I høyringsnotatet foreslo departementet ein forskriftsheimel i dei to lovene som gjer det mogleg å tydeleggjere i kva tilfelle det skal bli rekna ut eit delt pensjonsgrunnlag etter lov om Statens pen-

sjonskasse § 15 andre ledd og lov om pensjonsordning for apotekvirksomhet mv. § 8 nr. 2 andre ledd. Det blei også foreslått reglar i forskrift om dette som stadfesta praksis i Statens pensjonskasse og pensjonsordninga for apotektilsette. Forslaget gjaldt altså i kva tilfelle det skal bereknast eit delt pensjonsgrunnlag. Det blei påpeika i høyringsnotatet at når det først er klarlagt at det skal bereknast eit delt pensjonsgrunnlag, skal det tidlegare pensjonsgrunnlaget bli regulert som grunnbeløpet i folketrygda fram til tidspunktet for pensjonering for dei som er omfatta av lov om Statens pensjonskasse og tilsvarande som pensjonar under utbetaling for dei som er omfatta av lov om pensjonsordning for apotekvirksomhet mv. Høyringsfristen var 19. mai 2024.

Følgande høyringsinstansar hadde merknadar:

Akademikerne
KS – Kommunesektorens organisasjon
Landsforbundet for offentlige pensjonister
Unio

Privatperson Rajinder Midha

Følgande høyringsinstansar har svara at dei ikkje har merknadar:

Forsvarsdepartementet
Justis- og beredskapsdepartementet
Landbruks- og matdepartementet
Samferdselsdepartementet

Arbeids- og velferdsdirektoratet
Skatteetaten
Statens pensjonskasse

Den Norske Aktuarforening

KS støttar forslaget. Dei skriv mellom anna:

«Det fremstår godt begrunnet og rimelig at den langvarige praksis for beregning av delt pensjonsgrunnlag videreføres.»

Dei andre som har uttala seg, støttar ikkje forslaget.

Hovudpunkta i *Akademikernes* høyringsfråsegn er at berekning av pensjonsgrunnlag der tilsette i staten har gått over i lågare lønna stilling og har delt pensjonsgrunnlag, må skje i tråd med dagens praksis i Trygderetten, og slik det normalt blir gjort i samanliknbare situasjonar, at det blir regulert med veksten i grunnbeløpet til folke-

trygda. Forslaget frå departement om å nytta lønnstrinn som grunnlag, kan ikkje bli forstått som ei presisering, men som eit endringsforslag. Fleirtalet av dei ramma arbeidstakarane er ikkje omfatta av lønnstrinn ettersom dette ikkje inngår i tariffavtalesystemet dei er omfatta av.

Landsforbundet for offentlige pensjonister meiner forslaget frå departementet er ein omgåing av rettsavgjerda frå Trygderetten. Forbundet er usamd i forslaget, og meiner departementet må følge rettsavgjerda frå Trygderetten.

Unio meiner departementet med forslaget omgår avgjerda frå Trygderetten i 2021. Dei viser til at auken i grunnbeløpet, eller auken med den alminnelege lønnsveksten i samfunnet, fangar opp meir enn vekst i eit lønnstrinn. Dei skriv at den alminnelege lønnsauken også fangar opp det at dei fleste arbeidstakarar i løpet av karrieren rykker opp på lønnsstigen eller opp i lønnstrinn, og at vilkårsprøvinga for delt pensjonsgrunnlag under dagens praksis vil ta frå mange som har hatt nedgang i lønn høvet til å få berekna eit delt pensjonsgrunnlag som ville gitt ein høgare pensjon. Dei samanfattar synet sitt slik:

«Unio er uenig i lovforslaget og mener Arbeids- og inkluderingsdepartementet må forholde seg til Trygderettens kjennelse (TRR-2021-1001) og innrette seg etter den lovforståelse som Trygderetten har lagt til grunn. I den grad departementet skal fremme lovforslag, bør dette være et lovforslag som stadfester og presiserer Trygderettens lovforståelse.»

Rajinder Midha påpeikar at staten ikkje førte prinsipprettsavgjerda i Trygderetten inn for lagmannsretten for rettsleg overprøving, og at rettsavgjerda derfor er rettskraftig og må bli lagt til grunn som gjeldande rett. Han meiner Stortinget ikkje på noko tidspunkt har bestemt at det tidlegare pensjonsgrunnlaget skal bli regulert annleis enn pensjonar under utbetaling. Han meiner det i dag ikkje er nokon heimel i lova til å regulere pensjonsgrunnlaget etter nedgang i lønn annleis enn andre rettar i Statens pensjonskasse. Det blir også vist til at når ein har tent opp pensjon i arbeid med ei viss lønn og betalt premie deretter, er det ikkje sakleg grunn for at utbetalt pensjon ikkje skal vere på grunnlag av denne oppteninga og innbetalinga. Vidare nemner han at høyringsnotatet ikkje har vurdert forholdet til Den europeiske menneskerettighetskonvensjon (EMK) protokoll 1 artikkel 1 om vernet av eigedomsretten, og viser til at menneskerettsdomstolen har slått fast i fleire dommar at opptente pensjonsrettar på grunnlag av

innbetalt premie er «eigedom» som er verna etter føresegna.

6.4 Vurderingar og forslag

Reglane om delt pensjonsgrunnlag gjeld to forhold. For det første å konstatere i kva tilfelle det skal bli berekna eit delt pensjonsgrunnlag. Lovforslaget frå departementet gjeld dette. For det andre, når det er konstatert at det skal bli berekna eit delt pensjonsgrunnlag, skal det tidlegare pensjonsgrunnlaget som inngår i det samla pensjonsgrunnlaget, bli regulert som grunnbeløpet i folketrygda fram til tidspunktet for pensjonering for dei som er omfatta av lov om Statens pensjonskasse, og tilsvarende som pensjonar under utbetaling for dei som er omfatta av lov om pensjonsordning for apotekvirksomhet mv. Lovforslaget gjeld ikkje dette andre punktet.

Rettsavgjerda frå Trygderetten i 2021 om i kva tilfelle det skal bli berekna delt pensjonsgrunnlag, inneber etter synet til departementet ei lite tenleg operasjonalisering av reglane om delt pensjonsgrunnlag. Det omfattar alle tilfelle det har vore ein nedgang i lønn, same kor liten og kortvarig nedgangen i lønna er. Dette kan gi ein urimeleg god fordel, og vil gjera det attraktivt med tilpassingar. Det kjem av at mange arbeidstakarar sakkar akterut i lønnsutvikling samanlikna med G-reguleringa dei siste åra før dei fråtrer med alderspensjon. Løysinga samsvarer derfor dårleg med sluttlønnsprinsippet.

Departementet meiner Trygderetten gjer ei for tett samankopling av det å konstatere i kva tilfelle det skal bli berekna delt pensjonsgrunnlag og sjølv reguleringa av det tidlegare pensjonsgrunnlaget når det er konstatert at det skal bli berekna eit delt pensjonsgrunnlag.

Trygderetten viser til utsegner i Prop. 107 L (2009–2010) *A) Lov om avtalefestet pensjon for medlemmer av Statens pensjonskasse B) Endringer i lov om Statens Pensjonskasse, lov om samordning av pensjons- og trygdeytelser og i enkelte andre lover (oppfølging av avtale om tjenestepensjon og AFP i offentlig sektor i tariffoppgjøret 2009)* då reguleringsføresegna av det tidlegare pensjonsgrunnlaget etter lov om Statens pensjonskasse § 15 fjerde ledd blei flytta til § 42. Departementet vil her påpeike at det aldri var meininga å endre retts-tilstanden i 2011 knytt til korleis det kan bli konstatert at det skal bli berekna eit delt pensjonsgrunnlag etter lov om Statens pensjonskasse § 15 andre ledd då Prop. 107 L (2009–2010) blei lagt fram. Det nye var at Stortinget ikkje lenger skulle

gjere årlege vedtak om regulering av pensjonane, og det ble gjort endringar i berekninga av eit delt pensjonsgrunnlag når det var bestemd etter § 15 andre ledd at det skulle bli berekna eit delt pensjonsgrunnlag. Reguleringsføresegna i § 15 fjerde ledd blei då flytta til § 42, men flyttinga var ikkje meint å skulla påverka vurderinga av om det hadde skjedd nedgang i lønn etter § 15 andre ledd.

Den sentrale føresegna for om det har skjedd nedgang i lønn som får noko å seia for pensjonsberekninga i Statens pensjonskasse, er lov om Statens pensjonskasse § 15 andre ledd. Denne føresegna har stått uendra frå 1982 og fram til i dag, og var dessutan ei vidareføring av ei tidlegare føresegn. Den angir ikkje tydeleg i kva tilfelle eit delt pensjonsgrunnlag skal bli berekna. Statens pensjonskasse har derfor hatt ein langvarig praksis som operasjonaliserer føresegna. I tidlegare rettsavgjerder frå Trygderetten er praksis i Statens pensjonskasse blitt stadfesta.

Trygderetten har også stadfesta kommunal tenestepensjon si praksis i same saksfelt. To døme her er TRR-2013-1372 og TRR-2017-1613. Som nemnt ovanfor blir metoden som er brukt i kommunal tenestepensjon også brukt i pensjonsordninga for sjukepleiarar.

Den sentrale føresegna for pensjonsordninga for apotektilsette er lov om pensjonsordning for apotekvirksomhet mv. § 8 nr. 2 andre ledd. Denne føresegna har stått uendra frå 1984 og fram til i dag.

Departementet meiner dei ulike rettsavgjerdene frå Trygderetten knytt til Statens pensjonskasse gjer det nødvendig med ei presisering av regelverket for å slå fast i kva tilfelle det skal bli berekna eit delt pensjonsgrunnlag. Det sentrale i vurderinga er å fastsette noverdien av den tidlegare lønna på ein formålstenleg måte. Departementet foreslår å gi ein forskriftsheimel i lov om Statens pensjonskasse og lov om pensjonsordning for apotekvirksomhet mv., og at presiserande regelverk kjem fram av forskrift.

Metoden Statens pensjonskasse har brukt til å fastsette i kva tilfelle det skal bli berekna eit delt pensjonsgrunnlag, er mogleg å bruka sjølv om enkelte arbeidstakarar ikkje er omfatta av lønnsstrinn. Som nemnt over er formålet å finna noverdien av det tidlegare pensjonsgrunnlaget på ein formålstenleg måte. Det skjer gjennom lønnsstrinnmetoden som Statens pensjonskasse har brukt.

I høyringa foreslo departementet å regelfeste i forskrift det som er gjeldande praksis. Det kan no vere behov for å endre på dette. Sjølv om dagens praksis har vore fornuftig, er den i ferd med å bli

utdatert sidan stadig fleire grupper ikkje lenger har lønn etter eit lønnstrinn. Ved det siste tariffoppgjeret i staten blei det lagt opp til at lønnstrinn i staten ikkje lenger skal gjelde. Departementet vil i samråd med Statens pensjonskasse vurdere nødvendige endringar.

Departementet ser i dag at det ville vore ein fordel om rettsavgjerda frå Trygderetten hadde vore brakt inn for lagmannsretten. Som tidlegare nemnt har Trygderetten lenge meint at praksis frå Statens pensjonskasse var i samsvar med gjeldande reglar. Når det så kjem ei avgjerd som går i mot dei tidlegare avgjerande, er det nødvendig for departementet å foreslå endringar.

Dersom avgjerda i Trygderetten blir følgd, må ein rekke pensjonar bli endra med tilbakeverkande kraft. Ei slik endring vil ha store administrative konsekvensar, og vil i mange tilfelle slå tilfeldig ut for den enkelte. Dette som følge av at mange lønnsopplysningar som ikkje har hatt noko å seia tidlegare og som derfor ikkje har vore registrert som medlemsopplysningar, kan få noko å seie. Desse opplysningane kan vere svært krevjande å finne tilbake til, og kanskje også umogleg. Dei økonomiske konsekvensane er også store.

Til uttalen frå Trygderetten i avgjerda frå 2021 om at det er urimeleg og lite tenleg å regulera pensjonsgrunnlaget i desse tilfella på ein annan måta enn for ei oppsett pensjonsytning, vil departementet påpeika at reguleringa ikkje blir gjort på nokon annan måte. Det er det å fastsette at det skal bereknast eit delt pensjonsgrunnlag som denne saka gjeld, ikkje korleis reguleringa skal bli gjort når det først er konstatert at eit delt pensjonsgrunnlag skal bli berekna. Når dette er konstatert, blir det tidlegare pensjonsgrunnlaget regulert som for oppsette pensjonar.

Departementet meiner uttalen frå Rajinder Midha blandar det å fastslå i kva tilfelle det skal bli berekna eit delt pensjonsgrunnlag og korleis

det tidlegare pensjonsgrunnlaget skal bli regulert når det er fastslått at eit delt pensjonsgrunnlag skal bli berekna. Uttalen hans om at Stortinget ikkje på noko tidspunkt har bestemt at det tidlegare pensjonsgrunnlaget skal bli regulert annleis enn for pensjonar under utbetaling, stemmer ikkje. Når det er konstatert at det skal bli berekna eit delt pensjonsgrunnlag etter lov om Statens pensjonskasse § 15 andre ledd, skal det tidlegare pensjonsgrunnlaget frå 2011 bli regulert tilsvarende som grunnbeløpet til folketrygda, ikkje som pensjonar under utbetaling. Departementet meiner dagens praksis i Statens pensjonskasse er gjeldande rett, og at forslaget derfor ikkje inneber noka endring.

Sjå forslaget til endringar i lov om Statens pensjonskasse § 15 og lov om pensjonsordning for apotekvirksomhet mv. § 8.

6.5 Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar

Endringane kan tre i kraft så raskt som mogleg etter at lova er vedtatt. Forslaga har ingen økonomiske eller administrative konsekvensar.

Til orientering har Statens pensjonskasse vurdert dei økonomiske konsekvensane av å endre praksis i samsvar med rettsavgjerda frå Trygderetten med tilbakeverkande kraft til å utgjere om lag 1,5 milliardar kroner. Ei slik endring kan gjelde i underkant av 24 000 pensjonistar. Dette er ein eingongskostnad. I tillegg vil det komme auka framtidige årlege kostnader som per no ikkje er mogleg å fastslå. Berekinga er gjennomført med nokre føresetnader, mellom anna at det blir avgrensa til pensjonsuttak som har skjedd etter 2010 og at det berre gjeld pensjonar under utbetaling. Kostnadene vil auke dersom det ikkje blir sett slike føresetnader.

7 Pensjonsopptening for oppdragstakarar i beredskapsheim og spesialisert fosterheim med avtale med Oslo kommune

7.1 Innleiing og bakgrunn

Departementet foreslår endringar i lov 12. februar 2010 nr. 4 om pensjonsordning for oppdragstaker i statlig beredskapshjem eller spesialisert fosterhjem. Formålet er at oppdragstakarar i beredskapsheim eller spesialisert fosterheim med avtale med Oslo kommune også blir omfatta av lova.

7.2 Gjeldande rett

Lov om pensjonsordning for oppdragstaker i statlig beredskapshjem eller spesialisert fosterhjem gir oppdragstakarar i statleg beredskapsheim eller spesialisert fosterheim rett til pensjonsopptening i Statens pensjonskasse. Dei er ikkje omfatta direkte av lov om Statens pensjonskasse sidan dei ikkje er rekna som tilsette.

For alle kommunar, med unntak av Oslo kommune, er det staten ved Bufetat som hjelper barnevernstenestene med å rekruttere, lære opp og stille til rådvelde eit tilstrekkeleg tal fosterheim. Bufetat har vidare plikt til å hjelpe barnevernstenestene med tiltak utanfor heimen i akutt-situasjonar, til dømes beredskapsheim. Bufetat kan tilby spesialiserte fosterheimar som eit alternativ til institusjon i særlege tilfelle. Oslo kommune er etter barnevernlova gitt eit sjølvstendig ansvar for å vareta oppgåver og styresmakt som lova legg til Bufetat, som å hjelpe barnevernstenestene med tiltak i akutt-situasjonar, som f.eks. beredskapsheim. Oppdragstakar i beredskapsheim med avtale med Oslo kommune har fått ei ekstra godtgjersle på seks prosent av vanleg godtgjersle som kompensasjon for manglande tenestepensjonsopptening.

Oslo kommune har undersøkt moglegheita for at oppdragstakarar i Oslo kommune kan ha pensjonsopptening i tenestepensjonsordninga til kommunen, Oslo Pensjonsforsikring AS. Etter kontakt med Finanstilsynet har det vist seg at slik tilknytning ikkje er mogleg sidan oppdragstakarar ikkje er arbeidstakarar og derfor ikkje er omfatta av regelverket for kommunal tenestepensjon.

Oslo kommune ønsker derfor at oppdragstakarar i Oslo kommune også får pensjonsopptening i Statens pensjonskasse på lik linje med oppdragstakarar i staten.

Oslo kommune blei stemna for tingretten av oppdragstakarar i Oslo kommune v/ Fagforbundet med krav om at dei skal bli rekna som arbeidstakarar, ikkje oppdragstakarar. Retten frifann Oslo kommune under dissens 2-1, jf. dom i saka 7. februar 2024 (TOSL-2023-97765). Saka er anka til lagmannsretten og skal behandlast der i januar 2025. Dersom Fagforbundet får gjennomslag, vil dei som saka gjeld få pensjonsopptening i Oslo Pensjonsforsikring som ordinært tilsette. Då vil lovforslaget her ikkje få nokon verknad.

7.3 Høyring

Arbeids- og inkluderingsdepartementet sende eit forslag til endring av lov om pensjonsordning for oppdragstaker i statlig beredskapshjem eller spesialisert fosterhjem på høyring 24. oktober 2023, til følgande høyringsinstansar:

Departementa

Arbeids- og velferdsdirektoratet
Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet
Barneombodet
Datatilsynet
Finanstilsynet
Konkurransetilsynet
Likestillings- og diskrimineringsombodet
Regelrådet
Senter for seniorpolitikk (no Kunnskapscenter for lengre arbeidsliv)
Statens pensjonskasse
Statistisk sentralbyrå
Trygderetten

Oslo kommune

Akademikerne
Arbeidsgiverforeningen Spekter

Den Norske Aktuarforening
 Finans Norge
 Forsvar offentlig pensjon
 Gabler AS
 Hovedorganisasjonen Virke
 Kommunal Landspensjonskasse
 KS – Kommunesektorens organisasjon
 Landsforbundet for offentlige pensjonister
 Landsorganisasjonen i Norge
 LO Kommune
 LO Stat
 Norges ingeniør- og teknologorganisasjon
 Norsk Fosterhjemforening
 Norsk Pensjon AS
 Næringslivets Hovedorganisasjon
 Oslo Pensjonsforsikring AS
 Pensjonistforbundet
 Pensjonskasseforeningen
 Pensjonskontoret
 Samfunnsbedriftene
 Senior Norge
 Unio
 Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund

I høyringsnotatet foreslo departementet at oppdragstakarar i beredskapsheim og spesialisert fosterheim med avtale med Oslo kommune blir omfatta av lov om pensjonsordning for oppdragstaker i statlig beredskapshjem eller spesialisert fosterhjem. Høyringsfristen var 21. januar 2024.

Følgande høyringsinstansar støttar forslaget:

Oslo kommune

LO Norge
 Oslo Pensjonsforsikring AS
 Pensjonskasseforeningen

Følgande høyringsinstansar har svara at dei ikkje har merknadar:

Forsvarsdepartementet
 Landbruks- og matdepartementet
 Samferdselsdepartementet

Arbeids- og velferdsdirektoratet
 Statens pensjonskasse
 Statistisk sentralbyrå

Landsforbundet for offentlige pensjonister

LO Norge viser til tvisten mellom 31 beredskapsheimar og Oslo kommune der beredskapsheimane avviser at dei er oppdragstakarar og krev

klassifisering som arbeidstakarar. LO viser til at det er viktig at lovgivar gjennom lovgivingsprosessen ikkje direkte eller indirekte tek stilling til kva som er korrekt klassifisering av beredskapsheim. Dersom beredskapsheimane etter lovgivinga er arbeidstakarar, skal dei bli omfatta av dei ordnære tenestepensjonsvilkåra i Oslo kommune.

Oslo kommune meiner staten må dekkja kostnadene. Dei viser til at det er eit sentralt prinsipp i den statlege styringa av kommunesektoren at alle nye oppgåver eller regelendringar som gir kommunesektoren auka kostnader, fullt ut skal kompensera.

7.4 Vurderingar og forslag

Ordlyden i lov om pensjonsordning for oppdragstaker i statleg beredskapshjem eller spesialisert fosterhjem avgrensar omfanget til oppdragstakarar som har inngått oppdragskontrakt med staten som oppdragsgivar.

Departementet foreslår at oppdragstakarane i Oslo kommune blir inkluderte i lova. Desse oppdragstakarane utfører dei same oppgåvene som oppdragstakarar i statleg beredskapsheim og spesialisert fosterheim. Det er organiseringa av heimane etter barnevernslova som gjer at oppdragstakarane i Oslo kommune ikkje er omfatta av lova i dag.

Sjå forslaget til endringar i lov om pensjonsordning for oppdragstaker i statlig beredskapshjem eller spesialisert fosterhjem, tittelen på lova og § 1.

7.5 Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar

Departementet foreslår at medlemskapet gjeld frå 1. juli 2025.

Per 26. august 2024 er det 35 beredskapsheimar og eitt spesialisert fosterheim som har avtale med Oslo kommune. Statens pensjonskasse antar at pensjonspremien for oppdragstakarane ligg på rundt elleve prosent av pensjonsgrunnlaget (inkludert to prosent medlemsdel).

Det vil i revidert nasjonalbudsjett for 2025 bli fremma forslag om statleg dekning av netto meirutgifter som er knytt til oppteninga. I Statens pensjonskasse er gjennomsnittleg pensjonsgrunnlag i 2024 for oppdragstakarane 630 000 kroner. Ein medlemskap i Statens pensjonskasse for oppdragstakarar i Oslo kommune har i lita grad administrative konsekvensar.

8 Presiseringar knytt til innføringa av nye reglar om offentleg AFP for dei som er fødde i 1963 eller seinare

8.1 Innleiing og bakgrunn

Departementet foreslår i punktet her endringar i lov 25. juni 2010 nr. 28 om avtalefestet pensjon for medlemmer i Statens pensjonskasse. Endringane er ei oppfølging av vedtekne endringar i lova, jf. lov 12. april 2024 nr. 14 om endringer i lov om avtalefestet pensjon for medlemmer av Statens pensjonskasse og enkelte andre lover (ny avtalefestet pensjon).

Endringslova frå april 2024 følger opp punkt 3 i avtalen som blei inngått 3. mars 2018 mellom Arbeids- og sosialdepartementet, LO, Unio, YS, Akademikerne, KS og Spekter om tenestepensjon for tilsette i offentleg sektor. Avtalen inneber at offentleg tenestepensjon og avtalefesta pensjon (heretter AFP) for offentleg tilsette fødd i 1963 eller seinare skal leggst om til livsvarige påslagsordningar som kjem i tillegg til alderspensjon frå folketrygda. Endringslova blei gitt med bakgrunn i Prop. 35 L (2023–2024), Innst. 231 L (2023–2024) og Lovvedtak 51 (2023–2024). Endringane gjeld frå 1. oktober 2024 og får verknad for pensjonsutbetalingar frå 2025.

Forslaga no gjeld for det første ein lovheimel for Statens pensjonskasse til å inngå avtale med andre pensjonsleverandørar om fordeling av kostnader for ny AFP. For det andre ei presisering av at anna stilling med offentleg AFP inngår i vilkårsprøvinga for AFP etter lov om avtalefestet pensjon for medlemmer av Statens pensjonskasse (heretter AFP-lova). Det blir ikkje stilt krav om at slik anna stilling er tilknytt ei tariffavtale med offentleg AFP, slik lovteksten no krev. For det tredje blir det foreslått at Statens pensjonskasse får ein tydeleg heimel til å innhente nødvendige lønnsopplysningar og opplysningar om pensjongs-givande inntekt frå skattestyresmaktene.

8.2 Høyringsforslaget

Arbeids- og inkluderingsdepartementet sendte 1. juli 2024 eit lovforslag på høyring til følgjande høyringsinstansar:

Departementa

Arbeids- og velferdsdirektoratet
Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet
Datatilsynet
Finanstilsynet
Kunnskapssenter for lengre arbeidsliv
Likestillings- og diskrimineringsombodet
Pensjonsordning for apotekvirksomhet
Pensjonsordning for sykepleiere
Regelrådet
Regjeringsadvokaten
Rådet for et aldersvennleg Norge
Senter for et aldersvennleg Norge
Skattedirektoratet
Statens pensjonskasse
Statistisk sentralbyrå
Trygderetten

Sivilombodet

Oslo kommune

Akademikerne

Arbeidsgiverforeningen Spekter
Den Norske Aktuarforening
Fellesordningen for AFP
Finans Norge
Forsvar offentlig pensjon
Forsvarets seniorforbund
Funksjonshemmedes fellesorganisasjon
Gabler AS
Garantikassen for fiskere
Hovedorganisasjonen Virke
Kommunal Landspensjonskasse (KLP)
KS – Kommunesektorens organisasjon
Landsforbundet for offentlige pensjonister
Landsorganisasjonen i Norge (LO)
LO Kommune
LO Stat
Maritim pensjonskasse
Norges ingeniør- og teknologorganisasjon
Norsk Pensjon AS
Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO)
Organisasjonen For Uføres Rettigheter

Oslo Pensjonsforsikring AS
 Pensjon for alle
 Pensjonistforbundet
 Pensjonskasseforeningen
 Pensjonskontoret
 Regnskap Norge
 Samarbeidsforumet for funksjonshemmedes organisasjoner
 Samfunnsbedriftene
 Senior Norge
 Storebrand
 Unio
 Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund (YS)

I høyringsnotatet foreslo departementet ei presisering av at anna stilling med offentlig AFP inngår i vilkårsprøvinga for AFP etter føresegnene i AFP-lova, dersom slik stilling gjer at krava som blir stilte i AFP-lova og tilhøyrande forskrift blir oppfylte. Endringa inneber at det ikkje blir stilt krav om at slik anna stilling er tilknytt ein tariffavtale om offentlig AFP. Det er tilstrekkeleg at det er inngått ein avtale med ein leverandør av offentlig tenestepensjon om slik AFP. Det blei også foreslått at Statens pensjonskasse får ein tydeleg heimel til å innhente nødvendige lønnsopplysningar og opplysningar om pensjonsgivande inntekt frå skattestyremaktene. Høyringsfristen var 30. september 2024.

Forslaget om lovheimel for Statens pensjonskasse til å inngå avtale med andre pensjonsleverandørar om fordeling av kostnader for ny AFP har ikkje vore på høyring. Forslaget blir likevel fremma no då det er nødvendig å få på plass ein heimel før pensjonsutbetalingane startar frå 2025. Det blir vist til utgreiingsinstruksen punkt 3-3 andre ledd første kulepunkt.

Følgande høyringsinstansar har merknadar:

Arbeids- og velferdsdirektoratet
 Datatilsynet
 Statens pensjonskasse

Akademikerforbundet
 Den Norske Aktuarforening
 Fellesordningen for AFP
 Finans Norge
 KLP
 Landsforbundet for offentlige pensjonister
 LO
 NHO
 Pensjonskasseforeningen
 Unio

Følgande høyringsinstansar har svara at dei ikkje har merknadar:

Justis- og beredskapsdepartementet

Skatteetaten
 Statistisk sentralbyrå

Akademikerne
 Gabler AS
 KS – Kommunesektorens organisasjon
 Oslo Pensjonsforsikring AS
 Storebrand
 YS

Datatilsynet har ikkje merknadar til forslaga, men meiner at det må gjerast ei nærmare vurdering av kva for opplysningar som er nødvendige for Statens pensjonskasse til berekning av AFP og at kva for opplysningar som kan innhentast, må presiserast i sjølve lovheimelen. Ei slik vurdering og presisering vil vere ein viktig personverngaranti, i tråd med dataminimeringsprinsippet i personvernforordninga. Det vil også sikre føreseielege forhold for alle partar.

Unio har ikkje merknadar til forslaga, men viser til at Finansdepartementet parallelt med denne høyringa har sendt ut forslag til lovheimel for at tilbydarar av kommunal tenestepensjon kan hente inn nødvendige opplysningar frå Skatteetaten og Arbeids- og velferdsetaten til arbeidet med ny AFP mv. I høyringa frå Finansdepartementet blir det foreslått at det «*gjøres en kartlegging i samarbeid med Skatteetaten, slik at det lages et utvalg av opplysninger*» som kan bli overført leverandørane. Unio meiner ein slik felles kartlegging bør omfatte Skatteetaten, Arbeids- og velferdsetaten og alle leverandørar av offentlig AFP.

Akademikerforbundet uttalar mellom anna at dei «*er skeptisk til mengden personinformasjon som det foreslås å gi hjemmel til at Statens pensjonskasse kan innhente. Akademikerforbundet mener at regjeringen må sørge for retningslinjer slik at Statens pensjonskasse og eventuelt andre pensjonskasser kun får tilgang til strengt nødvendig informasjon.*» Vidare viser dei til høyringa frå Finansdepartementet, og meiner det bør gjerast ein tilsvarande kartlegging.

Pensjonskasseforeningen har ikkje merknadar, men viser til at det er nødvendig at det blir etablert eit godt heimelsgrunnlag for informasjon-innhenting og -utveksling for alle pensjonsleverandørar.

Fellesordningen for AFP, LO og NHO påpeikar at det i høyringsnotatet er uttalt at Skatteetaten ikkje oppbevarer opplysningar lengre tilbake i tid enn 10 år. Dei meiner utfordringane knytt til dette må bli løyst ved at Skatteetaten som autoritativ

kjelde må få grunnlag til dette. LO nemner vidare at det er viktig med informasjonsutveksling med Fellesordningen for AFP.

Statens pensjonskasse viser til at dei kan ha behov for opplysningar frå Skatteetaten utover 10 år.

Landsforbundet for offentlige pensjonister undrar på kvifor Statens pensjonskasse skal få så omfattande fullmakter til å hente inn personopplysningar.

8.3 Vurdering og forslag

8.3.1 Fordeling av kostnader for ny AFP

Ny AFP gjelder for årskulla født i 1963 eller seinare. Lovreglane blei vedtatt av Stortinget i april 2024, jf. lov 12. april 2024 nr. 14. Ny AFP kan takast ut frå fylte 62 år, eller frå eit seinare tidspunkt, under føresetnad av at enkelte vilkår er oppfylt ved fylte 62 år og på uttakstidspunktet.

Vilkår ved fylte 62 år: Vedkommande må ha vore arbeidstakar hos ein arbeidsgivar med AFP-ordning i minst sju av dei siste ni åra. Stillinga må vere hovudarbeidsforholdet, og stillingsdelen må utgjera minst 20 prosent av full stilling. I dei same sju av dei siste ni åra kan ikkje vedkommande ha hatt anna inntekt som overstig pensjongivande inntekt frå stillinga som gir rett til AFP. Det er også eit krav at vedkommande dei siste tre åra før fylte 62 år ikkje har hatt inntekt utan arbeidsplikt utover 1,5 G (G er grunnbeløpet i folketrygda). Uføretrygd og uførepensjon frå privat eller offentlig tenestepensjonsordning er her gjort unntak for.

Vilkår ved pensjonsuttak: Vedkommande må ha vore tilsett og reell arbeidstakar dei siste tre åra før pensjonsuttaket startar hos ein arbeidsgivar som er omfatta av AFP. Stillinga må utgjere minst 20 prosent av full stilling. Det er gitt unntak for enkelte konkrete fråvær. På uttakstidspunktet og i det førre året må vedkommande også ha pensjongivande inntekt som overstig 1 G i året. Det er eit vilkår at vedkommande ikkje har fått andre pensjonar som privat AFP, særalderspensjon eller betinga tenestepensjon. Det er også eit vilkår at vedkommande ikkje har fått uføretrygd frå folketrygda etter fylte 62 år.

Grunnlaget for berekning av AFP er pensjonsbeholdninga berekna etter folketrygdlova § 20-4, omrekna til ei behaldning for AFP med ein opp-teningssats på 4,21 prosent. Årleg pensjon kjem fram ved å dividere oppteninga med delingstalet i folketrygda på uttakstidspunktet.

Enkelte vilkår ved fylte 62 år og på uttakstidspunktet må altså vere oppfylt for å kunne kvalifi-

sere for uttak av AFP. Stillingane som inngår i vilkårsprøvinga kan både vere statlege, kommunale, fylkeskommunale eller andre stillingar som er tilknytt offentlig AFP. Vilkåra er knytt til tid hos arbeidsgivar med tariffavtale der staten er part eller tilsvarende avtale om AFP, sjå nærmare punkt 8.3.2 og punkt 8.3.3 nedanfor. For å vere rekna som tilsvarende avtale om AFP, føresetast det mellom anna tilsvarende medrekning av tid i vilkårsprøvinga som etter AFP-lova. Departementet legg til grunn at det berre er dei med avtale om offentlig tenestepensjon som kan inngå avtale om offentlig AFP.

Det er behov for å fastslå korleis kostnadene til AFP skal bli fordelt mellom dei som er omfatta av ordninga når ein arbeidstakar har vore tilsett i fleire verksemdar med offentlig AFP. Statens pensjonskasse har gjort eit innleiande arbeid i samarbeid med andre leverandørar av offentlig tenestepensjon. Det blir lagt opp til at kostnadene blir fordelte etter tenestetida i offentlig tenestepensjonsordning. Det bør vere ein heimel i lov om avtalefestet pensjon for medlemmer av Statens pensjonskasse for at Statens pensjonskasse kan inngå ein avtale med dei andre pensjonsleverandørane om kostnadsfordelinga. Departementet foreslår at avtalen må bli godkjent av departementet. Føresegna vil ha ein parallell i heimelen som Statens pensjonskasse har etter lov om Statens pensjonskasse til å inngå overføringsavtale med andre leverandørar av offentlig tenestepensjon. Vilkåra for deling av kostnadene for AFP vil kome fram av avtalen. Avtalen kan også opne for at Sikringsordningen, som gjeld for kommunal tenestepensjon, også kan inkludere manglande dekning av kostnader knytt til offentlig AFP. Formålet med sikringsordninga er å bidra til å sikre pensjonsrettar opparbeidde hos arbeidsgivarar som stansar ved konkurs eller akkord eller ved andre opphøyr, eller som ikkje betaler premie ved forfall, så langt det er midlar i Sikringsordningen. Det er partane i Sikringsordningen som avgjer om ordninga skal utvidast til å gjelda AFP.

Fordelinga av kostnader som er beskrivne ovanfor er det same som låg til grunn då Stortinget behandla forslaga om ny offentlig AFP i Prop. 35 L (2023–2024), sjå punkt 10 i proposisjonen. Det blei her påpeika at departementet i høyringsnotatet ikkje hadde noko bestemd oppfatning om korleis refusjonen mellom ordningane burde vere, men at departementet likevel så at det var fordelar ved at deling skjer med utgangspunkt i all tid i offentlig sektor, ettersom dette speglar kvar det er betalt inn premie. Andelen

refusjon av AFP vil dermed vere i same storleik som refusjon av ordinær alderspensjon under overføringsavtalen. Departementet la til grunn at leverandørane av offentleg tenestepensjon fann formålstenlege måtar å finansiere ny AFP på inn- anfor eksisterande regelverk. Det blei lagt til grunn at leverandørane fann ei formålstenleg løysing i medhald av overføringsavtalen som har heimel i lov om Statens pensjonskasse. Etter for- nya vurdering meiner både departementet og Statens pensjonskasse at fordelinga av kostnader ikkje kan bli avtala på grunnlag av overførings- avtalen, sidan reglane om AFP ikkje har heimel i lov om Statens pensjonskasse. Departementet foreslår derfor at det blir gitt ein eigen heimel i AFP-lova.

Sjå forslaget til ny § 13 sjuande ledd i lov om avtalefestet pensjon for medlemmer i Statens pensjonskasse.

8.3.2 Presisering av omfang

I vilkårsprøvinga av retten til offentleg AFP, gjeld tid hos arbeidsgivar med tariffavtale der staten er part eller tilsvarende tariffavtale om AFP.

Departementet foreslår at det blir presisert i AFP-lova at anna stilling med offentleg AFP blir likestilt med stilling omfatta av føresegnene i AFP-lova dersom slik stilling gjer at krava som blir stilte i AFP-lova og den tilhøyrande forskrifta blir oppfylte. For å tydeleggjere dette i lovteksten, foreslår departementet at ordet «tariffavtale» i lova knytt til slike stillingar blir endra til «avtale». Stillingane er mellom anna knytt til stillingar i kommunal sektor og stillingar i helsesektoren. Kva stillingar som gir rett til AFP, blir avgjorde av pensjonsleverandøren av kommunal teneste- pensjon. Det har ikkje vore meininga å gjere end- ringar frå departementets side til kven som kan tilbydast offentleg AFP for desse stillingsforholda. Det betyr at det ikkje er meint å bli gjort endringar i dagens praksis for kommunal tenestepensjon om at verksemder som har ønskt å inngå avtale om ei kommunal tenestepensjonsordning for sine tilsette, også kan inkludere offentleg AFP i avtalen.

Forslaget inneber ikkje at tid med privat AFP inngår i kvalifikasjonsreglane for offentleg AFP utover det som allereie er bestemt som følge av lovendringane frå april 2024. Moglege endringar her vil bli vurdert når endringar i den private AFP- ordninga er avklart.

Sjå forslaget til endringar i lov om avtalefestet pensjon for medlemmer i Statens pensjonskasse § 7, § 8 og § 9.

8.3.3 Innhenting av opplysningar frå Skatteetaten

Innhenting av opplysningar

Statens pensjonskasse har behov for tilgang til inntektsopplysningar og grunnlaget for pensjons- givande inntekt frå skatteoppgjeret for å kunne oppfylle oppgåvene sine etter AFP-lova. Departe- mentet foreslår i samband med dette ei eiga føre- segn i lov om avtalefestet pensjon for medlemmer i Statens pensjonskasse som gir Statens pensjons- kasse heimel til å innhente desse opplysningane.

Skattestyresmaktene innhentiar og behandlar ei rekke opplysningar for skatteformål. Desse opplysningane vil i stor grad vere underlagd teie- plikt. Skatteforvaltningslova kapittel 3 regulerer teieplikta til skattestyresmaktene. Teieplikta i skatteforvaltningslova § 3-1 er strengare enn teie- plikta som følger av forvaltningslova. Det er unntak frå teieplikta ved deling med anna offentleg styresmakt etter skatteforvaltningslova § 3-3. Etter første ledd i denne føresegna kan teieplik- tige opplysningar bli utlevert til offentlege styres- makter dersom dette er «nødvendig for å utføre mottakerorganets oppgaver etter lov», eller for å «hindre at virksomhet blir utøvd på en uforsvarlig måte».

I skatteforvaltningslova § 3-3 andre ledd blir det i tillegg stilt opp eit krav om proporsjonalitet, noko som inneber at utleveringa ikkje må vere uforholdsmessig ut frå dei ulempene som er i form av inngrep i personvernet og fare for at opp- lysningar av konkurransemessig betydning kjem på avvegjar. Skatteforvaltningsforskrifta § 3-3-1 første ledd utdjuar vurderingstemaet i propor- sjonalitetsvurderinga. Det skal ved vurderinga mellom anna bli lagt vekt på om mottakarorganet vil bli satt i stand til å treffa ei rett avgjerd, eller utføre ein meir effektiv og formålstenleg teneste enn om det ikkje hadde fått opplysningane. Vidare skal det leggest vekt på formålet med behandlinga av opplysningar hos mottakarorganet, om mot- takar er underlagd teieplikt, kva opplysningar som skal bli utlevert og talet på personar som får tilgang til opplysningane. Momenta understrekar at dei generelle personvernprinsippa som kjem til uttrykk i personvernforordninga, skal bli tatt med i betraktning når utleveringss spørsmålet blir vurdert.

Skatteforvaltningslova § 3-3 tredje ledd gir heimel til å fastsette forskrifter om utlevering av opplysningar til andre offentlege styresmakter i deira interesse. Slike føresegner er gitt i skatte- forvaltningsforskrifta § 3-3-1 andre ledd bokstav a til o. Når vilkåra i desse føresegnene er oppfylte,

vil opplysningane kunne bli utlevert utan at det er nødvendig å gjennomføre ei proporsjonalitetsvurdering ved kvar utlevering etter lova § 3-3 første og andre ledd, jf. skatteforvaltningsforskrifta § 3-3-1 første ledd, sjå Prop. 1 LS (2018–2019) side 282.

Etter skatteforvaltningsforskrifta § 3-3-1 andre ledd bokstav h, kan opplysningar uansett bli utlevert til offentlege styresmakter som *«ifølge lovbestemmelser som fastsetter eller klart forutsetter at taushetsplikten ikke skal være til hinder for å gi opplysningene»*.

Statens pensjonskasse har behov for opplysningar frå skattestyresmaktene om rapporterte inntektsopplysningar og opplysningar om pensjonsgivande inntekt og dessutan inntektsopplysningar frå skatteoppgjeret for å vurdere om vilkåra for offentlig AFP er oppfylt. Opplysningstypane samsvarer med opplysningar som blir gitt etter skatteforvaltningslova § 7-2.

Rapporterte inntektsopplysningar etter skatteforvaltningslova § 7-2 omfattar lønn og andre skattepliktige ytingar frå offentlege og private arbeidsgivarar, pensjonsleverandørar, Arbeids- og velferdsetaten og andre. Inntektsopplysningar omfattar også ulike skattepliktige stønader og offentlege ytingar, men ikkje opplysningar om ytingar som etter sin art ikkje er skattepliktige. Opplysningane som kjem fram av skatteforvaltningslova § 7-2 dannar slik sett den ytre ramma for kva opplysningar som er nødvendig å innhente for å vurdere om vilkåra for AFP er oppfylte, og vil derfor avgrense kva opplysningar Statens pensjonskasse lovleg kan innhenta til dette formålet.

Skatteoppgjeret inneheld mellom anna opplysningar om kapital- og næringsinntekter, formue og gjeld. Vidare vil skatteoppgjeret innehalde opplysningar om grunnlaget for pensjonsgivande inntekt.

Tilgang til slike opplysningar vil sette Statens pensjonskasse i betre stand til å utføre oppgåvene sine etter AFP-lova. Opplysningar om inntektsforholdet til medlemmen vil vere det viktigaste elementet når Statens pensjonskasse skal vurdere om vedkommande i syv av dei siste ni åra ikkje har hatt anna inntekt som overstig pensjonsgivande inntekt frå arbeidsgivar etter § 8 i lova første ledd bokstav b. Samtidig blir det føresett at vilkårsvurderinga tek utgangspunkt i tidspunktet medlemmen fyller 62 år. Dette inneber at det ved vurderinga skal bli innhenta ei stor mengd personopplysningar fordelt per kalendermånad over opptil 9 år, om dei tilsette. Dersom vilkårsvurderinga skal bli gjort ved søknad om uttak, til dømes ved fylte 70 år, vil det vere aktuelt å utlevere opp-

lysningar som ligg opptil 18 år tilbake i tid. Skattestyresmaktene vil likevel ikkje ha grunnlag for å oppbevare og gjere tilgjengeleg opplysningar så langt tilbake i tid. Opplysningar om inntekta frå Skatteetaten vil likevel som utgangspunkt bidra til meir korrekt vilkårsvurdering, og må bli innhenta frå kvar enkelt medlem eller arbeidsgivar dersom det ikkje blir utlevert frå Skatteetaten. Departementet legg derfor til grunn at utleveringa vil vere forholdsmessig og nødvendig.

Opplysningane som blir utleverte frå skattestyresmaktene vil bidra til at vilkårsvurderinga blir baserte på ei grundig og fullstendig opplysning av saka, jf. kravet i forvaltningslova § 17. Nødvendige lønnsopplysningar vil sikre at Statens pensjonskasse kan utøva ei meir effektiv forvaltning av offentlig AFP enn dersom opplysningane måtte bli innhenta frå medlemmen eller arbeidsgivar. At Statens pensjonskasse innhentar opplysningar direkte frå skattestyresmaktene, blir vurdert som forholdsmessig samanlikna med den ulempe slik tilgang eventuelt medfører for kvar enkelt medlem.

At Statens pensjonskasse får tilgang til opplysningane frå skattestyresmaktene, vil også kunne vere i interessa til medlemmen, sidan det for nokon kan vere utfordrande å innhente rette og relevante opplysningar så langt tilbake i tid som er nødvendig for å vurdere vilkåra for offentlig AFP. Tilgangen kan også bidra til å utfylle opplysningar som brukaren sjølv har sendt inn. Vidare har Statens pensjonskasse teieplikt etter dei alminnelege reglane i forvaltningslova, noko som sikrar at opplysningane ikkje blir spreidde vidare. På denne bakgrunnen blir det vurdert slik at Statens pensjonskasse har eit sterkt behov for tilgang til teiepliktige opplysningar frå skattestyresmaktene, og at tilgangen er nødvendig og forholdsmessig.

Som gjort greie for over, har Statens pensjonskasse behov for tilgang til rapporterte inntektsopplysningar og grunnlaget for pensjonsgivande inntekt frå skatteoppgjeret for å kunna oppfylle oppgåvene sine etter AFP-lova. Det blir derfor foreslått ei eiga føresegn i AFP-lova for medlemmer av Statens pensjonskasse som gir Statens pensjonskasse heimel til å innhente desse opplysningane. Denne blir foreslått tatt inn som eit nytt tredje ledd i § 13.

I høyringa kom *Datatilsynet* med følgande merknad:

«Vi har ingen innvendinger til kjernen i forslaget, som er å tilrettelegge for utlevering av nødvendig informasjon fra Skatteetaten til

Statens pensjonskasse. Vi ser at innhenting av mest mulig korrekt informasjon vil være gunstig for søkerne. Dersom AFP feilberegnes og feilutbetales, vil det kunne ha store konsekvenser for søkerne i etterkant.

Vi forstår høringsforslaget slik at Statens pensjonskasse ikke vil innhente opplysninger om medlemmer som ikke søker om AFP. Forutsatt at dette er riktig forståelse av forslaget, vil det være en viktig garanti mot urettmessig utlevering av opplysninger.

Vi mener imidlertid at det må gjøres en nærmere vurdering av hvilke opplysninger som faktisk er nødvendige for Statens pensjonskasse til beregning av AFP og at hvilke opplysninger som kan innhentes må presiseres i selve lovhjemmelen. En slik vurdering og presisering vil være en viktig personverngaranti, i tråd med dataminimeringsprinsippet i personvernforordningen. Det vil også sikre forutberegnelighet for alle parter.»

Departementet presiserer at forslaget i høyringa er utforma i samråd med Skatteetaten, og at formålet med føresegna er behovet for å innhente lønnsinformasjon som er nødvendig for å vilkårsprøve retten til AFP for den enkelte. For å ha rett til AFP, må den enkelte oppfylle vilkår ved fylte 62 år og på uttakstidspunktet. Ved fylte 62 år må følgende vilkår vere oppfylt (AFP-lova § 8):

«a. Vedkommende har vært arbeidstaker i minst 7 av de siste 9 årene hos en arbeidsgiver med tariffavtale hvor staten er part eller tilsvarende tariffavtale om avtalefestet pensjon. I denne perioden inngår også tid arbeidstakeren har vært omfattet av en avtalefestet pensjonsordning som det gis statstilskott til etter AFP-tilskottsloven dersom dette gjør at ansiennitetskravet oppfylles. Stillingen må være vedkommendes hovedarbeidsforhold, og stillingsandelen må utgjøre minst 20 prosent av full stilling. Ved samtidige ansettelsesforhold kan stillingsandelene legges sammen.

b. Vedkommende har i de samme 7 av de siste 9 årene ikke hatt annen inntekt som overstiger pensjonsgivende inntekt fra arbeidsgivere omfattet av bokstav a.

c. Vedkommende har de siste 3 årene før fylte 62 år ikke mottatt pensjon eller annen ytelse uten motsvarende arbeidsplikt fra arbeidsforhold der den årlige verdien av ytelserne tilsvarer 1,5 ganger folketrygdens grunnbeløp eller mer. Første punktum omfatter ikke uføretrygd fra folketrygden og uførepensjon

fra en privat eller offentlig tjenstepensjonsordning.

(...)»

Vidare må følgende vilkår vere oppfylt på uttakstidspunktet (AFP-lova § 9):

«a. Vedkommende har de siste tre årene før uttakstidspunktet sammenhengende vært ansatt og reell arbeidstaker hos en arbeidsgiver med tariffavtale hvor staten er part eller med tilsvarende tariffavtale om avtalefestet pensjon. Stillingsandelen må utgjøre minst 20 prosent av full stilling. Ved samtidige ansettelsesforhold kan stillingsandelene legges sammen.

b. Vedkommende har en pensjonsgivende inntekt som omregnet til årsinntekt overstiger folketrygdens grunnbeløp på uttakstidspunktet, og hadde i det foregående inntektsåret en pensjonsgivende inntekt som oversteg gjennomsnittlig grunnbeløp dette året.

c. Vedkommende verken er eller har vært mottaker av avtalefestet pensjon som det gis statstilskott til etter AFP-tilskottsloven, avtalefestet pensjon som en tidligpensjonsordning i perioden mellom fylte 62 og 67 år, uføretrygd fra folketrygden etter fylte 62 år, betinget tjenstepensjon etter lov om Statens pensjonskasse eller fra tilsvarende tjenstepensjonsordninger eller alderspensjon etter lov om Statens pensjonskasse § 20 a andre ledd eller fra tilsvarende tjenstepensjonsordninger.

(...)»

Som det kjem fram, har Staten pensjonskasse behov for spesifikke lønns- og inntektsopplysningar frå skattestyresmaktene for å vurdere om den enkelte oppfyller vilkåra for AFP. Dette er opplysningar knytt til arbeidsforholdet til den enkelte og om vedkommande får pensjon eller uføretrygd.

I lovforslaget i høyringsnotatet står det:

«Statens pensjonskasse kan uten hinder av taushetsplikt innhente nødvendige lønnsopplysninger som er gitt etter skatteforvaltningsloven § 7-2 og opplysninger om pensjonsgivende inntekt fra skattemyndighetene til bruk i arbeidet med avtalefestet pensjon etter denne lov.»

Etter prinsippet om dataminimering skal behandling av personopplysningar vere avgrensa til det som er nødvendig og relevant for formålet. Departementet presiserer at lønnsopplysningar som er gitt

etter skatteforvaltningsloven § 7-2 og pensjonsgivande inntekt, vil danne den ytre ramma for opplysningar som er nødvendige å innhente for å vurdere om vilkåra for offentlig AFP er oppfylt. Departementet viser til at det, for at det ikkje skal bli innhenta fleire opplysningar enn det som er nødvendig, skjer ei kartlegging mellom SPK og Skatteetaten. Det vil bli avtalt eit avgrensa utval av opplysningar som kan bli innhenta i medhald av føresegna. *Datatilsynet*, *Unio* og *Akademikerforbundet* etterspurde ein slik kartlegging i høyringsrunden, og det vises til at prosessen som nemnt over er igangsett.

Enkelte høyringsinstansar har uttrykt bekymring for mengda personopplysningar som skal bli innhenta frå Skatteetaten. Departementet legg til grunn at det ikkje vil bli innhenta fleire opplysningar enn det som er nødvendig i arbeidet med avtalefestet pensjon etter lova, og at bruken av opplysningane er avgrensa til dette formålet. Det at opplysningane må bli brukt til pensjonsformål, vil vere ein viktig garanti mot gjenbruk til andre formål etter at opplysningane er utlevert.

Skatteetaten oppbevarer ikkje opplysningar lenger tilbake i tid enn 10 år. *Fellesordningen for AFP, LO, NHO* og *Statens pensjonskasse* viser til at dei kan ha behov for opplysningar frå Skatteetaten lenger tilbake i tid enn 10 år. Fellesordningen for AFP, LO og NHO meiner at Skatteetaten som autoritativ kjelde må få grunnlag til å oppbevare opplysningar lenger tilbake enn 10 år. Ansvar for Skatteetaten ligg til Finansdepartementet, og endringar i regelverk som angår dei må gjerast av Finansdepartementet. Departementet viser til at partane må finne ein praktisk løysing innanfor regelverket som gjeld i dag.

Sjå lovforslaget, lov om avtalefestet pensjon for medlemmer i Statens pensjonskasse § 13.

Forholdet til personvernforordninga

EUs personvernforordning (Europaparlament- og rådsforordning (EU) 2016/679) inneheld grunnleggande prinsipp og vilkår for å behandle personopplysningar, rettar for enkeltpersonar og pliktar for behandlingsansvarlege og databehandlarar. Personopplysningslova av 2018 gjer forordninga til norsk rett ved inkorporasjon, og lova utfyller føresegnene i forordninga. Det er i tillegg tilgang til å utfylle det generelle personopplysningsregelverket i særlovgiving med meir spesifikke reglar, jf. forordninga artikkel 6 nr. 2.

Forordninga skal verna fysiske personars grunnleggande rettar og fridommar ved behandling av personopplysningar, samtidig som ho skal

sikra fri flyt av personopplysningar mellom medlemsstatane. Personopplysningar blir definerte i forordninga som alle opplysningar om ein identifisert eller identifiserbar fysisk person, jf. forordninga artikkel 4 nr. 1. Med «behandle» meiner ein alle operasjonar eller rekke av operasjonar som blir gjort med personopplysningar – automatisert eller ikkje – som innsamling, registrering, organisering, strukturering, lagring, tilpassing eller endring, atfinning, konsultasjon, bruk, utlevering ved overføring, spreiding eller andre former for tilgjengeleggjering, samanstilling eller samkøyring, avgrensing, sletting eller gjere til inkjes, jf. artikkelen til forordninga 4 nr. 2.

Personopplysningar kan berre bli samla inn til spesifikke, uttrykkeleg angitte og rettmessige formål, jf. artikkel 5 nr. 1 bokstav b. Konkrete formålsopplysningar er særleg viktig då det er forbod mot å behandle opplysningar vidare for formål som er å rekne som uforlikeleg med det opphavlege formålet. Vurderinga vil kunne vere vanskeleg dersom formålet er for vidt angitt. Med eit uttrykkeleg angitt og konkret formål vil det i større grad vere lett å angi kva personopplysningar som er adekvate, nødvendige og relevante for å oppfylle formålet (prinsippet om dataminimering).

For å kunna behandle personopplysningar krevst det eit behandlingsgrunnlag.

Reglane om behandlingsgrunnlag følger av forordninga artikkel 6, som seier at behandlinga berre er lovleg dersom eitt av vilkåra i nr. 1 bokstav a til f er oppfylt, og bokstav c og e er aktuelle her.

Forordninga artikkel 6 nr. 1 bokstav c gir grunnlag for behandling som er nødvendig for å oppfylle ei rettsleg forplikting som kviler på den behandlingsansvarlege. Artikkel 6 nr. 1 bokstav e gir tilgang til behandling når dette er «*nødvendig for å utføre en oppgave i allmennhetens interesse eller utøve offentlig myndighet som den behandlingsansvarlige er pålagt*».

Det følger av artikkel 6 nr. 3 at grunnlaget for «behandling» nemnt i nr. 1 bokstav c og e «skal fastsettes» i unionsretten eller i den nasjonale retten til medlemsstatane. Dette inneber at artikkel 6 nr. 1 bokstav c eller e ikkje åleine kan utgjera behandlingsgrunnlaget, men at den behandlingsansvarlege i tillegg må kunna vise til eit supplerande rettsgrunnlag for behandlinga i unionsretten eller nasjonal rett som den behandlingsansvarlege er underlagd.

Dersom det skal bli behandla særlege kategoriar personopplysningar, må rettsgrunnlaget i tillegg oppfylle dei vilkåra som følger av artikkel 9

nr. 2. Det følger av artikkel 9 nr. 2 at nr. 1 ikkje får bruk dersom eit av vilkåra i bokstav a til j er oppfylt. Særleg aktuelt her er bokstav b om at behandlinga må vere «*nødvendig for at den behandlingsansvarlige eller den registrerte skal kunne oppfylle sine forpliktelser og utøve sine særlige rettigheter på området arbeidsrett, trygderett og sosialrett*». Behandlinga må dessutan vere tillaten i unionsretten, nasjonal rett eller tariffavtale som gir «*nødvendige garantier for den registrertes grunnleggjende rettigheter og interesser*».

Det følger av lov om Statens pensjonskasse § 45 første ledd første setning at:

«Statens pensjonskasse har rett til å innhente de opplysningene som er nødvendige for å forvalte de ordningene Pensjonskassen administrerer fra arbeidsgiver, tidligere arbeidsgiver, offentlig myndighet, institusjon som administrerer annen pensjons- eller trygdeordning, helsepersonell, kredittopplysningsvirksomhet, gjeldsinformasjonsforetak, forsikringselskap og annen finansinstitusjon.»

I Prop. 135 L (2019–2020) *Endringer i arbeids- og velferdsforvaltningsloven, sosialtjenesteloven, lov om Statens pensjonskasse og enkelte andre lover (behandling av personopplysninger)* uttaler departementet i punkt 8.4.2 sjette avsnitt at:

«Etter forslaget til ny § 45 skal Statens pensjonskasse bare få tilgang til nødvendige opplysninger etter pålegg i den enkelte sak for å forvalte de ordninger som Pensjonskassen administrerer. Departementet legger imidlertid til grunn at denne bestemmelsen ikke gir Statens pensjonskasse adgang til å innhente løpende inntektsopplysninger fra Skatteetaten, kun til å innhente opplysninger etter pålegg i den enkelte sak.»

Vidare følger det av åttande avsnitt at:

«Departementet finner det ikke hensiktsmessig å regulere i loven hvilke opplysninger som vil kunne være aktuelle i saksbehandlingen. Utformingen vil kunne bli både detaljert og omfangsrik. En eventuell regulering vil derfor egne seg best i forskrifts form, men departementet finner det ikke nødvendig å gjøre dette nå. Dette vil bli vurdert nærmere.»

I AFP-lova § 13 er ikkje innhenting av inntektsopplysningar frå skattestyresmaktene regulert.

Som nemnt ovanfor har Statens pensjonskasse behov for tilgang til rapporterte inntektsopplysningar og grunnlaget for pensjonsgivande inntekt frå skatteoppgjeret for å kunna oppfylle oppgåvene sine etter AFP-lova. Skatte- og inntektsopplysningar er nødvendig i fleire av vurderingane som skal gjerast. Det blir foreslått ein klar og tydeleg innhentingsheimel overfor skattestyresmaktene. Forslaget inneber at skattestyresmaktene kan utlevere opplysningar som er innhenta og behandla for skatteformål. Departementet viser til at personopplysningar berre kan bli samla inn til spesifikke, uttrykkeleg angitte og rettmessige formål, jf. artikkel 5 nr. 1 bokstav b. Med eit uttrykkeleg angitt og konkret formål vil det i større grad vere lett å angi kva personopplysningar som er adekvate, nødvendige og relevante for å oppfylle formålet (prinsippet om dataminimering). Prinsippa her vil bli tatt hand om gjennom dei rammene som er nedfelte i AFP-lova § 13 tredje ledd ved at det berre er nødvendige lønnsopplysningar som er gitt etter skatteforvaltningslova § 7-2 og opplysningar om pensjonsgivande inntekt frå skattestyresmaktene til bruk i arbeidet med AFP etter denne lova som kan innhentast.

Personvernforordninga artikkel 5 nr. 1 bokstav f fastset at personopplysningar skal bli behandla på ein måte som sikrar tilstrekkeleg tryggleik for personopplysningane, under dette vern mot uautorisert eller ulovleg behandling, og mot utilsikta tap, øydelegging eller skade ved bruk av eigne tekniske eller organisatoriske tiltak (prinsippet om integritet og konfidensialitet). Det er vidare forbode å oppbevare personopplysningar lenger enn det som er nødvendig for formålet dei blei samla inn for. Departementet føreset at Statens pensjonskasse sørger for at personopplysningane er korrekte og oppdaterte, at dei blir underlagde tilstrekkeleg informasjonssikkerheit og at dei blir sletta når formålet er oppfylt. Statens pensjonskasse må vidare sørge for å setje i verk tiltak mot utilsikta og ulovleg øydelegging, tap og endringar av personopplysningar. Statens pensjonskasse har strenge og detaljerte retningslinjer for behandling av personopplysningar som tar hand om krava i personvernforordninga. Departementet vil dessutan peika på at Statens pensjonskasse har teieplikt, noko som er viktig for rettstryggleiken og personvernet til borgarane. Departementet reknar at personvernrettar til den registrerte etter forordninga er tilstrekkeleg varetatt gjennom lovforslaget og tiltaka som er angitt ovanfor.

8.4 Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar

Ny AFP får verknad frå 1. januar 2025. Dei tidlegare lovendingane er trådd i kraft frå 1. oktober 2024 av omsyn til Statens pensjonskasse si administrering av ordninga, og departementet foreslår at endringane no trer i kraft straks, og blir gitt verknad frå 1. oktober 2024.

Forslaget vil ikkje medføre økonomiske eller administrative konsekvensar utover det som følger av vedtekne endringar i lov om avtalefestet pensjon for medlemmer av Statens pensjonskasse.

Lovforslaget gjeld offentleg AFP for dei som er medlemmer av Statens pensjonskasse. Som nemnd over vil også andre sektorar ha tilsvarende reglar om offentleg AFP. I september 2024 fekk Kommunal- og distriktsdepartementet informasjon som indikerer at effekten av ny offentleg AFP på pensjonskostnadene i kommunesektoren vil bli monaleg. Informasjonen kom for seint til å kunne bli innarbeidd i budsjettala i statsbudsjettet for 2025, samstundes som det var uvisse

rundt grunnlaget for berekninga av kostnadene. Dei har i rundskriv om berekningsføresetnader for pensjonskostnadene for rekneskapsåret 2025 av 10. september 2024 fastsett at ny offentleg AFP inntil vidare ikkje skal inkluderast i kommunesektoren sine pensjonskostnader for 2025, men at dei vil kome tilbake til tidspunktet for slik inkludering. Regjeringa vil i revidert nasjonalbudsjett for 2025 kome tilbake med oppdatert anslag for meirkostnadene til pensjon inkludert effekten av ny offentleg AFP. Vidare vil regjeringa i revidert nasjonalbudsjett for 2025 sikre at kommunesektoren kan innarbeide ny offentleg AFP i sine pensjonskostnader i 2025. Regjeringa vil i sitt framlegg til revidert nasjonalbudsjett ta utgangspunkt i oppdatert anslag for meirkostnader til pensjon for å dekke ei auke i desse, men vil også gjere ei samla vurdering av kommunesektoren sin økonomi. Kommunal- og distriktsdepartementet legg opp til å fastsette revidert rundskriv om berekningsføresetnader for 2025 etter Stortinget si behandling av revidert nasjonalbudsjett for 2025.

9 Forslag som inneber tydeliggjering, lovfesting av praksis, språklege justeringar m.m.

9.1 Oppheving av innhaldslistene i folketrygdlova

9.1.1 Innleiing og bakgrunn

I folketrygdlova er det i dag ei innhaldsliste i innleiinga til loven, og kvart enkelt kapittel begynner med ei liste med strekpunkt som viser kva som er regulert i dei enkelte paragrafane. Desse listene er ein del av sjølve lova. Departementet foreslår å ta den innleiande oversikta og dei kapittelvise innhaldslistene ut av folketrygdlova. Formålet er å gjera lova mindre omfattande og dermed meir lesevennleg. Oppheving av innhaldslistene vil også medføre lovtekniske fordelar ved at det ikkje lenger blir nødvendig å justere listene kvar gong lova bli endra.

På lovdata.no er det no eigne innhaldslistar for alle lover. Denne gir oversikt over føresegnene i lova, og løyser dei omsyna som både den innleiande oversikta over korleis folketrygdlova er oppbygd, og dei kapittelvise innhaldslistene var meint å løyse. Derfor er det ikkje lenger nødvendig å ha denne type innhaldslistar som ein integrert del av lovteksten i folketrygdlova.

9.1.2 Høyring

Arbeids- og inkluderingsdepartementet sende eit forslag til endring av folketrygdlova på høyring 16. mai 2022, til følgande høyringsinstansar:

Departementa

Arbeids- og velferdsdirektoratet
Trygderetten

Akademikerne
Arbeidsgiverforeningen Spekter
Fellesforbundet
Hovedorganisasjonen Virke
Landsorganisasjonen i Norge
Næringslivets hovedorganisasjon
Parat
Unio

Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund

Jussbuss
Jussformidlingen

Universitetet i Bergen
Universitetet i Oslo
Universitetet i Tromsø

Følgande høyringsinstansar har merknadar:

Arbeids- og velferdsdirektoratet
Rettspolitisk forening

Følgande høyringsinstansar har svara at dei ikkje har merknadar:

Forsvarsdepartementet
Helse- og omsorgsdepartementet
Justis- og beredskapsdepartementet
Samferdselsdepartementet

Hovudpunkta i høyringsfråsegna frå *Arbeids- og velferdsdirektoratet* er for det første at direktoratet meiner at den generelle innhaldslista i gratisversjonen til Lovdata ikkje er tilstrekkeleg. Forslaget om å fjerne innhaldslistene kan derfor få negative konsekvensar for dei som ikkje har tilgang til Lovdata si betalingsteneste. Vidare framhevar Arbeids- og velferdsdirektoratet at det er ein del av befolkninga som ikkje brukar digitale verktøy, og at ikkje-digitale lesarar vil oppleve lova som mindre brukarvennleg.

Rettspolitisk forening framset dei same argumenta mot opphevinga, som Arbeids- og velferdsdirektoratet.

9.1.3 Vurderingar og forslag

Departementet meiner at dei utfordringane Arbeids- og velferdsdirektoratet og Rettspolitisk forening beskriv, er marginale. Også gratisutgåva av Lovdata har ei innhaldsliste. Vidare utgjer ikkje-digitale brukarar ein svært avgrensa del av brukarane av lova. Departementet meiner at inn-

haldslistene er overflødige og at lova blir meir oversiktleg og lesevennleg utan dei. Ulempene endringa inneber, må reknast som minimale.

Sjå forslaget til endringar i folketrygdlova om oppheving av innhaldslistene.

9.2 Oppheving av føresegner om ektefelle tillegg og barn tillegg til alderspensjon – folketrygdlova kapittel 3, 12 og 19 m.m.

Folketrygdlova §§ 3-24 til 3-26 har reglar om forsørgingstillegg til personar som mottek gammal alderspensjon. I lov 18. desember 2020 nr. 140, som tredde i kraft 1. mars 2021, har Stortinget vedtatt ei gradvis utfasing av tilleggga (barn tillegg og ektefelle tillegg). Det har ikkje vore innvilga nye tillegg for krav med verknadstidspunkt etter 1. januar 2022, og frå 1. januar 2023 har utbetalinga av gjeldande tillegg vore gradvis redusert. Frå 1. januar 2025 fell alle tilleggga heilt bort. Sjå Prop. 15 L (2020–2021) *Endringar i folketrygdloven (utfasing av forsørgingstillegg til alderspensjon)* og Innst. 127 L (2020–2021). Reglane om den gradvise utfasinga framgår av lova.

Når utbetalinga av tillegg stansar frå årsskiftet, er det verken nødvendig eller naturleg å vidareføre reglane om forsørgingstillegg og utfasinga av desse. Reglane framgår av § 3-24 om ektefelle tillegg, § 3-25 om barn tillegg og § 3-26 om inntektsprøving av tilleggga. Departementet foreslår at desse tre paragrafane blir oppheva frå 1. januar 2025.

Folketrygdlova § 3-3 har reglar om *sært tillegg*. Det går fram av sjetle ledd at ein alderspensjonist som fyller vilkåra for rett til ektefelle tillegg i § 3-24 første og fjerde ledd for forsørgd ektefelle over 60 år, har rett til eit sær tillegg på to gonger ordinær sats. Sært tillegg til personar fødd frå og med 1943 blei avvikla for nye tilfelle frå 1. januar 2011. Alderspensjonistar fødd før 1943 skal framleis få sær tillegg etter § 3-3 så lenge vilkåra er oppfylde. Sært tillegg kan også gis til mottakarar av AFP utforma som ei tidlempensjonsordning i alderen 62 til 65 år. Som følge av at § 3-24 blir oppheva, foreslår departementet derfor ei lovteknisk tilpassing i § 3-3 sjetle leddet. Endringa inneber at vilkåra for å få det høge sær tilleggget, slik dei i dag framgår av § 3-24, blir vidareført.

Frå 1. januar 2011 blei det innført reglar om eit *minste pensjonsnivå* i folketrygdlova § 19-8 til personar fødd frå og med 1943, til erstatning for den gamle minstepensjonen som bestod av grunnpensjon og sær tillegg. Reglane om minste pen-

sjonsnivå gjeld for personar fødd til og med 1962, som er det siste årskullet som vil få delar av sin alderspensjon berekna etter folketrygdlova kapittel 19 (gammal alderspensjon). I § 19-8 sjetle ledd bokstav b framgår ein særskild sats for minste pensjonsnivå for personar som forsørger ektefelle over 60 år. Vilråa for å få denne satsen er, på same måte som for det gamle sær tilleggget, knytta til § 3-24 første og fjerde leddet. Det er mellom anna krav til at ektefellen ikkje mottek alderspensjon eller uføretrygd, og at inntekta til ektefellen ikkje må vere høgare enn grunnbeløpet. I Prop. 108 L (2020–2021) *Endringar i folketrygdloven og sosialtjenesteloven (samleproposisjon våren 2021)* uttalte departementet (punkt 2.2):

«Departementet viser vidare til at det ved lov 18. desember 2020 nr. 140 er vedtatt at ektefelle tilleggene til alderspensjon skal fases ut gradvis fra 1. januar 2022. I prinsippet vil det kunne ytes alderspensjon med særskilt sats etter § 19-8 sjetle ledd bokstav b så lenge det finnes personer som mottar alderspensjon etter folketrygdloven kapittel 19. Når ektefelle tilleggene er fullt utfaset fra 1. januar 2025, vil det være naturleg å oppheve § 3-24, noe som gjør det nødvendig å forankre vilråene for særskilt sats for minste pensjonsnivå i en annen bestemmelse. Departementet vil komme tilbake til dette.»

Det framgår av dette at viss dei noverande vilråa i § 3-24 første og fjerde ledd er oppfylt, skal det framleis bli gitt alderspensjon etter den særskilde satsen, sjølv om § 3-24 blir oppheva. Satsen har som nemnt ovanfor betydning for alderspensjonistar fødd til og med 1962, som er det siste årskullet som vil få delar av alderspensjonen sin berekna etter reglane i folketrygdlova kapittel 19.

Departementet foreslår ei lovteknisk tilpassing i § 19-8 sjetle ledd bokstav b. Endringa inneber at vilråa for å få den særskilde satsen, slik dei i dag framgår av § 3-24, blir vidareført.

Reglane om høgt sær tillegg og særskild sats omfattar svært få personar. Ved utgangen av 2023 var det 479 mottakarar til saman.

Departementet foreslår også at føresetnaden om at den forsørgde ektefellen må ha fylt 60 år blir utleidde direkte av §§ 3-3 og 19-8. Dette er ei språkleg omskriving og inneber ingen endringar.

Folketrygdlova § 19-3 har reglar om kva krav til medlemskap i folketrygda som gjeld for retten til alderspensjon. Det framgår av andre punktum i tredje ledd at ektefelle tillegg og barn tillegg etter §§ 3-24 og 3-25 blir berekna på grunnlag av same

trygdetid som grunnpensjonen blir ytt med når butida er mindre enn 20 år. Denne føresegna om ektefelle- og barnetillegg blir overflødig når tillegga fell bort, og departementet foreslår at ho blir oppheva.

Barnetillegget til *uførepensjonistar* er urørt av endringane nemnt ovanfor. Det går fram av folketrygdlova § 12-15 tredje ledd at når eit barn blir forsørgra av fleire som mottok uføretrygd eller alderspensjon, blir tillegget ytt til den som har rett til det høgaste tillegget. Då ingen alderspensjonistar vil få barnetillegg etter 1. januar 2025, foreslår departementet å ta ut tilvisinga til alderspensjon.

Folketrygdlova § 22-16 har reglar om avrekning av feilutbetalingar som skuldest for høg inntekt, og gjeld som det framgår av andre ledd bokstav a mellom anna for ektefelle- og barnetillegg som kan reduserast etter § 3-26. Bokstav a i andre ledd blir overflødig når tillegga fell bort, og departementet foreslår at denne føresegna blir oppheva.

Folketrygdlova § 22-8 har reglar om frådrag ved etterbetaling av pensjon mv., og første ledd første punktum gjeld etterbetalingar av ytingar til person som har vore forsørgra av ein person som har fått utbetalt ektefelle- og barnetillegg. Regelen kan vere aktuell å anvende etter 1. januar 2025, og departementet foreslår ingen endringar no, men vil gjere ei ny vurdering etter ei tid.

Opphevinga av forsørgingstillegga gjer at overskrifta for lovas del V i kapittel 3 «Forsørgingstillegg» også må opphevast.

Det er også behov for tilpassing av lov om avtalefestet pensjon for medlemmer av Statens pensjonskasse. Her er det tilvisingar til reglar om forsørgingstillegg etter folketrygdlova i §§ 3 og 4. Desse bør også bli endra samtidig med endringane i folketrygdlova. Departementet foreslår å oppheve § 3 bokstav b, fjerde punktum der det kjem fram at «*Forsørgingstillegg ytes etter reglane for alderspensjon i folketrygdloven § 3-24, men slik at det bare ytes tillegg for forsørging av ektefelle som er 60 år eller eldre. Forsørgingstillegg blir ytt etter reglane for alderspensjon i folketrygdlova § 3-24, men slik at det berre blir tillegg ytt for forsørging av ektefelle som er 60 år eller eldre.*» Det er ikkje lenger behov for denne føresegna. Forslaget gjeld også omarbeiding av § 4 første ledd, femte punktum gjennom å fjerna orda «og forsørgingstillegg» i denne setninga: «*Ved første reguleringstidspunkt etter pensjonsuttak i månedene juni til april reguleres pensjonen, unntatt AFP-tillegg og forsørgingstillegg, med en faktor som består av lønnsvekst og av gjennomsnittlig lønns- og prisvekst, vektet ut fra når i denne perioden pensjonen ble tatt ut.*»

Sjå forslaget til endringar i folketrygdlova, overskrifta «V. Forsørgingstillegg» i kapittel 3, §§ 3-3, 3-24, 3-25, 3-26, 12-15, 19-3, 19-8 og 22-16, og lov om avtalefestet pensjon for medlemmer av Statens pensjonskasse §§ 3 og 4.

9.3 Endringar i regelverket for dagpengar under arbeidsløyse – folketrygdlova kapittel 4

9.3.1 Tydeleggjering av plikta til å registrere seg som arbeidssøkar – folketrygdlova § 4-5

Det følger av folketrygdlova § 4-8 at ein må melde seg som arbeidssøkar til Arbeids- og velferdsetaten for å ha rett til dagpengar. Arbeids- og velferdsetaten bestemmer korleis meldeplikta skal gjennomførast. I praksis gjeld den same framgangsmåten her som i arbeidsmarknadslova § 10, som gir alle med lovleg opphald i Noreg, rett til å registrere seg som arbeidssøkar hos Arbeids- og velferdsetaten. Registreringa etter arbeidsmarknadslova er ikkje knytt til retten til økonomiske ytingar, og arbeidsmarknadslova pålegg heller inga plikt til å registrere seg som arbeidssøkar.

Den plikta som dagpengemottakarane har til å registrere seg hos Arbeids- og velferdsetaten, er ein nødvendig føresetnad for å kunne reknast som reell arbeidssøkar, men denne koplinga går ikkje særleg klart fram av det gjeldande dagpengeregulverket.

På bakgrunn av dette sende Arbeids- og inkluderingsdepartementet på høyring eit forslag om at plikta til å registrere seg som arbeidssøkar blir tatt inn i kravet om å vere reell arbeidssøkar i folketrygdlova § 4-5, sjå nedanfor punkt 9.3.5.

9.3.2 Tydeleggjering av heimelen for å stanse dagpengar når vilkåra ikkje er til stades – folketrygdlova § 4-21

Etter folketrygdlova § 4-21 fell retten til dagpengar bort dersom vilkåret om å vere reell arbeidssøkar, jf. folketrygdlova § 4-5, ikkje lenger er til stades. I slike tilfelle kan dagpengane bli stansa. Ein dagpengemottakar som har lengre feriefråvær, er sjuk eller let vere å melde seg for å oppretthalde registreringa som arbeidssøkar etter folketrygdlova § 4-8, blir ikkje rekna for å vere reell arbeidssøkar, og kan i praksis få dagpengane stansa. Sjå også § 4-5, slik denne blir foreslått endra, jf. ovanfor i punkt 9.3.1. Dagpengane blir i dag stansa automatisk dersom mottakaren ikkje

lenger er registrert som arbeidssøkar. Dei andre tilfella blir behandla manuelt.

Dagpengemottakarar som er sjukmelde eller som tar ferie, fyller ikkje vilkåret om å vere reell arbeidssøkar, og retten til dagpengar fell bort. At dagpengane då fell bort, følger dermed av § 4-21.

Det følger av den generelle regelen i folketrygdlova § 21-6 at innvilga ytingar kan bli stansa ved endringar i forhold som har betydning for retten til ytingane. Når det gjeld dagpengar, kan slike endra forhold for eksempel vere at ein dagpengemottakar har arbeid av eit omfang som gjer at kravet om minst 50 prosent arbeidstidsreduksjon ikkje er oppfylt. Sidan 1990-tallet har praksis vore at dagpengane automatisk blir stansa dersom kravet til redusert arbeidstid ikkje har vore oppfylt i tre påfølgande meldeperiodar (til saman seks veker) og det ikkje har blitt utbetalt dagpengar. Vilkaåret om å vere arbeidslaus og kravet om tilstrekkeleg tap av arbeidstid går fram av folketrygdlova § 4-3. At dagpengane fell bort fordi vilkåret ikkje er oppfylt, og at dagpengane derfor kan bli stansa, går ikkje like tydeleg fram i desse tilfella, sidan det ikkje gjeld ein tilsvarende regel om bortfall her som etter § 4-21.

Det er vidare praksis at dagpengemottakarar blir tatt ut av arbeidssøkarregisteret når dei ikkje har meldt seg innan fristen, jf. folketrygdlova § 4-8 andre ledd. Som ein konsekvens av dette, blir dagpengane stansa. Mottakarane blir også tatt ut av arbeidssøkarregisteret og får dagpengane stansa etter å ha gitt uttrykkeleg melding om at hun eller han ikkje lenger ønsker å stå tilmeldt som arbeidssøkar. Ei slik melding kan blant anna bli gitt via e-meldinga (meldekortet) til Arbeids- og velferdsetaten, som dagpengemottakarane sender kvar 14. dag.

Høvet til å kontrollere om vilkåra for retten til dagpengar er til stades i heile dagpengeperioden blir ivaretatt gjennom meldeplikta, men fell bort når meldeplikta ikkje blir overhalden. Bakgrunnen for praksisen med å stanse dagpengane på grunn av manglande melding, er soleis i hovudsak eit behov for å kontrollere om vilkåra for dagpengar fortsett er til stades etter lengre opphald i dagpengeperioden. I dag går det ikkje klart fram av § 4-21, sett i samanheng med ordlyden i § 4-5 (kravet om å vere reell arbeidssøkar) og i § 4-8 (meldeplikta), at brot på meldeplikta kan føre til stans av dagpengeperioden.

På bakgrunn av dette sende departementet på høyring eit forslag om å endre § 4-21, slik at gjeldande praksis for stans ved manglande oppfylting av kravet til arbeidstidsreduksjon og stans ved manglande melding, også må gå klarare fram av

dagpengeregelverket, sjå nedanfor i punkt 9.3.5 om høyringa. Departementet foreslo også ein ny heimel til å gi meir detaljerte reglar i forskrifter, til dømes om kor lang tid som kan gå utan at vilkåra for rett til dagpengar er oppfylt, før Arbeids- og velferdsetaten kan fatte vedtak om stans.

9.3.3 Språklege justeringar – folketrygdlova §§ 4-9, 4-10, 4-15, 4-16, 4-20 og 8-49

Reglane om ventetid i folketrygdlova § 4-9 blei erstatta av reglar om ein eigenandel frå 1. januar 2024. Praktiseringa av dei nye reglane har vist at det er eit behov for å rydde i omgrepa i folketrygdlova.

For å unngå forvirring mellom omgrepa ventetid og eigenandel, foreslo departementet at omgrepet «ventedager» blir fjerna heilt frå folketrygdlova § 4-9 første ledd. Ved ein inkurie ble omgrepet «ventetid» i §§ 4-16 og 8-49 ikkje endra til «eigenandel» i samband med endringa i § 4-9. Departementet foreslår å rette opp dette.

Dagpengemottakarar som blir sjuke, kan få sjukepengar på grunnlag av dagpengar, jf. folketrygdlova § 8-49. På same måte som for den tidlegare ventetida, skal eigenandelen etter § 4-9 ikkje påverke utbetalinga av sjukepengar. Eigenandelen skal derfor ikkje gå til frådrag i sjukepengane. Presiseringa i gjeldande § 8-49, som dessutan er knytt til den tidlegare ventetida, er no unødvendig. Det skuldast at dagpengeperioden no startar den dagen dagpengane blir innvilga med verknad frå, og ikkje først etter avvikling av ei ventetid, slik det var tidlegare. Departementet foreslår å endre ordlyden i folketrygdlova § 8-49 i samsvar med dette.

Departementet foreslo i høyringa også endringar i omgrepa i sanksjonsreglane ved sjølvforskyld arbeidsløyse i folketrygdlova § 4-10. Omgrepet «forlenget ventetid» i gjeldande § 4-10, heng saman med dei tidlegare reglane om ventetid i § 4-9. Sidan ventetida er blitt erstatta med ein rein eigenandel, verkar ordbruken i § 4-10 ulogisk. Omgrepet er også nytta i tilvisingane til § 4-10 i §§ 4-15 og 4-20.

Sjå forslaget til endringar i folketrygdlova §§ 4-9, 4-10, 4-15, 4-16, 4-20 og 8-49.

9.3.4 Tydeleggjering av aldersgrensa for rett til dagpengar – folketrygdlova § 4-23

Det går fram av folketrygdlova § 4-23 at retten til dagpengar fell bort når medlemmen fyller 67 år. Aldersgrensa har samanheng med aldersgrensa for alderspensjon, sjå folketrygdlova kapittel 19 og

20. Ordlyden i § 4-23 kan tilseie at dagpengane fell bort den dagen dagpengemottakaren fyller 67 år, men regelen blir praktisert slik at dagpengemottakarane får utbetalt dagpengar ut månaden dei fyller 67 år. Dette har samanheng med folketrygdlova § 22-12 første ledd, som slår fast at dei ytingane som blir utbetalte med månadsterminar, jf. § 22-10 tredje ledd, blir innvilga med verknad frå og med månaden etter at vilkåra for ytinga er oppfylt. Det gjeld mellom anna for alderspensjon. Skulle ordlyden i § 4-23 bli lagt til grunn, ville dagpengemottakarane stå utan trygdeytningar i resten av dagane av månaden etter 67-årsdagen, sidan alderspensjonen først blir utbetalt frå og med månaden etter den månaden dei fylte 67 år.

Praksisen er langvarig, gir eit rimeleg resultat og er i samsvar med intensjonen om at ein skal kunne få dagpengar fram til den tida ein kan få full alderspensjon. Praksisen bør få tydelig forankring i lovteksten.

Sjå forslaget til endringar i folketrygdlova § 4-23.

9.3.5 Høyring

Arbeids- og inkluderingsdepartementet sende forslaga som er nemnd under punkt 9.3.1 til 9.3.3, på ei forkorta høyring 19. august 2024, til følgjande høyringsinstansar:

Departementa

Arbeids- og velferdsdirektoratet
Domstolsadministrasjonen
Trygderetten

Akademikerne
Advokatforeningen
Arbeidsgiverforeningen Spekter
Fellesforbundet
Hovedorganisasjonen Virke
Juristforbundet
Jussbuss
KS – Kommunesektorens interesse-
og arbeidsgiverorganisasjon
Landsorganisasjonen i Norge
Nito
Næringslivets hovedorganisasjon
Samfunnsbedriftene
Tekna
Unio
Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund

Høyringsfristen var 13. september 2024.

Følgjande høyringsinstansar har merknadar:

Arbeids- og velferdsdirektoratet
Landsorganisasjonen i Norge

Følgjande høyringsinstansar har svart at dei ikkje har merknadar:

Forsvarsdepartementet
Justis- og beredskapsdepartementet
Domstolsadministrasjonen

9.3.6 Vurderingar og forslag

I forslaget som har vore på høyring, foreslo departementet mellom anna at det direkte i folketrygdlova § 4-21 blei regulert i kva for tilfelle og tidspunkt dagpengane skulle falle bort. Forslaget var avgrensa til ein klar heimel for stans av dagpengar ved manglande melding etter folketrygdlova § 4-8 og manglande oppfylting av kravet til arbeidstidsreduksjon. I høyringssvaret frå *Arbeids- og velferdsdirektoratet* går det fram at det tilsvarande er eit behov for å regulere vedtak om stans også i dei andre tilfella kor vilkåra for retten til dagpengar ikkje lenger er til stades. Arbeids- og velferdsdirektoratet meiner vidare at det i tillegg bør gå fram at vedtak om stans kan gjelde heile meldeperiodar som enno ikkje er berekna.

Departementet er samd med direktoratet i dette, og foreslår at folketrygdlova § 4-21 blir endra slik at det går fram at retten til dagpengar fell bort ikkje berre når ein ikkje lenger reknast som reell arbeidssøkar, men også når vilkåra som går fram av kapittel 4 elles ikkje lenger er oppfylt.

Departementet foreslår å vidareføre den gjeldande praksisen for å stanse dagpengeperioden etter tre påfølgjande meldeperiodar utan dagpengeutbetalingar, men meiner det er viktig å synleggjere praksisen gjennom nærmare regulering i dagpengeforskrifta. Tilsvarande foreslår departementet å vidareføre og synleggjere gjeldande praksis for å stanse dagpengane når dei generelle vilkåra for rett til dagpengar ikkje er oppfylt, mellom anna ved manglande e-melding (meldekort), når medlemmane uttrykkeleg har meldt frå om at dei ikkje lenger ønsker å vere registrert som arbeidssøkar, og ved utanlandsopphald som ikkje er omfatta av unntaka som følger av folketrygdlova § 4-2 og dagpengeforskrifta kapittel 1 og 13.

Landsorganisasjonen i Norge (LO) støttar endringsforslaga, med unntak av departementet sitt forslag til erstatning for omgrepet «forlenget ventetid». Dei skriv:

«Når det gjelder begrepsendringar, støtter vi ikke departementets forslag om å innføre

begrepet «sanksjonsperiode» knyttet til situasjoner med såkalt selvforskyldt arbeidsløshet. Dette kan iblant være kompliserte prosesser med uklarheter hva gjelder skyld, og vi foreslår i stedet at begrepet «egenandelsperiode» tas i bruk.»

Departementet meiner at omgrepet «egenandelsperiode» ikkje er dekkande, sidan den ilagde perioden utan dagpengar etter § 4-10, er meint å vere ein straffliknande reaksjon mot manglande oppfyljing av kravet om å vere reell arbeidssøkar, jf. § 4-5, og ikkje nokon eigenandel lik eigenandelen som er regulert i § 4-9. Departementet foreslår derfor at omgrepet «forlenget ventetid» i §§ 4-10, 4-15 og 4-20, blir erstatta med «sanksjonsperiode».

Ingen av høyringsinstansane har hatt innvendingar eller merknader når det gjeld endringsforslaga elles. Departementet foreslår derfor at plikta til å registrere seg som arbeidssøkar blir tatt inn i kravet om å vere reell arbeidssøkar i folketrygdlova § 4-5. For å synleggjere at vilkåra som er stilt opp i § 4-5 første ledd bokstav a til d, er kumulative, foreslår departementet i tillegg å føye til eit «og» før bokstav d. Departementet foreslår også å følge opp forslaga til språklege endringar i §§ 4-9 og 4-16, og å endre § 8-49 i samsvar med forslaget som var på høyring.

Sjå forslaget til endringar i folketrygdlova §§ 4-5, 4-9, 4-10, 4-15, 4-16, 4-20, 4-21 og 8-49.

9.4 Endringar i regelverket for arbeidsavklaringspengar – folketrygdlova kapittel 11

9.4.1 Tydeleggjering av øvre aldersgrense for rett til arbeidsavklaringspengar – folketrygdlova § 11-4

Det går fram av folketrygdlova § 11-4 at retten til arbeidsavklaringspengar fell bort når medlemmen fyller 67 år. Aldersgrensa har samanheng med aldersgrensa for alderspensjon, sjå folketrygdlova kapittel 19 og 20. Ordlyden i § 11-4 kan tilseie at arbeidsavklaringspengane fell bort den dagen mottakaren fyller 67 år, men regelen blir praktisert slik at mottakarane får utbetalt arbeidsavklaringspengar ut månaden dei fyller 67 år. Dette har samanheng med folketrygdlova § 22-12 første ledd, som slår fast at dei ytingane som blir utbetalte med månadsterminar, jf. § 22-10 tredje ledd, blir innvilga med verknad frå og med månaden etter at vilkåra for ytinga er oppfylt. Det gjeld mellom anna for alderspensjon. Skulle ordlyden i

§ 11-4 bli lagt til grunn, ville mottakarane av arbeidsavklaringspengar stå utan trygdeytingar i resten av dagane av månaden etter 67-årsdagen, sidan alderspensjonen først blir utbetalt frå og med månaden etter månaden dei fylte 67 år.

Praksisen er langvarig, gir eit rimeleg resultat og er i samsvar med intensjonen om at ein skal kunne få arbeidsavklaringspengar fram til den tida ein kan få full alderspensjon. Den bør få tydeleg forankring i lovteksten.

Sjå forslaget til endring av folketrygdlova § 11-4, og dessutan tilsvarende forslag til endring av folketrygdlova § 4-23.

9.4.2 Tydeleggjering av føresegna om arbeidsavklaringspengar til ein medlem som ikkje har opparbeidd seg ny rett til sjukepengar – folketrygdlova § 11-13

Folketrygdlova § 11-13 heimlar rett til arbeidsavklaringspengar for personar som ikkje har opp tent ny rett til sjukepengar. Ordlyden i føresegna blei noko endra frå 2018. Av forarbeida til endringa går det fram at dette ikkje skulle medføre nokon materielle endringar, jf. Prop. 74 L (2016–2017) punkt 9.4.

For at det skal vere heilt klart at det ikkje blir stilt noko krav til nedsett arbeidsevne av ei viss varigheit for rett til arbeidsavklaringspengar etter folketrygdlova § 11-13, foreslår departementet ei justering av ordlyden til føresegna. Ettersom arbeidsavklaringspengar etter føresegna i alle dei fem alternative situasjonane blir gitt for ei avgrensa periode på inntil seks månader, foreslår departementet å presisere innleiingsvis i føresegna at det ikkje blir stilt noko krav til nedsett arbeidsevne av ei viss varigheit.

Av reint språklege omsyn blir det også foreslått nokon andre mindre justeringar i føresegna.

Sjå forslaget til endring av folketrygdlova § 11-13 første ledd.

9.4.3 Oppheving av føresegna om arbeidsavklaringspengar i periodar utan påbyrja aktivitet – folketrygdlova § 11-16

Etter folketrygdlova § 11-16 kan det bli gitt arbeidsavklaringspengar i periodar utan påbyrja aktivitet. Føresegna har ikkje noka sjølvstendig betydning då arbeidsavklaringspengar, også i periodar utan påbyrja aktivitet, kan gis etter andre heimlar i regelverket. Etter gjeldande praksis blir føresegna heller ikkje nytta.

Departementet foreslår å oppheva føresegna.

9.4.4 Tydeleggjering av føresegna om perioden det kan bli gitt arbeidsavklaringspengar til personar som har søkt om uføretrygd – folketrygdlova § 11-18

Etter folketrygdlova § 11-18 kan personar som har søkt om uføretrygd få arbeidsavklaringspengar i inntil åtte månader medan søknaden deira om uføretrygd blir behandla. Det kan likevel ikkje bli gitt slikt vedtak for meir enn fire månader av gongen.

Saksbehandlingstida for søknadar om uføretrygd har dei siste åra vore på langt over fire månader, slik at det som hovudregel må fattast to vedtak om arbeidsavklaringspengar medan ein søknad om uføretrygd blir behandla. Det betyr at det må gjerast ei ny behandling av saka om arbeidsavklaringspengar, som inkluderer ei undersøking av kvifor søknaden om uføretrygd enno ikkje er ferdigbehandla. Årsaka til dette vil i dei aller fleste tilfella skuldast lang saksbehandlingstid. Denne nye behandlinga krev saksbehandlingsressursar, og kan gi utryggleik hos mottakarane for om utbetalinga av arbeidsavklaringspengar vil stanse allereie etter fire månader.

Departementet foreslår å endre folketrygdlova § 11-18, slik at det kan bli gitt vedtak om arbeidsavklaringspengar under behandling av krav om uføretrygd i inntil åtte månader i eitt vedtak. Forslaget om endring inneber ikkje noko endring av at arbeidsavklaringspengar etter denne heimelen ikkje gis for ein lengre periode enn det som trengst for behandlinga av mottakaren sin søknad om uføretrygd.

Sjå forslaget til endring av folketrygdlova § 11-18 første ledd.

9.5 Retting av tilvisingsfeil i folketrygdlova §§ 13-2 og 13-11

Folketrygdlova kapittel 13 har reglar om yrkesskadedekning. Reglane gir ytingar på lempelegare vilkår og/eller etter gunstigare berekningsreglar enn dei ordinære reglane.

Føresegna i § 13-2 første og andre ledd er av informativ karakter og gir ei oversikt over kvar i lova berekningsreglane ved yrkesskade står.

I § 13-2 andre ledd blir niande strekpunkt endra slik at det viser til § 18-10.

I § 13-2 andre ledd er det inga tilvising til reglane som gjeld yrkesskadedeberekna alders-

pensjon etter kapittel 20 i lova (ny alderspensjon). Av informasjonsomsyn bør paragrafen vise til dei mest sentrale føresegnene i kapitlet; § 20-10 fjerde ledd og forskriftsheimelen i § 20-7 a niande ledd.

Departementet foreslår på denne bakgrunnen at tilvisinga i § 13-2 andre ledd niande strekpunkt blir endra slik at det viser til § 18-10. I tillegg får § 13-2 andre ledd eit nytt ellefte strekpunkt, som viser til at ny yrkesskadedeberekna alderspensjon står i § 20-10 fjerde ledd og i § 20-7 a niande ledd.

Føresegna i § 13-11 omhandlar deltakarar i arbeidsretta tiltak. I første ledd første punktum heiter det at medlemmer som deltek i arbeidsretta tiltak, kurs eller liknande i regi av Arbeids- og velferdsetaten, i kvalifiseringsprogram i kommunal regi, eller i program i samsvar med introduksjonslova, er yrkesskadedekka. Introduksjonslova blei i 2021 erstatta av lov 6. november 2020 nr. 127 om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid (integreringsloven).

Departementet foreslår på denne bakgrunnen at i § 13-11 første ledd første punktum blir tilvisinga til introduksjonslova endra til å vise til integreringslova.

Sjå forslaget til endringar i folketrygdlova § 13-2 andre ledd og § 13-11 første ledd første punktum.

9.6 Retting av skrivefeil i folketrygdlova § 20-4

I folketrygdlova § 20-4 tredje ledd er det ein skrivefeil som departementet no foreslår å rette. Feilstavinga «inntekstskatt» blir foreslått endra til «inntektsskatt».

Sjå forslaget til endring i folketrygdlova § 20-4 tredje ledd.

9.7 Retting av feil i arbeidsmarknadslova § 22

Arbeidsmarknadslova § 22 gir reglar om tilbakebetaling av feilutbetalte ytingar, og inneheld ei tilvising til folketrygdlova §§ 22-15 og 22-17.

Tidlegare regulerte folketrygdlova § 22-17 både spørsmålet om renter ved etterbetaling av ytingar og spørsmålet om renter ved tilbakekreving av feilutbetalte ytingar. Folketrygdlova § 22-17 blei endra med verknad frå 1. januar 2009, jf. Ot.prp. nr. 76 (2007–2008). Regelen om renter ved feilutbetalingar blei skild ut og regulert i ny

§ 22-17 a. I dag regulerer folketrygdlova § 22-17 berre spørsmålet om renter ved etterbetaling av ytingar. Arbeidsmarknadslova § 22 blei ikkje samtidig endra. Ettersom arbeidsmarknadslova § 22 etter ordlyden sin berre regulerer feilutbetalte ytingar, er den korrekte tilvisinga folketrygdlova § 22-17 a. Departementet foreslår at tilvisinga blir oppdatert.

Sjå forslaget til endring av arbeidsmarknadslova § 22.

9.8 Presiseringar og retting av feil i statsborgarlova

9.8.1 Presisering i § 2 første ledd om Sysselmeisteren si behandling av personopplysningar etter lova

Sysselmeisteren på Svalbard behandlar personopplysningar i saker etter statsborgarlova. Sysselmeisteren kan ta imot og førebu saker etter statsborgarlova, eksempelvis søknader og meldingar om norsk statsborgarskap, søknader om tap av statsborgarskap og søknader om å behalde statsborgarskap.

Det følger av personvernforordninga artikkel 5 nr. 2 at den behandlingsansvarlege er ansvarleg for og skal kunne påvise at prinsippa for behandling av opplysningar som fastsettast i artikkel nr. 1 blir overheld. Behandlingsansvarleg er i personvernforordninga artikkel 4 nr. 7 definert som ein *«fysisk eller juridisk person, en offentlig myndighet, en institusjon eller ethvert annet organ som alene eller sammen med andre bestemmer formålet med behandlingen av personopplysninger og hvilke midler som skal benyttes»*. Føresegna opnar for at ein gjennom nasjonal lovgiving kan peike ut kven som skal vere behandlingsansvarleg dersom formålet og verkemidla for behandlinga også er fastsett i lov.

Sysselmeisteren er ikkje eksplisitt nemnd som sjølvstendig behandlingsansvarleg i statsborgarregelverket. Ifølge statsborgarlova § 29 a kan organa nemnde i § 2 i lova behandle personopplysningar. Organa nemnde i § 2 er Kongen, departementet, Utlendingsnemnda, Utlendingsdirektoratet, politiet og norske utanriksstasjonar. I og med at Sysselmeisteren ikkje er nemnd i statsborgarlova, er det dei alminnelege reglane i personvernlovgivinga som gjeld, noko som ikkje er til hinder for at Sysselmeisteren blir rekna som behandlingsansvarleg.

Departementet foreslår å presisera i statsborgarlova § 2 første ledd at Sysselmeisteren på

Svalbard har styresmakt i statsborgarsaker. Dette vil gjera det tydeleg at Sysselmeisteren kan behandle personopplysningar til eigne formål, jf. statsborgarlova § 29 a første ledd, og vil synleggjera at Sysselmeisteren er eit eige pliktsubjekt etter personvernforordninga artikkel 4 nr. 7 for oppgåvene sine etter statsborgarlova. Endringa inneber berre ei tydeleggjering i lova og vil ikkje medføra ei realitetsendring. Departementet reknar det som openbert unødvendig å senda forslaget på alminneleg høyring, jf. utgreiingsinstruksen punkt 3-3.

Sjå forslaget til endring av statsborgarlova § 2.

9.8.2 Oppdatering av tilvising i § 7 tredje ledd

Statsborgarlova § 7 første ledd bokstav e oppstiller krav om åtte års opphaldstid i riket for å få innvilga statsborgarskap. Opphaldsløyva må vere av minst eitt års varigheit for at dei skal inngå i berekningsperioden. Statsborgarlova § 7 tredje ledd regulerer unntak frå kravet om løyve med minst eitt års varigheit for vurderingar etter § 7 første ledd bokstav e, §§ 11, 12, 15, 16, 17 og 18. Statsborgarlova §§ 10 og 16 a er ved ein inkurie ikkje nemnd i føresegna. Departementet foreslår ei oppretting, slik at føresegna har rette tilvisingar. Departementet reknar det som openbert unødvendig å senda forslaget på alminneleg høyring, jf. utgreiingsinstruksen punkt 3-3.

Sjå forslaget til endring av statsborgarlova § 7.

9.8.3 Nemninga «Kompetanse Norge» blir endra til «Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse» i § 29 b første ledd bokstav j

Statsborgarlova § 29 b omhandlar forvaltningsorgan sin tilgang til å dele personopplysningar utan hinder av teieplikt når det er nødvendig for å opplysa saka. Første ledd bokstav j i føresegna viser til «Kompetanse Norge», som sidan 1. juni 2021 har blitt ein del av Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse. Departementet foreslår at pliktsubjektet i føresegna blir endra til «Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse». Departementet reknar det som openbert unødvendig å sende forslaget på alminneleg høyring, jf. utgreiingsinstruksen punkt 3-3.

Sjå forslaget til endring av statsborgarlova § 29 b.

9.9 Overgangsstønad frå folketrygda inngår ikkje i inntektsprøvinga av uførepensjon frå offentleg tenestepensjonsordning

Etter omlegginga av uførepensjonsreglane frå 2015 er utgangspunktet at uførepensjon frå dei offentlege tenestepensjonsordningane er nettoberekna. Ein nettoberekna uførepensjon føreset at det blir utbetalt ei uføreying frå folketrygda. Det er likevel vidareført ei moglegheit for å yte bruttoberekna uførepensjon når inntektsevna ikkje er satt ned i ei slik grad at det er rett til arbeidsavklaringspengar eller uføretrygd frå folketrygda. Satsen for ei slik yting er høgare enn for ein nettoberekna pensjon.

Ved lov 16. juni 2023 nr. 35 om endringer i lov om samordning av pensjons- og trygdeytelser og enkelte andre lover (tilpasninger til ny omstillingsstønad fra folketrygden) blei det bestemt at overgangsstønad frå folketrygda etter folketrygdlova kapittel 15 og 17 A ikkje inngår i inntektsprøvinga av uførepensjon frå offentleg tenestepensjonsordning når uførepensjonen er berekna som ein nettopensjon. Departementet meiner dette også bør gjelde når uførepensjonen er berekna som ein bruttopensjon. Brutto uførepensjon blir samordna med overgangsstønad frå folketrygda etter føresegnene i samordningslova. Dersom overgangsstønaden både skal vere ei samordningspliktig yting og inntektsavkorte uførepensjonen, vil dette kunne medføre ein urimeleg høg reduksjon av uførepensjonen frå tenestepensjonsordninga.

Justeringa inneber ei presisering av at brutto uførepensjon frå dei tre lovfesta tenestepensjonsordningane ikkje skal bli inntektsprøvd for overgangsstønad frå folketrygda etter folketrygdlova kapittel 15 og 17 A. Ved brev av 19. februar 2024 frå departementet er leverandørane av offentleg tenestepensjon orientert om at departementet vil fremja eit lovforslag i samsvar med dette. Leverandørane er her bede om å legge til grunn at overgangsstønad frå folketrygda ikkje skal inngå i inntektsprøvinga av uførepensjonen, også når den er berekna som ein bruttopensjon.

Departementet legg til grunn at ingen av leverandørane både har inntektsprøvd pensjonen og samordna denne mot overgangsstønaden.

Sjå forslaget til endring av lov om Statens pensjonskasse § 29, lov om pensjonsordning for apotekvirksomhet mv. § 12, og lov om pensjonsordning for sykepleiere § 15.

9.10 Presisering av kven som er omfatta av samordningslova § 24 a og § 24 c

Det er behov for å endre overskriftene til samordningslova § 24 a og § 24 c slik at det tydeleg kjem fram der kven som er omfatta av føresegnene.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet sendte eit forslag til endring av samordningslova på høyring 24. juni 2024. Forslaget blei sendt saman med forslag til endringer i forskrift om samordning av alderspensjon fra offentlig tjenestepensjonsordning med alderspensjon etter folketrygdloven kapittel 20 og enkelte andre forskrifter. Forslaga blei sendt til følgande høyringsinstansar:

Departementa

Arbeids- og velferdsdirektoratet
Datatilsynet
Finanstilsynet
Konkurransetilsynet
Likestillings- og diskrimineringsombodet
Maritim pensjonskasse
Pensjonsordning for apotekvirksomhet
Pensjonsordning for sykepleiere
Pensjonstrygden for fiskere
Regelrådet
Regjeringsadvokaten
Senter for seniorpolitikk (no Kunnskapscenter for lengre arbeidsliv)
Senteret for et aldersvennleg Norge
Skattedirektoratet
Statens pensjonskasse
Statistisk sentralbyrå
Trygderetten

Sivilombodet

Oslo kommune

Akademikerne
Arbeidsgiverforeningen Spekter
Den Norske Aktuarforening
Finans Norge
Forsvarets seniorforbund
Gabler AS
Hovedorganisasjonen Virke
Kommunal Landspensjonskasse
KS – Kommunesektorens organisasjon
Landsforbundet for offentlige pensjonister
Landsorganisasjonen i Norge
LO Kommune
LO Stat
Norges ingeniør- og teknologorganisasjon

Norsk Pensjon AS
 Næringslivets Hovedorganisasjon
 Oslo Pensjonsforsikring AS
 Pensjon for alle
 Pensjonistforbundet
 Pensjonskasseforeningen
 Pensjonskontoret
 Regnskap Norge
 Samfunnsbedriftene
 Seniorenes fellesorganisasjon
 Storebrand
 Unio
 Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund

Det blei foreslått ei presisering av overskrifta til samordningslova § 24 a for å tydeleggjere at paragrafen gjeld årskull frå og med 1954-kullet som ikkje er omfatta av reglane om påslagspensjon. Avgrensinga i dag til årskulla 1954–1962 blir for snever. Føresegna gjeld også dei som er fødte i 1963 eller seinare som ikkje er omfatta av reglane om påslagspensjon mv. i lov om Statens pensjonskasse kapittel 5 a og tilsvarende regelverk. Det gjeld til dømes pensjonsopptening i Pensjonsordning for apotekvirksomhet.

Forslaget om endring av overskrifta til samordningslova § 24 c inneber ei presisering av at paragrafen gjeld dei som har oppsett alderspensjon for tenestetid før 2020, og som er omfatta av nye reglar for alderspensjon frå offentlig tenestepensjonsordning, jf. lov om Statens pensjonskasse kapittel 5 a og tilsvarende regelverk.

Høyringsfristen var 4. oktober 2024.

Ingen av dei som hadde merknadar i høyringa, kommenterte forslaga om endringar i samordningslova.

Departementet ønsker å følge opp høyringsforslaget i proposisjonen her.

Sjå forslaget til endring av overskriftene til samordningslova § 24 a og § 24 c.

9.11 Utfasa bruttoberekna barnepensjon frå offentlig tenestepensjonsordning – endringar i samordningslova

Nettoberekna barnepensjon blei innført i offentlig tenestepensjonsordning i 2001. Nettoberekna barnepensjon kjem som eit tillegg til barnepensjon frå folketrygda utan at pensjonane blir samordna etter samordningslova. I ein overgangsperiode frå 2001 var det mogleg å få bruttoberekna barnepensjon frå offentlig tenestepensjonsordning dersom pensjonen starta før 2001.

Bruttoberekna barnepensjon inneber at pensjonen blir samordna med barnepensjon frå folketrygda etter reglane i samordningslova. Overgangsperioden er no over. Det er ingen som lenger får slik bruttoberekna barnepensjon, og omtalen av slik pensjon i føresegnene i samordningslova kan derfor takast ut av lova.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet sendte eit forslag til endring av samordningslova på høyring 4. juli 2023 der reglane om bruttoberekna barnepensjon blei tatt ut av lova. Forslaga blei fremja saman med forslag til endringar i forskrifter til samordningslova som følge av etterlatnereforma. Høyringsforslaget blei sendt til følgjande høyringsinstansar:

Barne- og familiedepartementet
 Finansdepartementet
 Helse- og omsorgsdepartementet
 Justis- og beredskapsdepartementet
 Kommunal- og distriktsdepartementet
 Kultur- og likestillingsdepartementet

Arbeids- og velferdsdirektoratet
 Finanstilsynet
 Likestillings- og diskrimineringsombodet
 Regelrådet
 Pensjonsordning for apotekvirksomhet
 Pensjonsordning for sykepleiere
 Pensjonstrygden for fiskere
 Senter for seniorpolitikk
 Skattedirektoratet
 Statens pensjonskasse
 Statens seniorråd
 Statistisk sentralbyrå
 Trygderetten

Akademikerne
 Arbeidsgiverforeningen Spekter
 Den Norske Aktuarforening
 Fellesordningen for AFP
 Finans Norge
 Forsvarets seniorforbund
 Funksjonshemmedes fellesorganisasjon
 Gabler AS
 Hovedorganisasjonen Virke
 Kommunal Landspensjonskasse
 KS – Kommunesektorens organisasjon
 Landsforbundet for offentlige pensjonister
 Landsorganisasjonen i Norge
 LO Stat
 Maritim pensjonskasse
 Norges ingeniør- og teknologorganisasjon
 Norsk Pensjon AS
 Næringslivets Hovedorganisasjon

Oslo Pensjonsforsikring AS
 Pensjon for alle
 Pensjonistforbundet
 Pensjonskasseforeningen
 Pensjonskontoret
 Samarbeidsforumet for funksjonshemmedes organisasjoner
 Samfunnsbedriftene
 Senior Norge
 Seniorenes fellesorganisasjon
 Unio
 Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund

Høyringsfristen var 4. oktober 2023.

Ingen av dei som hadde merknadar i høyringa kommenterte forslaga om endringar i samordningslova.

Departementet ønsker å følge opp høyringsforslaget i proposisjonen her.

Sjå forslaget til endring av samordningslova §§ 18, 22 og 23.

9.12 Heimel for å fastsette forholdstal i AFP-tilskottslova for arbeidstakarar fødd i 1963 eller seinare

For å berekne og utbetale avtalefesta pensjon (AFP) i privat sektor må ein bruke forholdstal som blir fastsett av Arbeids- og velferdsetaten. I dag er det berre heimel for å utarbeide forholdstal etter folketrygdlova § 19-7, det vil seia for årskull fødd til og med 1962-kullet. For å gi heimel til at Arbeids- og velferdsdirektoratet kan fastsette forholdstal for arbeidstakarar fødd i 1963 eller seinare til bruk i AFP-berekninga, blir det fremja forslag om å gi slik heimel i AFP-tilskottslova § 7 første ledd nytt femte punktum. Etter forslaget fastset Arbeids- og velferdsdirektoratet forholdstal for arbeidstakarar fødd i 1963 eller seinare ut frå prinsippa som går fram av folketrygdlova § 19-7.

Sjå forslaget til endring i AFP-tilskottsloven § 7.

9.13 Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar

Departementet foreslår at desse endringane tar til å gjelde straks: oppheving av innhaldslistene i

folketrygdlova (sjå punkt 9.1), endringa i folketrygdlova § 8-49 (sjå punkt 9.3), endringar i regelverket for arbeidsavklaringspengar – folketrygdlova kapittel 11 (sjå punkt 9.4), retting av lovteknisk feil i folketrygdlova §§ 13-2 og 13-11 (sjå punkt 9.5), retting av skrivefeil i folketrygdlova § 20-4 (sjå punkt 9.6), retting av feil i arbeidsmarknadslova § 22 (sjå punkt 9.7), presiseringar og retting av feil i statsborgarlova (sjå punkt 9.8) og ny heimel for å fastsette forholdstal i AFP-tilskottslova for arbeidstakarar fødd i 1963 eller seinare (sjå punkt 9.12).

Endringane i punkt 9.2 om oppheving av føresegner om ektefelle tillegg og barn tillegg til alderspensjon – folketrygdlova kapittel 3, 12, 19 og 22 og lov om avtalefestet pensjon for medlemmer av Statens pensjonskasse §§ 3 og 4 blir foreslått å gjelde frå 1. januar 2025.

Departementet foreslår at endringane i regelverket for dagpengar under arbeidsløyse i folketrygdlova kapittel 4 tar til å gjelde 1. januar 2025 (sjå punkt 9.3).

Endringane i punkt 9.9 om at overgangsstonad frå folketrygda ikkje inngår i inntektsprøvinga av uførepensjon frå offentlig tenestepensjonsordning, punkt 9.10 om presisering om kven som er omfatta av samordningslova § 24 a og § 24 c og punkt 9.11 utfasa bruttoberekna barnpensjon frå offentlig tenestepensjonsordning – endringar i samordningslova, blir foreslått å tre i kraft så raskt som mogleg etter at lova er vedtatt.

Forslaga har ikkje økonomiske konsekvensar.

Forslaget i punkt 9.3 om endringar i regelverket for dagpengar under arbeidsløyse i folketrygdlova kapittel 4 kan gi nokre administrative forenklingar som følge av at regelverket blir tydelegare og lettare å forstå. Forslaget i punkt 9.4 om endring av folketrygdlova § 11-18 om arbeidsavklaringspengar til ein person som skal vurderast for uføretrygd, kan innebere noka administrativ innsparing. Forslaget i punkt 9.12 om heimel for å fastsette forholdstal i AFP-tilskottslova for arbeidstakarar fødd i 1963 eller seinare har små administrative konsekvensar for Arbeids- og velferdsdirektoratet. Dei andre forslaga har ingen administrative konsekvensar.

10 Merknadar til dei enkelte paragrafane i lovforslaget

Endringane i folketrygdlova

Til innhaldsforteikninga m.m.

Den *innleiande oversikta* og *dei kapittelvise innhaldslistene* blir oppheva.

Sjå punkt 9.1.

Til overskrifta «V. Forsørgingstillegg» i kapittel 3

Opphevinga av *overskrifta «V. Forsørgingstillegg»* i kapittel 3 er ei teknisk tilpassing til at føresegnene om forsørgingstillegg blir oppheva.

Sjå punkt 9.2.

Til § 3-3

Paragrafen gir reglar om særtillegg. Det går fram av sjetle ledd at ein pensjonist som oppfyller vilkåra for rett til ektefelle tillegg i § 3-24 første og fjerde ledd for forsørga ektefelle over 60 år, får særtillegg med to gonger ordinær sats. Opphevinga av § 3-24 gjer at § 3-3 må omformulerast. Endringane i *sjetle ledd* inneber ei vidareføring av gjeldande rett sjølv om § 3-24 blir oppheva.

Sjå punkt 9.2.

Til §§ 3-24 til 3-26

Paragrafane gir reglar om forsørgingstillegg. Utbetalinga av tillegg har vore gradvis redusert sidan 2023 og fell heilt bort frå 1. januar 2025. Reglane kan derfor opphevast.

Sjå punkt 9.2.

Til § 4-5

Folketrygdlova § 4-5 gjeld vilkåret for rett til dagpengar, om å vere reell arbeidssøkar. I praksis blir det stilt krav om å vere registrert som arbeidssøkar hos Arbeids- og velferdsetaten, og dette bør gå klart fram av lova. For å synleggjere at vilkåra som er stilt opp i *første ledd* er kumulative, blir eit «og» lagt til før bokstav d.

Sjå punkt 9.3.1.

Til § 4-9

Folketrygdlova § 4-9 gjeld ein eigenandel som blir trekt i den eller dei første dagpengeutbetalingane. Eigenandelen erstatta frå og med 2024 den tidlegare ventetida. Å bruke omgrepet ventedagar i den gjeldande regelen kan verke forvirrande og bør derfor bli tatt ut av § 4-9. I tillegg blir det gjort ei språkleg justering.

Sjå punkt 9.3.3.

Til §§ 4-10, 4-15, 4-16 og 4-20

Etter folketrygdlova § 4-10 kan dagpengemottakarane få vedtak om forlenga ventetid på anten 18 eller 26 veker dersom dei sjølv er skuld i at dei er arbeidslause. Sidan den tidlegare ventetida etter § 4-9 er erstatta med ein eigenandel, bør omgrepet «forlenga ventetid» ikkje lenger nyttast. Departementet foreslår å erstatte omgrepet med «sanksjonsperiode». I §§ 4-15, 4-16 og 4-20 blir omgrepet nytta ved at det er vist til § 4-10. Omgrepet blir endra tilsvarande i desse reglane. I tillegg blir det gjort nokre mindre språklege endringar i § 4-10 *tredje ledd* og § 4-20 *femte ledd*, som heller ikkje har noko materielt innhald.

Sjå punkt 9.3.3 og 9.3.6.

Til § 4-21

Folketrygdlova § 4-21 gir reglar om bortfall av retten til dagpengar når vilkåra ikkje lenger er til stades. Det blir no gitt reglar som tydeleggjer at dagpengeretten ikkje berre fell bort når vilkåret om å vere reell arbeidssøkar ikkje er oppfylt, men også når dei andre vilkåra for rett til dagpengar ikkje lenger er til stades. Samtidig blir konsekvensen av bortfall tydelegare, gjennom ein ny heimel til å gi forskrifter med nærmare reglar om i kva tilfelle Arbeids- og velferdsetaten skal eller kan fatte vedtak om stans av dagpengane, og frå kva for eit tidspunkt bortfallet får verknad.

Sjå punkt 9.3.2.

Til 4-23

Ordlyden i § 4-23 blir endra slik at den samsvarar med gjeldande praksis om at retten til dagpengar fell bort ved utgangen av den månaden medlemmen fyller 67 år.

Sjå punkt 9.3.4.

Til § 4-26

Folketrygdlova § 4-26 *første ledd bokstav a* blir endra, slik at det går fram at dagpengane no berre skal bli reduserte med utbetalingar av ei offentleg tenestepensjon som ikkje er utforma i samsvar med prinsippa om nøytralt og fleksibelt uttak. Dagpengane blir ikkje samordna med offentleg tenestepensjon som er utforma i tråd med desse prinsippa.

Sjå punkt 2.

Til § 8-49

Tidlegare var det nødvendig å presisere at retten til sjukepengar etter § 8-49, også gjaldt i ventetida etter dågjeldande § 4-9, det vil seie før utbetalingane starta. Etter at ventetida er erstatta med ein eigenandel, blir dagpengeperioden og -utbetalingane starta den dagen dagpengane blir innvilga med verknad frå. Ordlyden i § 8-49 *første ledd første punktum* blir endra i samsvar med dette.

Sjå punkt 9.3.3.

Til § 11-4

Første ledd blir endra, og det blir også lagt til eit *nytt andre punktum*. Endringa lovfestar praksisen om at arbeidsavklaringspengar kan bli gitt til og med utløpet av den månaden medlemmen fyller 67 år.

Sjå punkt 9.4.1.

Til § 11-13

Første ledd blir endra, slik at det går klart fram at det ikkje skal stillast krav til varigheita av den nedsette arbeidsevna til medlemmen ved vurdering av retten til å få arbeidsavklaringspengar etter folketrygdlova § 11-13. Endringa inneber inga endring i praksis.

Dei andre endringane i føresegna er reint språklege forbetringar.

Sjå punkt 9.4.2.

Til opphevinga av § 11-16

Føresegna blir oppheva.

Sjå punkt 9.4.3.

Til § 11-18

Første ledd første punktum blir endra, slik at arbeidsavklaringspengar kan bli gitt i inntil åtte månader i eitt vedtak når ein mottakar av arbeidsavklaringspengar skal vurderast for uføretrygd. Ettersom det skal kunne bli gitt arbeidsavklaringspengar i inntil åtte månader i eitt vedtak, blir *første ledd andre og tredje punktum* oppheva som overflødige.

Sjå punkt 9.4.4.

Til § 12-15

Paragrafen gir reglar om barnetillegg, og tredje ledd har reglar om utbetaling av barnetillegg når barnet blir forsørgra av fleire som mottok uføretrygd eller alderspensjon. Tillegget skal utbetalast til den som har rett til høgast tillegg. Endringa i *tredje ledd første punktum* inneber at tilvisinga til alderspensjon går ut, og er ei tilpassing til at alderspensjonistar ikkje har rett til barnetillegg frå og med januar 2025.

Sjå punkt 9.2.

Til § 13-2

Andre ledd er av informativ karakter og gir ei oversikt over kvar i lova berekningsreglane ved yrkesskade står. Den har i seg sjølv ingen rettskapande verknad. I *niande strekpunkt* blir det informert om at reglar om barnepensjon står i § 18-11, det rette er § 18-10. *Nytt ellefte strekpunkt* informerer om at reglar om ny alderspensjon står i § 20-10 fjerde ledd og § 20-7 a niande ledd, som heimlar forskrift 22. desember 2009 nr. 1810 kap. 2, del III, med nærmare reglar om korleis inntekta skal fastsettast når uførleiken heilt eller delvis kjem frå ein yrkesskade. Det nye strekpunktet gjer det nødvendig med ei teknisk endring i *tiande strekpunkt*.

Sjå punkt 9.5.

Til § 13-11

Føresegna omhandlar deltakarar i arbeidsretta tiltak. På grunnlag av ei lovendring i 2021 er tilvisinga i *første ledd første punktum* til introduksjonslova erstatta med integreringslova.

Sjå punkt 9.5.

Til § 19-3

Paragrafen gir reglar om vedvarande medlemskap i folketrygda for rett til alderspensjon. Tredje ledd

andre punktum gir reglar om berekning av ektefelle tillegg og barnetillegg etter §§ 3-24 og 3-25 for alderspensjonist som ikkje er medlem i trygda. Opphevinga av *tredje ledd andre punktum* er ei tilpassing til at §§ 3-24 og 3-25 blir oppheva.

Sjå punkt 9.2.

Til § 19-8

Paragrafen gir reglar om minste pensjonsnivå for alderspensjon etter kapittel 19, mellom anna kva for satsar som gjeld for den einskilde alderspensjonisten. Det går fram av sjetle ledd at det skal fastsettast ein særskild sats for personar som fyller vilkåra i folketrygdlova § 3-24 første og fjerde ledd for rett til ektefelle tillegg for forsørgd ektefelle over 60 år. Endringane i *sjetle ledd bokstav b* inneber ei vidareføring av gjeldande rett sjølv om § 3-24 blir oppheva.

Sjå punkt 9.2.

Til § 19-9 a

Paragrafen gjeld skjermingstillegg i alderspensjonen til nokon årskull som har uføretrygd ved fylte 67 år. Endringa i *overskrifta* inneber at også personar fødte i 1954 til 1962 er omfatta av ordninga. *Første ledd* blir endra tilsvarende. Det er inga endring i det at tillegget til personar som er fødte i 1944 til 1953 skal skjerma vedkommande for 0,25 prosentpoeng av verknaden av levealdersjusteringa etter folketrygdlova § 19-6. Det nye er at prosentsatsen i tillegget for årskulla 1954–1962 blir sette lik satsen til 1953-kullet.

Sjå punkt 3.

Til § 20-4

I *tredje ledd* blir «inntekstskatt» endra til «inntekstskatt».

Sjå punkt 9.6.

Til § 22-16

Paragrafen gir reglar om avrekning i framtidige ytingar når det er gjort feilutbetalingar fordi mottakarens inntekt har vore høgare enn forutsett, og gjeld mellom anna feilutbetalte ektefelle tillegg og barnetillegg som kan reduserast etter § 3-26. Opphevinga av *andre ledd bokstav a* inneber at tilvisinga til forsørgingstillegga i alderspensjon blir tatt ut, og er ei tilpassing til at §§ 3-24 til 3-26 blir oppheva. Bokstavane b, c, d og e blir *nye a, b, c og d*.

Sjå punkt 9.2.

Endringane i lov om Statens pensjonskasse

Til § 15

I *andre ledd andre punktum* blir dagens heimel til å fastsette vilkåra for at eit mellombels høgare pensjonsgrunnlag skal få verknad for pensjonsberekninga utvida til også å gjelde fastsetting av når eit tidlegare høgare pensjonsgrunnlag skal inngå i pensjonsberekninga.

Sjå punkt 6.

Til § 29

Det blir fastslått i *første ledd fjerde punktum* at overgangsstonad frå folketrygda ikkje inngår i inntektsprøvinga av uførepensjonen. Endringa inneber ei presisering av at overgangsstonaden ikkje inngår i inntektsprøvinga også når uførepensjonen er berekna som ein bruttopensjon, det vil seie i dei tilfella det ikkje ligg føre noka uføreyting frå folketrygda, ikkje berre når uførepensjonen er ein nettoberekna pensjon. Overgangsstonaden kan vere gitt etter folketrygdlova kapittel 15 og kapittel 17 A. Endringa gjer *femte punktum* overflødig og kan opphevast.

Sjå punkt 9.9.

Endringane i lov om pensjonsordning for apotekvirksomhet mv.

Til § 8

I *nr. 2 andre ledd andre punktum* blir dagens heimel til å fastsette vilkåra for at eit mellombels høgare pensjonsgrunnlag skal få verknad for pensjonsberekninga utvida til også å gjelde fastsetting av når eit tidlegare høgare pensjonsgrunnlag skal inngå i pensjonsberekninga.

Sjå punkt 6.

Til § 12

Det blir fastslått i *første ledd fjerde punktum* at overgangsstonad frå folketrygda ikkje inngår i inntektsprøvinga av uførepensjonen. Endringa inneber ei presisering av at overgangsstonaden ikkje inngår i inntektsprøvinga også når uførepensjonen er berekna som ein bruttopensjon, det vil seie i dei tilfella det ikkje ligg føre noka uføreyting frå folketrygda, ikkje berre når uførepensjonen er ein nettoberekna pensjon. Overgangsstonaden kan vere gitt etter folketrygdlova kapittel 15 og kapittel 17 A. Endringa gjer *femte punktum* overflødig og kan opphevast.

Sjå punkt 9.9.

Endringane i samordningslova

Til § 18

I *nr. 3* blir omtalen av bruttoberekna barnepensjon frå offentleg tenestepensjonsordning tatt ut av føresegna. Det kjem av at det ikkje lenger er nokon som får slik pensjon.

Sjå punkt 9.11.

Til § 22

I *nr. 1* blir omtalen av bruttoberekna barnepensjon frå offentleg tenestepensjonsordning tatt ut av føresegna. Det kjem av at det ikkje lenger er nokon som får slik pensjon.

Sjå punkt 9.11.

Til § 23

Nr. 1 bokstav c blir oppheva fordi det ikkje lenger er nokon som får slik bruttoberekna barnepensjon frå offentleg tenestepensjonsordning.

Sjå punkt 9.11.

Til § 24 a

Det blir presisert i *overskrifta* at paragrafen gjeld samordning av alderspensjon frå tenestepensjonsordning med alderspensjon etter folketrygdlova kapittel 20 for medlemmer fødd i 1954 eller seinare som ikkje er omfatta av påslagspensjon mv. frå offentleg tenestepensjonsordning, jf. lov om Statens pensjonskasse kapittel 5 a og tilsvarende regelverk.

Sjå punkt 9.10.

Til § 24 c

Det blir presisert i *overskrifta* at paragrafen gjeld samordning av oppsett alderspensjon frå tenestepensjonsordning med alderspensjon frå folketrygda for medlemmer fødd i 1963 eller seinare som er omfatta av påslagspensjon mv. frå offentleg tenestepensjonsordning, jf. lov om Statens pensjonskasse kapittel 5 a og tilsvarende regelverk.

Sjå punkt 9.10.

Endringa i lov om pensjonsordning for sykepleiere

Til § 15

Det blir fastslått i *første ledd fjerde punktum* at overgangsstonad frå folketrygda ikkje inngår i inntektsprøvinga av uførepensjonen. Endringa inneber ei presisering av at overgangsstonaden

ikkje inngår i inntektsprøvinga også når uførepensjonen er berekna som ein bruttopensjon, det vil seie i dei tilfella det ikkje ligg føre noka uføreyting frå folketrygda, ikkje berre når uførepensjonen er ein nettoberekna pensjon. Overgangsstonaden kan vere gitt etter folketrygdlova kapittel 15 og kapittel 17 A. Endringa gjer *femte punktum* overflødig og kan opphevast.

Sjå punkt 9.9.

Endringane i arbeidsmarknadslova

Til § 13

I forslaget til nytt *fjerde ledd* får departementet heimel til å gi forskrift om ytingar til deltakarar i forsøk med arbeidsmarknadstiltak. I dag gir første ledd andre punktum heimel til å gi forskrift om størrelsen på og vilkåra for tiltakspengar, og det er behov for ein heimel til å kunne gi andre ytingar enn tiltakspengar for deltakarar i forsøk med arbeidsmarknadstiltak.

Sjå punkt 5.

Til § 22

Paragrafen inneheld ei tilvising til folketrygdlova § 22-17. Etter at § 22-17 blei endra med verknad frå 1. januar 2009, er korrekt tilvising i *første ledd* folketrygdlova § 22-17 a.

Sjå punkt 9.7.

Endringane i statsborgarlova

Til § 2

I paragrafen er det gitt informasjon om kva for instansar som har myndighet etter lova. Det kjem vidare fram av § 29 a at organ nemnde i § 2 kan behandle personopplysningar som nemnde i personvernforordninga artikkel 9 og 10, når dette er nødvendig for å utøve styresmakt eller utføre andre oppgåver etter lova. Sysselmeisteren på Svalbard er ikkje eksplisitt nemnd som sjølvstendig behandlingsansvarleg i lova. I og med at sysselmeisteren ikkje er nemnd, er det dei alminnelege reglane i personvernlovgivinga som gjeld, noko som ikkje er til hinder for at Sysselmeisteren blir rekna som behandlingsansvarleg. Forslaget til endring i *første ledd* gjer det tydeleg at Sysselmeisteren har styresmakt i statsborgarsaker og såleis kan behandle personopplysningar til egne formål, på same måte som andre aktørar som behandlar saker etter statsborgarlova.

Sjå punkt 9.8.1.

Til § 7

Statsborgarlova § 7 tredje ledd regulerer unntak frå kravet om løyve med minst eitt års varigheit for vurderingar etter statsborgarlova § 7 første ledd bokstav e, §§ 11, 12, 15, 16, 17 og 18. Statsborgarlova §§ 10 og 16 a er ved ein inkurie ikkje nemnt i føresegna. Dette blir foreslått retta opp i slik at føresegna har rette tilvisingar.

Sjå punkt 9.8.2.

Til § 29 b

Første ledd bokstav j viser til «Kompetanse Norge», som sidan 1. juni 2021 har blitt ein del av Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse. Omtalen av pliktsubjektet i føresegna blir derfor foreslått endra til «Direktoratet for høgere utdanning og kompetanse».

Sjå punkt 9.8.3.

Endringane i lov om pensjonsordning for oppdragstaker i statlig beredskapshjem eller spesialisert fosterhjem

Endring i tittelen på lova

Ordet «statlig» blir tatt vekk i *tittelen* på lova slik at oppdragstakarar i beredskapsheim og spesialisert fosterheim med avtale med Oslo kommune også blir omfatta av lova.

Sjå punkt 7.

Til § 1

Det blir presisert i *første ledd* at oppdragstakarar i beredskapsheim eller spesialisert fosterheim med avtale med Oslo kommune er omfatta av lova.

Sjå punkt 7.

Endringa i AFP-tilskottsloven

Til § 7

I forslaget til *første ledd* nytt *femte punktum* blir det gitt heimel for Arbeids- og velferdsdirektoratet til å fastsette forholdstal for arbeidstakarar fødd i 1963 eller seinare ut frå prinsippa som kjem fram av folketrygdlova § 19-7. Slik fastsetting av forholdstal er nødvendig for fastsettinga av avtalefesta pensjon.

Sjå punkt 9.12.

Endringane i lov om avtalefestet pensjon for medlemmer i Statens pensjonskasse

Til § 3

Paragrafen gir reglar om utforming av AFP. *Første ledd bokstav b fjerde punktum* fastslår at «*Forsørgingstillegg ytes etter reglane for alderspensjon i folketrygdloven § 3-24, men slik at det bare ytes tillegg for forsørging av ektefelle som er 60 år eller eldre.*» Opphevinga av denne setninga er ei tilpassing til at reglane om forsørgingstillegg etter folketrygdlova § 3-24 blir oppheva.

Sjå punkt 9.2.

Til § 4

Paragrafen gir reglar om regulering av pensjonen. Endringa av *første ledd femte punktum* om regulering ved første reguleringstidspunkt etter pensjonsuttak i månadene juni til april, er ei tilpassing til at reglane om forsørgingstillegg etter folketrygdlova § 3-24 blir oppheva.

Sjå punkt 9.2.

Til § 7

I *første ledd tredje punktum* blir ordet «tariffavtale» endra til «avtale» slik at anna stilling med offentlig AFP blir likestilt med stilling omfatta av føresegnene i AFP-lova dersom slik stilling gjer at krava som blir stilte i AFP-lova og den tilhøyrande forskrifta blir oppfylte. Slike stillingar er mellom anna knytt til stillingar i kommunal sektor og stillingar i helsesektoren.

Sjå punkt 8.3.2.

Til § 8

I *første ledd bokstav a første punktum* blir ordet «tariffavtale» endra til «avtale» slik at anna stilling med offentlig AFP blir likestilt med stilling omfatta av føresegnene i AFP-lova dersom slik stilling gjer at krava som blir stilte i AFP-lova og den tilhøyrande forskrifta blir oppfylte. Slike stillingar er mellom anna knytt til stillingar i kommunal sektor og stillingar i helsesektoren.

Sjå punkt 8.3.2.

Til § 9

I *første ledd bokstav a første punktum* blir ordet «tariffavtale» endra til «avtale» slik at anna stilling med offentlig AFP blir likestilt med stilling omfatta av føresegnene i AFP-lova dersom slik stilling gjer at krava som blir stilte i AFP-lova og

den tilhøyrande forskrifta blir oppfylte. Slike stillingar er mellom anna knytt til stillingar i kommunal sektor og stillingar i helsesektoren.

Sjå punkt 8.3.2.

Til § 13

I *tredje ledd* får Statens pensjonskasse ein tydeleg heimel til å innhente nødvendige lønnsopplysningar og opplysningar om pensjonsgivande inntekt frå skattestyresmaktene. Sjå punkt 8.3.3.

I *sjuande ledd* blir det gitt ein heimel for Statens pensjonskasse til å inngå ein avtale med dei andre pensjonsleverandørane av offentleg AFP om kostnadsfordelinga. Avtala må bli godkjend av departementet.

Sjå punkt 8.3.1.

Endringane i lov om endringer i lov om Statens pensjonskasse og enkelte andre lover (opphevelse av minstegrensen for rett til medlemskap)

Til del II

Gjennom endringa blir det innført ei overgangsordning for pensjonistar født før 1965 der det blir gitt unntak for innmelding i pensjonsordninga for apotektilsette når dei har ein eller fleire stillingar som til saman er mindre enn 20 prosent av full stilling. Endringa skjer gjennom å legge til eit nytt § 1 *første ledd andre punktum* i lov om pensjonsordning for apotekvirksomhet mv.

Sjå punkt 4.

Til del III

Gjennom endringa blir det innført ei overgangsordning for pensjonistar født før 1965 der det blir

gitt unntak for innmelding i pensjonsordninga for sjukepleiarar når dei har ein eller fleire stillingar som til saman er mindre enn 20 prosent av full stilling. Endringa skjer gjennom å legge til eit nytt § 3 *første ledd tredje punktum* i lov om pensjonsordning for sykepleiere. I *første punktum* blir ordet «sykepleiere» endra til «sykepleier». Denne siste endringa inneber inga realitetsendring.

Sjå punkt 4.

Føresegna om ikraftsetjing

I del XII i forslag til endringslov er det gitt føresegner om når loven tar til å gjelde.

Endringane i lov om Statens pensjonskasse, lov om pensjonsordning for apotekvirksomhet mv., lov om samordning av pensjons- og trygdeytelser og lov om pensjonsordning for sykepleiere gjeld frå den tid Kongen fastset.

Endringane i folketrygdlova gjeld straks, med unntak av opphevinga av overskrifta «V. Forsørgingstillegg» i kapittel 3 og endringane i §§ 3-3, 3-24, 3-25, 3-26, 4-5, 4-9, 4-10, 4-15, 4-16, 4-20, 4-21, 4-23, 4-26, 12-15, 19-3, 19-8 og 22-16, som gjeld frå 1. januar 2025.

Endringane i arbeidsmarknadslova, statsborgarlova, AFP-tilskottslova og lov om endringer i lov om Statens pensjonskasse og enkelte andre lover (opphevelse av minstegrensen for rett til medlemskap) gjeld straks. Endringane i lov om avtalefestet pensjon for medlemmer i Statens pensjonskasse gjeld straks og med verknad frå 1. oktober 2024, med unntak av endringane i §§ 3 og 4 som gjeld frå 1. januar 2025.

Endringane i lov om pensjonsordning for oppdragstaker i statlig beredskapshjem eller spesialisert fosterhjem gjeld frå 1. juli 2025.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i folketrygdlova og enkelte andre lover (oppfølging av forslag i statsbudsjettet 2025 m.m.).

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t a r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i folketrygdlova og enkelte andre lover (oppfølging av forslag i statsbudsjettet 2025 m.m.) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringer i folketrygdlova og enkelte andre lover (oppfølging av forslag i statsbudsjettet 2025 m.m.)

I

I lov 28. juli 1949 nr. 26 om Statens pensjonskasse skal disse endringane gjerast:

§ 15 andre ledd andre punktum skal lyde:
Departementet kan fastsette vilkårene for at et midlertidig høyere pensjonsgrunnlag og et tidligere høyere pensjonsgrunnlag skal få virkning for pensjonsberegningen.

§ 29 første ledd fjerde punktum skal lyde:
Pensjonen reduseres ikke for arbeidsavklaringspenger, *overgangsstonad* eller omstillingsstonad fra folketrygden.

§ 29 første ledd femte punktum blir oppheva.

II

I lov 26. juni 1953 nr. 11 om pensjonsordning for apotekvirksomhet mv. skal disse endringane gjerast:

§ 8 nr. 2 andre ledd andre punktum skal lyde:
Departementet kan fastsette vilkårene for at et midlertidig høyere pensjonsgrunnlag og et tidligere høyere pensjonsgrunnlag skal få virkning for pensjonsberegningen.

§ 12 første ledd fjerde punktum skal lyde:
Pensjonen reduseres ikke for arbeidsavklaringspenger, *overgangsstonad* eller omstillingsstonad fra folketrygden.

§ 12 første ledd femte punktum blir oppheva.

III

I lov 6. juli 1957 nr. 26 om samordning av pensjons- og trygdeytelser skal disse endringane gjerast:

§ 18 nr. 3 skal lyde:
3. *Barnepensjon fra* personskadetrygd (jfr. § 4 annet ledd) samordnes ved at regelen i nr. 1 anvendes tilsvarende.

§ 22 nr. 1 skal lyde:
1. *Barnepensjon fra* personskadetrygd skal settes ned med barnepensjon fra folketrygden. Blir barnet tilstått uføretrygd fra folketrygden, skal barnepensjonen *fra personskadetrygd* settes ned med det beløp barnepensjonen fra folketrygden har eller ville ha utgjort om uføretrygd ikke var *tilstått*.

§ 23 nr. 1 bokstav c blir oppheva.

§ 24 a overskrifta skal lyde:
Samordning av alderspensjon fra tjenstepensjonsordning med alderspensjon etter folketrygdloven kapittel 20 for medlemmer født i 1954 eller senere som ikke er omfattet av påslagspensjon mv. fra tjenstepensjonsordningen

§ 24 c overskrifta skal lyde:
Samordning av oppsatt alderspensjon fra tjenstepensjonsordning med alderspensjon fra folketrygden for medlemmer født i 1963 eller senere som er omfattet av påslagspensjon mv. fra tjenstepensjonsordningen

IV

I lov 22. juni 1962 nr. 12 om pensjonsordning for sykepleiere skal disse endringane gjerast:

§ 15 første ledd fjerde punktum skal lyde:
Pensjonen reduseres ikke for arbeidsavklaringspenger, *overgangsstonad* eller omstillingsstonad fra folketrygden.

§ 15 første ledd femte punktum blir oppheva.

V

I lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd skal disse endringane gjerast:

Den innleiande innhaldslista «Hvordan folketrygdloven er oppbygd» og dei kapittelvise innhaldslistene blir oppheva.

§ 3-3 sjette ledd skal lyde:

For en pensjonist som *forsørger ektefelle over 60 år, og fyller vilkårene for rett til ektefelletillegg i § 3-24 første og fjerde ledd slik bestemmelsene lød før 1. januar 2025, utgjør særtillegget to ganger ordinær sats.*

Overskrifta «V. Forsørgingstillegg» i kapittel 3 blir oppheva.

§§ 3-24 til 3-26 blir oppheva.

§ 4-5 første ledd skal lyde:

For å ha rett til dagpenger må medlemmet være reell arbeidssøker. Som reell arbeidssøker regnes den som er arbeidsfør, *er registrert som arbeidssøker hos Arbeids- og velferdsetaten* og er villig til

- å ta ethvert arbeid som er lønnet etter tariff eller sedvane,
- å ta arbeid hvor som helst i Norge,
- å ta arbeid uavhengig av om det er på heltid eller deltid, og
- å delta på arbeidsmarkedstiltak.

§ 4-9 første ledd skal lyde:

Etter at dagpengene er innvilget, beregnes det en *egenandel som* tilsvarer tre ganger medlemmets dagsats medregnet eventuelt barnetillegg, jf. § 4-12. *Egenandelen* går til fradrag i medlemmets første dagpengeutbetalinger.

§ 4-10 skal lyde:

§ 4-10 *Sanksjonsperiode ved selvforskyldt arbeidsløshet*

Det ytes dagpenger først etter en *sanksjonsperiode* når medlemmet

- har sagt opp sin stilling uten rimelig grunn,
- har sluttet uten rimelig grunn,
- er avskjediget eller oppsagt på grunn av forhold som kan bebreides vedkommende, eller
- handler som beskrevet i § 4-20 første ledd bokstav a til c.

Sanksjonsperioden løper fra det tidspunkt det er søkt om stønad, og fastsettes til

- atten uker første gang forhold som nevnt i første ledd inntreffer,

- seks måneder dersom forhold som nevnt i første ledd eller § 4-20 har inntruffet to eller flere ganger innenfor de siste tolv *månedene*.

For at det skal kunne *fastsettes sanksjonsperiode* etter andre ledd bokstav b, må det som følge av de tidligere forholdene ha *blitt fattet* vedtak om *sanksjonsperiode* etter bestemmelsene i denne paragraf eller vedtak om tidsbegrenset bortfall av dagpenger etter bestemmelsene i § 4-20.

Sanksjonsperioden kan bare fastsettes på grunnlag av forhold som ikke ligger lenger tilbake i tid enn seks måneder. Seksmånedersfristen regnes fra det tidspunkt medlemmet ikke lenger har krav på lønn.

Medlemmet må stå tilmeldt Arbeids- og velferdsetaten og fylle vilkårene for rett til dagpenger i *sanksjonsperioden*.

Det skal ikke fastsettes *sanksjonsperiode* for medlem som har sagt opp sin stilling for å flytte med ektefelle eller samboer til nytt arbeidssted et annet sted i landet dersom vedkommende kan regnes som reell arbeidssøker etter § 4-5 andre ledd.

§ 4-15 tredje ledd skal lyde:

Uker da medlemmet har fått fastsatt *sanksjonsperiode etter § 4-10*, eller tidsbegrenset bortfall av *dagpenger etter § 4-20*, likestilles med uker med stønad i forhold til bestemmelsene i denne paragraf. Dersom forholdet inntreffer så sent i en stønadsperiode at *sanksjonsperioden* eller det tidsbegrensede bortfallet av dagpenger ikke kan avvikles innen utløpet av stønadsperioden, overføres de gjenstående ukene til en eventuell ny stønadsperiode dersom denne påbegynnes innen 52 uker.

§ 4-16 første ledd første punktum skal lyde:

En løpende stønadsperiode som er avbrutt i inntil 52 uker, gjenopptas uten ny prøving av kravet til minsteinntekt etter § 4-4, uten ny *egenandel* etter § 4-9, og uten at dagpengegrunnlaget etter § 4-11 fastsettes på nytt.

§ 4-20 femte ledd skal lyde:

For at det skal kunne fastsettes tidsbegrenset bortfall av dagpenger etter tredje ledd bokstav b eller etter fjerde ledd bokstav b eller c, må det som følge av de tidligere forholdene ha *blitt fattet* vedtak om tidsbegrenset bortfall av dagpenger etter denne paragraf eller vedtak om *sanksjonsperiode* etter § 4-10.

§ 4-21 nytt andre ledd skal lyde:

Det kan fattes vedtak om stans når medlemmet ikke lenger fyller vilkårene for retten til dagpenger etter dette kapittelet og retten dermed faller bort. Departementet kan gi forskrift om stans av dagpenger, blant annet om fra hvilket tidspunkt dagpengene kan stanses etter at retten til ytelsen er bortfalt.

§ 4-23 skal lyde:

§ 4-23 *Bortfall på grunn av alder*

Retten til dagpenger faller bort ved utgangen av den måneden medlemmet fyller 67 år.

§ 4-26 første ledd bokstav a skal lyde:

- a. pensjon fra en offentlig tjenstepensjonsordning som ikke er utformet etter prinsippene om nøytralt og fleksibelt uttak, som tidligpensjon fra stillinger med lavere aldersgrense enn den alminnelige, og alderspensjon eller tidsbegrenset avtalefestet pensjon mellom fylte 65 og 67 år,

§ 8-49 første ledd første punktum skal lyde:

Til et medlem som mottar dagpenger under arbeidsløshet, ytes det sykepenger etter bestemmelsene i kapitlet her fra og med den dag medlemmet blir arbeidsufør.

§ 11-4 første ledd skal lyde:

Det er et vilkår for rett til arbeidsavklaringspenger at medlemmet har fylt 18 år. Retten til arbeidsavklaringspenger opphører ved utgangen av den måneden medlemmet fyller 67 år.

§ 11-13 første ledd skal lyde:

Det kan gis arbeidsavklaringspenger i inntil seks måneder til et medlem som ikke har opparbeidet seg ny rett til sykepenger etter kapittel 8. Medlemmet skal oppfylle vilkårene i § 11-5, men det stilles likevel ikke krav til varigheten av den nedsatte arbeidsevnen. Vilkårene i § 11-6 gjelder ikke. Ett av følgende vilkår skal i tillegg være oppfylt:

- Medlemmet har tidligere mottatt arbeidsavklaringspenger og har blitt arbeidsufør som følge av en annen sykdom innen seks måneder etter at arbeidsavklaringspengene opphørte.
- Medlemmet har tidligere mottatt arbeidsavklaringspenger og har blitt arbeidsufør som følge av samme sykdom innen ett år etter at arbeidsavklaringspengene opphørte.
- Medlemmet har tidligere mottatt sykepenger etter kapittel 8 i til sammen 248, 250 eller 260 sykepengedager i løpet av de tre siste årene, se § 8-12, og har igjen blitt arbeidsufør på

grunn av sykdom eller skade mens han eller hun er i arbeid.

- Medlemmet har tidligere mottatt sykepenger etter kapittel 8 i til sammen 248, 250 eller 260 sykepengedager i løpet av de tre siste årene, se § 8-12, og er fortsatt arbeidsufør på grunn av sykdom eller skade.
- Medlemmet har mottatt arbeidsavklaringspenger og deretter foreldrepenger og har blitt arbeidsufør på grunn av sykdom eller skade, se § 8-2 andre ledd, innen seks måneder etter foreldrepengene opphørte.

§ 11-16 blir oppheva.

§ 11-18 første ledd skal lyde:

Det kan gis arbeidsavklaringspenger i inntil åtte måneder når medlemmet skal vurderes for uføretrygd.

§ 12-15 tredje ledd første punktum skal lyde:

Når et barn blir forsørget av flere som mottar uføretrygd, ytes tillegget til den som har rett til høyest tillegg.

§ 13-2 andre ledd niende, tiende og nytt ellefte strekpunkt skal lyde:

- barnpensjon står i § 18-10
- alderspensjon står i § 19-20
- ny alderspensjon står i § 20-10 fjerde ledd og 20-7 a niende ledd.

§ 13-11 første ledd første punktum skal lyde:

Medlemmer som deltar i arbeidsrettede tiltak, kurs eller lignende i regi av Arbeids- og velferds-etaten, i kvalifiseringsprogram i kommunal regi, eller i program i henhold til integreringsloven, er yrkesskadedekket.

§ 19-3 tredje ledd andre punktum blir oppheva.

§ 19-8 sjette ledd bokstav b skal lyde:

- Personer som forsørger ektefelle over 60 år, og fyller vilkårene i § 3-24 første og fjerde ledd slik bestemmelsene lød før 1. januar 2025.

§ 19-9 a overskrifta skal lyde:

Overgang fra uføretrygd til alderspensjon for personer født i perioden 1944 til 1962

§ 19-9 a første ledd skal lyde:

Personer som er født i perioden 1944 til 1962, og som mottok uføretrygd ved fylte 67 år, får et tillegg til alderspensjonen. Tillegget til personer som er født i perioden 1944 til 1953, skal skjermes ved-

kommende for 0,25 prosentpoeng av virkningen av levealdersjusteringen etter § 19-6. *Prosentsetningen i tillegget for årskullene 1954 til 1962 settes lik setningen til 1953-kullet.*

§ 20-4 tredje ledd skal lyde:

Pensjonsopptjeningen for et kalenderår oppreguleres med lønnsvekst og tilføres pensjonsbeholdningen ved utløpet av året fastsettingen av formues- og *inntektsskatt* for det aktuelle året er ferdig.

§ 22-16 andre ledd bokstav a blir oppheva.

Noverande § 22-16 andre ledd bokstav b til e blir bokstav a til d.

VI

I lov 10. desember 2004 nr. 76 om arbeidsmarkedstjenester skal disse endringane gjerast:

§ 13 nytt fjerde ledd skal lyde:

Departementet kan gi forskrift om ytelser til deltakere i forsøk med arbeidsmarkedstiltak.

§ 22 første ledd skal lyde:

Ved krav om feilutbetalte ytelser gjelder folketrygdloven §§ 22-15 og 22-17 a tilsvarende.

VII

I lov 10. juni 2005 nr. 51 om norsk statsborgerskap skal disse endringane gjerast:

§ 2 første ledd skal lyde:

Loven gjennomføres av Kongen, departementet, Utlendingsnemnda, Utlendingsdirektoratet, politiet, *Syselmesteren på Svalbard* og norske utenriksstasjoner.

§ 7 tredje ledd første punktum skal lyde:

Opphold med tillatelser som ville vært gitt med minst ett års varighet, men som ble gitt med kortere varighet, jf. utlendingsloven § 60 første ledd tredje punktum, skal medregnes ved beregning av oppholdstid, jf. § 7 første ledd bokstav e, §§ 10, 11, 12, 15, 16, 16 a, 17 og 18 i loven her.

§ 29 b første ledd bokstav j skal lyde:

j. *Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse.*

VIII

I lov 12. februar 2010 nr. 4 om pensjonsordning for oppdragstaker i statlig beredskapshjem eller spesialisert fosterhjem skal disse endringane gjerast:

Tittelen på lova skal lyde:

Lov om pensjonsordning for oppdragstaker i beredskapshjem eller spesialisert fosterhjem

§ 1 første ledd skal lyde:

Loven gjelder for oppdragstaker i beredskapshjem eller spesialisert fosterhjem som har inngått oppdragskontrakt med staten *eller Oslo kommune* som oppdragsgiver.

IX

I lov 19. februar 2010 nr. 5 om statstilskott til arbeidstakere som tar ut avtalefestet pensjon i privat sektor skal § 7 første ledd fjerde punktum lyde:

For arbeidstakere født i 1963 eller senere fastsetter Arbeids- og velferdsdirektoratet forholdstall ut fra prinsippene som følger av folketrygdloven § 19-7.

Noverande § 7 første ledd fjerde punktum blir nytt femte punktum.

X

I lov 25. juni 2010 nr. 28 om avtalefestet pensjon for medlemmer i Statens pensjonskasse skal disse endringane gjerast:

§ 3 første ledd bokstav b fjerde punktum blir oppheva.

Noverande § 3 første ledd bokstav b femte punktum blir fjerde punktum.

§ 4 første ledd femte punktum skal lyde:

Ved første reguleringstidspunkt etter pensjonsuttak i månedene juni til april reguleres pensjonen, unntatt *AFP-tillegg*, med en faktor som består av lønnsvekst og av gjennomsnittlig lønns- og prisvekst, vektet ut fra når i denne perioden pensjonen ble tatt ut.

§ 7 første ledd tredje punktum skal lyde:

Andre ledd i paragrafen her gjelder også arbeidstakere født i 1963 eller senere som har vært omfattet av andre *avtaler* enn den statlige som gir rett til offentlig avtalefestet pensjon.

§ 8 første ledd bokstav a første punktum skal lyde: Vedkommende har vært arbeidstaker i minst 7 av de siste 9 årene hos en arbeidsgiver med tariffavtale hvor staten er part eller tilsvarende *avtale* om avtalefestet pensjon.

§ 9 første ledd bokstav a første punktum skal lyde: Vedkommende har de siste tre årene før uttakstidspunktet sammenhengende vært ansatt og reell arbeidstaker hos en arbeidsgiver med tariffavtale hvor staten er part eller med tilsvarende *avtale* om avtalefestet pensjon.

§ 13 tredje ledd skal lyde:

Statens pensjonskasse kan uten hinder av taushetsplikt innhente nødvendige lønnsopplysninger som er gitt etter skatteforvaltningsloven § 7-2 og opplysninger om pensjongivende inntekt fra skattemyndighetene til bruk i arbeidet med avtalefestet pensjon etter denne loven.

Noverande tredje til femte ledd blir fjerde til nytt sjetzte ledd.

§ 13 nytt sjuande ledd skal lyde:

Statens pensjonskasse kan inngå avtale med andre pensjonsleverandører om fordeling av kostnader for avtalefestet pensjon. Avtalen må godkjennes av departementet.

XI

I lov 24. november 2023 nr. 83 om endringer i lov om Statens pensjonskasse og enkelte andre lover skal disse endringane gjerast:

Under del II om endringer i lov om pensjonsordning for apotekvirksomhet skal § 1 første ledd lyde:

Pensjonsordning for apotekvirksomhet mv. omfatter, med de unntakene som følger av denne

loven, apotekere og arbeidstakere *ansatt* ved apotek. *Arbeidstakere født i 1964 eller tidligere som er ansatt i en eller flere stillinger ved apotek der samlet arbeidstid er mindre enn 20 prosent av full stilling, og som samtidig er alderspensjonist etter loven her, er unntatt fra medlemskap.*

Under del III om endringer i lov om pensjonsordning for sykepleiere skal § 3 første ledd lyde:

Unntatt fra medlemskap er *sykepleier* som gjør tjeneste på pensjonistvilkår. Departementet kan gi forskrift med utfyllende bestemmelser om tjeneste på pensjonistvilkår. *Sykepleier født i 1964 eller tidligere som er ansatt i en eller flere stillinger omfattet av pensjonsordningen der samlet arbeidstid er mindre enn 20 prosent av full stilling, og som samtidig er alderspensjonist etter loven her, er også unntatt fra medlemskap.*

XII

1. Lova tek til å gjelde straks. Del X får verknad frå 1. oktober 2024, med unntak av endringane i §§ 3 og 4 som gjeld frå 1. januar 2025.
2. Del I, II, III og IV gjeld frå den tida Kongen fastset.
3. Under del V gjeld opphevinga av overskrifta «V. Forsørgingstillegg» i kapittel 3 og endringane i §§ 3-3, 3-24, 3-25, 3-26, 4-5, 4-9, 4-10, 4-15, 4-16, 4-20, 4-21, 4-23, 4-26, 12-15, 19-3, 19-8, 19-9 a og 22-16 frå 1. januar 2025.
4. Del VIII gjeld frå 1. juli 2025.